



# Økonomiplan 2018-2021

ME LØFTER I LAG





# Innhald

Rigger for nye tider .....	4
Kva er viktig framover? .....	5
Framtidsløftet og digitalisering .....	6
Samfunnsutvikling .....	10
Utviklingstrekk.....	10
Nærbø sentrum - «Sambrukshuset» .....	12
Utbyggingsplan Stokkalandsmarka .....	16
Samfunnstryggleik og beredskap .....	17
Klima, miljø og energi .....	17
Folkehelse .....	18
Rammevilkår.....	19
Økonomiske oversikter .....	21
Drift.....	21
Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer.....	24
Investering .....	25
Omtale av sektorane .....	29
Sentraladministrasjonen .....	29
Opplæring og kultur .....	40
Helse- og sosialsaker.....	66
Tekniske saker og næring.....	90
Kyrkjer og andre trussamfunn .....	120
Ymse .....	121
Obligatoriske oversikter .....	127

## Vedlegg

- A: Prisar og gebyr
- B: Kommunale handlingsplanar opplæring og kultur
- C: Budsjettforslag frå kyrkja

*Fotografia er tekne av:*

*Monika Larsen- framside*

*Anne Lise Norheim - side 2,9, 20, 28, 39, 55, 89 og 119*

*MADArkitekter - side 13 og 16*

# Rigger for nye tider

*Hovudmålet for Hå kommune er at «Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå». I 2017 har vi hatt ei positiv utvikling i arbeidsløysa og godt sal av tomter til næringsformål. Samstundes har folkeveksten flata ut. Arbeidet med å gjere kommunen meir attraktiv har derfor stort fokus kommande periode. Vi har hatt eit historisk høgt investeringsnivå på skular og barnehagar. Vi har sett i gang Framtidsløftet for å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Ein viktig del av dette er digitalisering – om korleis nye, digitale løysingar gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane. Kommunane opplever større forventningar frå innbyggjarane og fleire krav frå styresmaktene, utan at dei økonomiske rammene aukar tilsvarande. Åra som kommer blir meir krevjande. Rådmannen legg fram ein økonomiplan med meir sambruk og med fokus på korleis me kan rigge oss for nye tider. For å få til dette må Me løfte i lag!*

Innovasjon og nytenking er viktig for å få til å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Vi har starta eit nytt kull leiarutvikling. Vi har meir fokus på at heile organisasjonen og dei hovudtillitsvalte er involvert når det gjeld korleis vi skal forenkle, fornye og forbetre organisasjonen og dermed tilpasse oss framtida sine utfordringar. I budsjettet for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 bygger rådmannen vidare på gjenbruk og sambruk innanfor helse, skule, barnehage og kultur.

Viktige grep vi gjør i dette budsjettet er:

- Det er 75 færre ungar i barnehagane frå hausten 2017. Derfor foreslår rådmannen å legge ned Askeladden barnehage – og å skyve bygging av ny barnehage på Brusand til slutten av økonomiplanperioden. Ungane i Askeladden barnehage foreslår vi å flytte over til tre andre barnehagar som har ledig kapasitet. Sidan ny barnehage skal byggast på ei anna tomt foreslår vi å selje tomta til Askeladden barnehage.  
**Dette blei ikkje vedtatt av kommunestyret og drifta i Askeladden barnehage held fram.**
- Rådmannen har følgd opp vedtaket i kommuneplanutvalet sak 08/17 om å utarbeide strategiar for å styrke detaljhandel og publikumsretta handels-, kontor- og serviceverksemdar i Nærbø sentrum ved å sjå dette i samanheng med andre formål som kultur, service og tenesteyting. Fleire av helsefunksjonane er i dag lokalisert i svært dålege kommunale bygg, som Jadarvegen 25. Basert på arealbehova til helsefunksjonane og sentrum sitt attraktivitet- og aktivitetsbehov foreslår rådmannen å bygge et nytt «sambrukshus» med helse- og kulturfunksjonar på torget. Det er lagt opp til parkering under bakken, publikumsretta funksjonar innanfor kultur i første etasje og helsefunksjonar i andre og tredje etasje. Rådmannen forslår å selje bibliotektomta, kulturtorgtomta ved Nye Loen og Jadarvegen 25-27.
- Styrke utviklinga i Stokkalandsmarka ved å foreslå meir aktiv marknadsføring og gjennomføre moglegheitsstudie for Stokkalandsmarka sentrum i 2018.
- Dette skuleåret har det vore ei elevtalsauke på om lag 50 elevar. Rådmannen har lagt inn eit forslag om ein opptrappingsplan på 3,5 lærarstillingar i året. Då vil det i 2018 være like mange lærarar som i 2016, men om lag 100 fleire elevar.

- Satse meir på digitalisering med chromebook til alle skoleelevar, samarbeid med fleire kommunar om velferdsteknologi, samarbeid med fleire kommunar og med KS om digitalisering i kommunal sektor.

**Dette dokumentet er oppdatert med dei endringane som blei vedteke i kommunestyret sitt møte 14. desember 2017 (sak 097/17). Vedtaket er tatt inn i slutten av dette kapitlet.**

## *Kva er viktig framover?*

Veksten i folketalet har flata ut i 2017. Arbeidsløysa er redusert, men salet av bustadtomter har ikkje tatt seg opp. Skatteinngangen i 2017 har vore lågare enn forventa og ut frå statsbudsjettet ser vi, som i førre plan, at auken i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) ikkje samsvarer med auka krav til tenesteproduksjon og forventingar frå myndigheiter og innbyggjarar.

Investeringsnivået i planperioden er redusert for å ta omsyn til lågare vekst. Det er gjort ei streng prioritering for å kunne levere lovpålagte kommunaltekniske tenester, sikre mot flaumskadar og gje tilfredsstillande arbeidsforhold for tilsette og brukara. I meir usikre tider er det er spesielt viktig å halde på den økonomiske handlefridomen slik det er bestemt i kommuneplanen. Arbeidet med økonomiplanen for 2018-2021 har vært ekstra krevjande på grunn av fleire brukarar med spesielle behov i dei store tenesteområda. Dette har gitt vesentlege budsjettreguleringar gjennom året som må vidareførast i økonomiplanperioden. For å betre rammevilkåra innanfor skuleområdet er styrking av talet på lærarar og ei stilling innanfor PPT prioritert.

Dei innsparingar og effektiviseringar som blei vedtatt ved behandlinga av budsjettet i desember 2016 er realisert og vidareført som vedtatt. Driftsresultatet er sett opp i underkant av måлтаlet i kommuneplanen på 1,5 prosent av driftsinntektene. I forhold til regulert budsjett for 2017 aukar driftsinntektene med 1,1 prosent til 1,394 milliard kroner. Driftskostnadane aukar med 1,2 prosent til 1,397 milliard kroner. Avskrivningar aukar også slik at budsjettert netto driftsresultat er på 15,7 millionar kroner. Dette er 1,12 prosent av driftsinntektene. Framover ser vi at utgiftene aukar meir enn inntektene. For å levere eit budsjett i balanse er det derfor lagt inn krav til innsparingar på 34,1 millionar kroner i 2019. Dette aukar til 54,8 millionar kroner i 2021 dersom innsparingane i 2019 ikkje blir realisert.

I økonomiplanperioden 2018 – 2021 er det lagt inn 694 millionar kroner i løyvingar på igangsette og nye investeringar, mot 863 millionar kroner i økonomiplanperioden 2017 – 2020. Planlagde investeringar i perioden 2018-2021 er redusert med 13 millionar kroner. Dei store vedtekne investeringane er ny barnehage på Vigrestad, tilbygg på Varhaug skule, to nye etasjar på Hå sjukeheim og ferdigstilling av denne fasen av utbygginga i Stokkalandsmarka. Det er foreslått å sette av midlar til det foreslåtte sambrukshuset i Nærbø sentrum i 2020 og 2021, i tillegg til planleggingsmidlar i 2018 og 2019.

Dei budsjetterte inntektene frå sal av tomter til bustadbygging er redusert i perioden og dei utsette inntektene må mellombels finansieras med auka låneopptak. På grunn av nedbetaling på lån og utsett låneopptak vil det høgste nivået på lånegjeld per innbyggjar bli kr. 66.050 per innbyggjar i 2018.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, spesielt når det gjeld skatteinntekter, stønadar/refusjonar og tomtosal. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at vi vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover. God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

## *Framtidsløftet og digitalisering*

Arbeidet med å fornye, forenkle og forbetre korleis vi arbeider i Hå kommune er samla under overskrifta Framtidsløftet. Det er sett i gang arbeid i alle tenesteområder og i sentraladministrasjonen. Dette gjev gode resultat – der er identifisert over 100 tiltak så langt! Dei hovudtillitsvalde er viktige bidragsytarar i dette arbeidet.

Eit eksempel på effektivisering at vi går gjennom alle skjema og digitaliserer dei slik at det blir meir effektivt både for innbyggjarane og for saksbehandlarane i kommunen. Sentraladministrasjonen har sett i gang prosjekt som vil forenkle arbeidet i samband med tilsettingar og vi innfører elektroniske personalmeldingar.

I tenesteområdet for opplæring og kultur er hovudfokus på auka læringsutbytte gjennom digitalisering. Det vil bli kjøpt inn Chromebook til alle elevar. Prisen på Chromebook-maskinane er lågare enn for ein PC, og mesteparten av programvaren er gratis. I og med at maskinane ikkje har harddisk, er dei raskt klare til bruk når elevane slår dei på, noko som er viktig for å få til effektiv og god læring.

Omfanget av tenester frå kommunen innanfor tenesteområdet for helse og sosial aukar meir enn inntektene til kommunen. Fleire tenester blir lovpålagte og det pågår ei flytting av tenester frå stat/fylkeskommune til kommune. Det er satt i gang eit arbeid innan området psykisk utviklingshemma. Dette området aukar mest og vi er nøydt til å sjå om vi kan få til meir samskaping i tenestetilbodet. I tillegg er det identifisert over 30 prosjekter i heile tenesteområdet. Eitt av dei går ut på å betre det tverrfaglige samarbeidet i eit fellesprosjekt med opplæring og kultur. Eit anna døme er eit IA prosjekt på sjukeheimane i kommunen og i heimetenesten på Nærbø..

I tenesteområdet for tekniske saker og næring er det fokus på digitalisering generelt og spesielt etter at Hå kommune blei medlem av Greater Stavanger. I løpet av 2017 blei alle plan- og byggesaker tilgjengelege på nett, og innbyggjarane kan enkelt hente ut dokument tilknytt ei einskild sak i fullformat, utan å be om innsyn. Det er nå lettare for innbyggjarane å hente ut dokument tilknytt ei sak. Dei nye løysingane har også sjekklister, saksgang og milepælar som aukar tryggleiken for at rett saksbehandlingsrutine blir følgt.

### **Velferdsteknologi Hå kommune**

Hå kommune har bytta 250 alarmer til digitale tryggingssalarmer. Dette er naudsynt for å kunne nytta dei ulike typane velferdsteknologi. Hå kommune deltar i Velferdsteknologi-programmet saman med kommunane Lund, Eigersund, Sokndal, Bjerkreim, Gjesdal, Hå, Time, Klepp, Sola, Sandnes og Randaberg. Hå kommune har forplikta seg til å implementere to av dei tilrådde teknologiane i det nasjonale programmet for velferdsteknologi: digitalt tilsyn

og elektronisk medisineringsstøtte innan sommaren 2019. I dette prosjektet jobbar vi med ei felles anskaffing av velferdsteknologi.

Vi har sett saman ei arbeidsgruppe som skal kartlegga behov for velferdsteknologi i kommunen. Dette arbeidet pågår hausten 2017 og fram mot felles anskaffing våren 2018. Vi startar arbeidet med kompetansebygging ute i tenesta ved å rulle ut programmet «Velferdsteknologiens ABC» frå KS. Vi får drahjelp av Stavanger Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjeneste (USHT).

## *Vedtak i kommunestyret sak 097/17*

### *— 14. desember 2017*

1. Forslag til økonomiplan 2018 - 2021 jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2018-2021», blir godkjent med desse merknadene:  
(sjå tabell neste side)
2. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for kommunen sitt budsjettarbeid og anna planleggingsverksemd, jf. § 44 i kommunelova.
3. Forslag til årsbudsjett 2018, drift- og investeringsbudsjett, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2018-2021», blir godkjent med dei merknadene som følger av punkt 1.
4. I samsvar med kommunelova er det vedtekne budsjettet for 2018 bindande for kommuneforvaltninga. Utval, styrer, råd og administrasjon må bruka løyvingane i budsjettet i samsvar med kommunestyret sine intensjonar og vedtak, jf. kommunen sitt reglement for delegasjon med omsyn til budsjett. Rådmannen kan gjera nødvendige tekniske justeringar i budsjettet.
5. Kommunen nyttar til ein kvar tid den maksimalsatsen for inntektsskatteøyren som staten fastsett for kommunane, likeeins andre maksimalsatsar fastsett for kommunale teneste
6. Avgifter, gebyr, priser og tilskott 2018 blir fastsett som omtalt i vedlegg A «Prisar og gebyr» med følgande merknad:  
Jf KS-sak 069/17, punkt 4 er utgiftene rekna til kr. 1.000,- per vigsel.
7. Opptak av lån til investeringar i 2018, i alt 131,5 mill kr jf. Investeringsbudsjettet, blir godkjent. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånegjevarar, fastsetja tidspunkt for opptak av låna og godkjenne rente- og avdragsvilkår innanfor ei maksimal avdragstid på 25 år. Rådmannen får vidare fullmakt til å ta opp lån til vidare utlån (Start-lån) i Husbanken innanfor ei ramme på 10,0 mill kr.
8. For vedtekne investeringsprosjekt som ikkje er fullførte pr. 31.12.2018 kan unyttta løyvingar bli overførte til 2019 (innanfor dei krava føresegnene set for slike overføringar). Rådmannen får derfor fullmakt til å setja av til fond eventuelle ubrukte driftsmidlar til investeringsprosjekt pr. 31.12.2018.
9. Revidert handlingsprogram for kommunedelplan for anlegg og områder for idrett og friluftsliv og Trafikktryggleiksplanen blir godkjent, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2018-2021» og vedlegg B, «Kommunal handlingsplan for opplæring og kultur».

GODKJENTE ENDRINGAR				
DRIFT	2018	2019	2020	2021
3 nye lærerårsverk	1 050	2 100	2 100	2 100
Vidare drift Askeladden	370	900	900	900
vedlikehold gamle bygg/kontaktutvalet	100	100	100	100
Tryggheim	150	150	150	150
<b>AUKA UTGIFTER</b>	<b>1 670</b>	<b>3 250</b>	<b>3 250</b>	<b>3 250</b>
Halvt års utsetting stilling frivillighet	-150			
Mindre auke skuleskyss	-300	-300	-300	-300
Effekt av framtidsløftet	-600	-1 000	-1 000	-1 000
redusert lønnsreserve	-500	-500	-500	-500
Bidrag vindparken		-3 000	-3 000	-3 000
<b>REDUSERTE UTGIFTER/AUKA INNTEKTER</b>	<b>-1 550</b>	<b>-4 800</b>	<b>-4 800</b>	<b>-4 800</b>
<b>DRIFT SUM</b>	<b>120</b>	<b>-1 550</b>	<b>-1 550</b>	<b>-1 550</b>
Sum endringer drift (pluss er økning i kostnad)	120	-1 550	-1 550	-1 550
FORESLÅTTE ENDRINGAR				
INVESTERING	2018	2019	2020	2021
Veg Fuglestad - Stokkalandsvog	2 000			
Planlegging avlastningsbustad	1 000			
<b>SUM</b>	<b>3 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
MVA	-600	-	-	-
<b>Netto - låneendring (minus er reduksjon)</b>	<b>2 400</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
totalt renter & avdrag (pluss er økning)	83	136	145	145
endring driftsres i %				
Samla endring driftsresultat i KNOK	203	-1 414	-1 405	-1 405
endring driftsres i % av drift og investering	<b>-0,01 %</b>	<b>0,10 %</b>	<b>0,10 %</b>	<b>0,10 %</b>





# Samfunnsutvikling

## Utviklingstrekk

### Folkemengd og befolkningsendringar

#### Lågare vekst

Folketalet i Hå nådde 18 800 ved årsskiftet 2016-2017 etter ein auke i 2016 på 209 personar. Dette svara til 1,1 prosent vekst. Veksten er vesentleg lågare enn dei føregåande åra.

Fram til 2015 opplevde Hå ei svært høg folkevekst, og kommunen runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Frå 1. januar 2011 til 31. desember 2014 auka folketalet med 1 706 personar.

Folkeauken svara til om lag 2,4 prosent eller gjennomsnittleg 427 personar i året.

Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot.

Veksten dei siste to åra har vore vesentleg lågare. Den låge veksten skuldast hovudsakleg negativ eller låg nettoinnflytting. Sjølv om 2016 viste ein auke frå 2015, viser utviklinga hittil i år (andre kvartal) ein negativ vekst.

Tabell 1. Folkemengd og befolkningsendringar

	2012	2013	2014	2015	2016	2017(K2)
Folketalet 1. januar	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591	18 800
Fødde	284	284	286	261	281	151
Døde	96	115	112	98	98	61
Fødselsoverskot	188	169	174	163	183	90
Innvandring	324	294	294	225	365	131
Utvandring	62	80	87	112	173	66
Innflytting, innalandsk	695	832	781	661	568	230
Utflytting, innalandsk	754	737	750	869	740	403
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	203	309	238	-95	20	-108
Folkevekst	391	480	413	63	209	-18
Folketalet ved utgangen av året	17 635	18 115	18 528	18 591	18 800	18 782
Folkevekst i %	2,3	2,7	2,3	0,3	1,1	-0,1

# Framskriving av folketal


## Framskriving av folketal (målstyrt)

Det vil vere fleire usikre faktorar når ein skal prøve å framskrive folketalet. Statistisk sentralbyrå har utvikla ein metode for dette, der ein kan ta ulike føresetnader om utviklinga. Hovudalternativet, også kalla mellomalternativet, er kalla MMMM, det vil seie eit middeltal for fødselar, eit middeltal for levealder, eit middeltal for innanlands mobilitet og eit middeltal for innvandring.

SSB sine modellar for framskriving av folkemengd blir omstrukturert kvart anna år, neste gong i juni 2018. Kommunen vil gå gjennom føresetnadane knytt til fruktbarheit, levealder, innanlands mobilitet og innvandring i samband med revidering av ulike sektorplanar som barnehagebruksplan og skulebruksplan.

Sist år blei det gjort ei alternativ framskriving basert på lågare bustadbygging og lågare folkevekst. Denne viser at der er ganske stor forskjell i folketalet fram i tid. Demografi og kor i kommunen folk bur er viktig for planlegging av kor kommunale funksjonar, skular og barnehagar skal byggast.

### Utvikling i folketal og, framskriving, ulike anslag på befolkningsvekst



# Nærbø sentrum - «Sambrukshuset»

## Politisk forankring

Kommunestyret (KS) vedtok 15. september 2016 i sak 052/16 Planprogram for Nærbø sentrum. Kommuneplanutvalet (KPU) vedtok den 21. mars 2017 i sak 02/17 følgjande visjon: «Nærbø sentrum – Trygt, trivelig og tilgjengelig». KPU vedtok den 5. september 2017 i sak 07/17 å legge forslag til ny sentrumsavgrensing med tilhøyrande sentrumssoner og busetnadsstruktur til grunn for det vidare arbeidet med kommunedelplan for Nærbø sentrum. Forslaget inneheldt ein stor del kommunalt eigd areal som opnar for å få til ein betre og samanhengande struktur, samtidig som forslaget integrerer kjøpesentra og jernbanestasjonen i sentrum. I KPU den 5. september 2017 sak 08/17 blei saka om «handel, næring og anna tenesteyting» vedtatt. Kommuneplanutvalet bad rådmannen om å utarbeide strategiar for å styrke detaljhandel og publikumsretta handels-, kontor- og serviceverksemdar i Nærbø sentrum ved å sjå dette i samheng med andre formål som kultur, service og tenesteyting. I det siste vedtakspunktet blei rådmannen beden om å vurdere om nye kommunale funksjonar og/eller relokalisering av eksisterande funksjonar skal plasserast i Nærbø sentrum.

## Rigger for nye tider

Rådmannen har, basert på vedtak i KPU, sett på **sambruk** av kommunale funksjonar i sentrum av Nærbø. I KS-sak 102/16 om «nytt legesenter, funksjonar og samlokalisering på Nærbø» og KS-sak 071/17 «Prosess om bruk av Heimtun» er behov for nye lokalar til helsefunksjonar omtala. I arbeidet med sentrumsplanen har det vore etterlyst auka aktivitet i sentrum. Rådmannen ser det derfor som aktuelt å legge fram et forslag som **rigger for nye tider** i Nærbø sentrum.

Fleire av helsefunksjonane er i dag lokalisert i svært dårlege kommunale bygg, som Jadarvegen 25. I tillegg er det fleire helsefunksjonar på Hå helsesenter som bør få større og meir hensiktsmessige lokalar, i tillegg til at bruk av Heimtun er under utgreiing. Når det gjelder kulturfunksjonar er det satt av midlar til å ruste opp kulturtorget ved Nye Loen. Det viser seg at dette bygget treng meir vedlikehald enn først antatt – og rådmannen ønskjer å sette denne renoveringa på vent. Bibliotekbygget er nylig renoverert for 4 mill kroner. Til tross for det – og i eit større perspektiv - er biblioteket ein sentral funksjon i eit moderne digitalt sentrum. Ser vi til Sølvberget i Stavanger er biblioteket den sentrale møteplassen for mange i sentrum. På studieturen med kommuneplanutvalet i 2016, fekk vi sjå korleis Brumunddal har plassert kommunale funksjonar i sentrum for å auke attraktiviteten til sentrum og med det lagt til rette for gode møteplassar for innbyggjarane i sentrum.

Rådmannen har tatt utgangspunkt i arkitektfirmaet MAD sine skisser for sentrum som blei presentert for kommuneplanutvalet, gjesteboda og innbyggjarane på Nærbødagane i juni 2017. Rådmannen har sett ned ei breitt samansett administrativ gruppe for å sjå på behov og moglegheiter på tvers i organisasjonen. Denne gruppa har skissert utforming og bruk av tomt.



## Behov

Basert på helse sine arealbehov og sentrum sitt attraktivitet- og aktivitetsbehov foreslår rådmannen å bygge et nytt «sambrukshus» med helse- og kulturfunksjonar på torget. Det er lagt opp til publikumsretta funksjonar innanfor kultur i første etasje, helsefunksjonar i andre og tredje etasje og parkering under bakken. Som ein arbeidstittel har rådmannen valt å kalle det kommunale sentrumsbygget med helse- og kulturfunksjonar for «sambrukshuset». På sikt bør dette bygget få eit meir hensiktsmessig namn. Nedanfor er det satt opp ei enkel kalkyle med romplan for dei ulike funksjonane:

## Helsefunksjonar

For å halde investeringskostnaden for helsefunksjonane nede, er det foreslått at funksjonane i Jadarvegen 5, det gamle kommunehuset på Nærbø, ikkje får nye lokale i denne omgangen. NAV investerer nå i Jadarvegen 3 og forlenger sin leigeavtale der. Heimtun er foreslått som eit senter for heimebuande eldre og frivillige etter at sjukeheimsdelen flytter til Hå sjukeheim. Det er enno ikkje avklart om avlastningsbustad for barn kan flytte inn i 2. etasje på Heimtun eller om det skal byggast nytt for desse. Avlastningsbustad for barn er ikkje anbefalt inn i et nytt sambrukshus i sentrum. Rådmannen legg fram ei eiga sak i november/desember som ei oppfølging av vedtaket om utredning av Heimtun i KS-sak 71/17.

Da står vi igjen med nokre funksjonar som vil trenge plass i eit nytt sambrukshus. Dette er funksjonar som har meirverdi og synergjar ved å være lokalisert i nærleiken av kvarandre – og som naturleg kan ligge sentralt plassert på torget. Det er behov for eit nytt legesenter. Rådmannen ønskjer å flytte helsestasjonen og tannlegane ut av Hå Helsesenter på grunn av plassproblemer. Fleire funksjonar, som f.eks. barnevernet og fysio-/ergoterapiavdelinga på Hå Helsesenter står klare til å overta dei lokala som blir ledige. Familiesenteret og

helsestasjon for ungdom held til i Jadarvegen 25 og treng nye lokalar. Nedanfor er det lista opp kva for helsefunksjonar som kan være i «sambrukshuset».

Helsefunksjonar til sambrukshus på torget	M <sup>2</sup> BRA
Nytt legesenter Nærbø	600
Helsestasjon inkl. helsestasjon for ungdom	400
Utleige til tannlegesenter	700
Familiesenteret	300
SUM	2 000

## Kulturfunksjonar

Kulturskulen og fritidsavdelinga har tilhald i Kulturtorget på Nærbø. Det er løyvd midlar til rehabilitering av bygget, men det er avdekkta større manglar, både når det gjeld bruksløyve og teknisk stand. Hå folkebibliotek har i mange år hatt eit høgt utlån og aktivitetsnivå. Etter at biblioteket blei rehabilitert, har det nye samlingsrommet «Litlaståvå» vore flittig brukt til føredrag og framsyningar.

Ved å samlokalisere kulturskule, fritidsavdeling og bibliotek sentralt i Nærbø sentrum, vil det vere mogleg å få til ein sambruk av lokala. Det vil være ein møtestad for heile kommunen, med kafè, fellesareal og scene. Nedanfor er kulturfunksjonane i «Ssambrukshuset».


Kulturfunksjonar til sambrukshus	M <sup>2</sup> BRA
Kontorplasser Kulturskule – Fritid – Bibliotek	160
Fellesrom/kafè	600
Bibliotek	570
Aktivitetsrom fritid	150
Scener	440
Undervisningsrom /folkeverkstad	130
Undervisningsrom musikk	150
SUM	2 200

Total areal sambrukshus	M <sup>2</sup> BRA	Millionar kroner	
		Kostnad	MVA ref.
Helsefunksjonar	2 000	96	19
Kulturfunksjonar	2 200	94	19
Parkeringsareal / Tekniske areal	2 000	52	10
Utendørsareal		27	5
Delsum		269	
Inntekter frå sal av kommunale bygg/tomter		20	
<b>NETTO KOSTNADAR</b>	<b>6 200</b>	<b>249</b>	<b>53</b>

Rådmannen har kalkulert «sambrukshuset» til et behovsareal på 6 200 m<sup>2</sup>. Kostnadsestimatet er stipulert ut frå Norsk Prisbok til ca. 250 mill kroner. Sal av tomter er da trekt frå på ca. 20 mill kroner.

Rådmannen har vurdert moglegheita for leilegheiter på toppen av sambrukshuset. Dette vil redusere totalkostnadene for sambrukshuset noe, som følgje av salsinntekter.

Nedanfor er det lagt ei skisse på korleis dette kan plasseras på torget.



Nærbø er i regionalplan for Jæren definert som eit lokalsenter. Her skal det i kombinerte bustad- og næringsområder vera eit % BRA (bruksareal) på mellom 70 og 120 %. Fleire av dei nye prosjekta/planane i sentrum har isolert sett ei mykje høgare utnytting enn det regionalplanen set krav om. I gjeldande reguleringsplan (plan 1017 Nærbø sentrum nord) er maks høgde sett til kote +53 i dette området. Føresegnene seier at det i byggeområda skal vera eit gjennomsnitt på seks bustadar per dekar. Høgde og utnytting i sentrumsområdet er nå under vurdering i kommunedelplanen. Det kan vera naturleg å sjå føre seg 4-5 etasjar i dette området. Lågast i sør og høgast i nord opp mot Coop-tomta. Rådmannen ønskjer å kome tilbake til dette når føringane for ny sentrumsplan er klarlagt.



## Rådmannen sitt forslag

- Etablere eit «sambrukshus» på torget med 3 etasjar og parkering under bakken.
- Selje «bibliotektomt». Nytt bibliotek i 1. etasje i «sambrukshuset»
- Selje kulturorgtomta ved nye Loen. Kulturfunksjonane blir flytta til 1. etasje i «sambrukshuset»
- Selje Jadarvegen 25 – 27. Desse helsefunksjonane kan plasseras i 2 og 3 etasje i «sambrukshuset»: Nytt legesenter på Nærbø, helsestasjon inkludert helsestasjon for ungdom, familiesenteret og utleige til tannlegesenter.

## Utbyggingsplan Stokkalandsmarka

I Planstrategi 2016-2019 er ein Utbyggingsplan for bustad- og næringsareala i kommunen prioritert utarbeidd i inneverande kommuneplanperiode. I KS-sak 89/16 blei plan for utbygging av bustad- og næringsareala i Stokkalandsmarka lagt fram til behandling og vedteken av kommunestyret. Planen tar for seg den vidare utviklinga og utbygginga av Stokkalandsmarka dei neste 10 åra. Etter kvart vil utbyggingsplanen bli utvida til også å omfatte dei andre tettstadane og utbyggingsområda i kommunen. Plandokumentet er tenkt som ei konkretisering av kommuneplanens målsetjingar og arealplanar og som eit viktig grunnlagsdokument for dei fireårige økonomiplanane og årsbudsjetta. Sal av bustadtomter har vore lågt og rådmannen ser det naudsynt å auke marknadsføringsaktivitetane. Det er inngått avtale med Garpcity om marknadsføring av Stokkalandsmarka. Rådmannen foreslår å sette av 250.000 årleg til marknadsføring.

I tillegg foreslår rådmannen å sette av kr 500.000 til ein mogleighetstudie i Stokkalandsmarka om framtidig plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar.



# Samfunnstryggleik og beredskap

Det blei gjennomført tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 17. april 2015. Tilsynet avdekket fire avvik. Avvik 1 og 2 som gjaldt manglande heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, blei lukka av kommunestyret 30. mars 2017 i sak 012/17 «Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Hå kommune 2017». Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen blei lagt til grunn for kommunen sitt vidare arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Avvik 3 og 4 som gjaldt manglande beredskapsplan og system for opplæring blei lukka av kommunestyret 14. september 2017 i sak 055/17 «Overordna beredskapsplan for Hå kommune». Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er eit godt reisepunkt for å etablera og forenkla ei overordna risikoforståing for Hå kommune. Den overordna beredskapsplanen vil bidra til å utvikla eit tryggare og meir robust lokalsamfunn gjennom ei systematisk vurdering av risiko og sårbarheit.

## Klima, miljø og energi

Kommunestyret godkjente planprogrammet for klima- og energiplanen 14. september 2017 i sak 056/17. Planprogrammet held fram at arbeidet med klima- og energiplanen blir utført av kommunen sine eigne fagfolk for å gi kompetanse og forankring av planen. Planarbeidet vil resultere i at konkrete tiltak blir foreslått i planen sin handlingsdel. Det er viktig å få fram at tiltak som krev kommunale løyvingar vil måtte innarbeidast i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett for å kunne gjennomførast. Intensjonen i planprogrammet er at det årleg, som del av økonomiplanarbeidet, blir laga eit enkelt klima- og energibudsjett der kommunen er tydeleg på kva tiltak som blir foreslått og korleis desse vil bidra til å oppfylle kommunen sine målsetjingar med omsyn til klima og energi.

Eit aktivt og mangfaldig landbruk gjer at over 60 prosent av klimagassutsleppa i Hå kommune kjem frå landbruket. Planprogrammet er lagt opp med sikte på å dekke krava i den statlege planretningslina om å formulere framtidsretta og ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Det går fram av planprogrammet at mål om utsleppsreduksjon vil bli formulert under omsyn til at Hå kommune er ein av landets største landbruks- og husdyrskommunar. Ein viktig føresetnad for planarbeidet er eit tett samarbeid med både næringsliv og landbruksorganisasjonane i Hå. Det blir lagt opp til ein brei og open medverknadsprosess. Medverknad er tenkt på fleire plan; formell høyringsrunde, klimanettverk, møter med landbrukets og næringslivets organisasjonar og folkemøte.

Forslag til ny klima- og energiplan for Hå kommune er planlagt ferdig våren 2018.

# Folkehelse

Folkehelsearbeid er eit langsiktig arbeid som det kan vere vanskeleg å måle effekten av. Det er derfor viktig at folkehelsearbeidet blir synleggjort i plansamanheng. Folkehelsearbeid er ei sektorovergripande oppgåve som ikkje kan leggjast til eit enkelt tenesteområde. Kommunen skal arbeide systematisk og tverrsektorielt med å utjamne sosial skilnad i helse og redusere utanforskap.

Folkehelseforumet i Hå har ansvaret for å samle opplysningar om folkehelsa i Hå og innstille til rådmannen si leiargruppe (RML) kva for indikatorar ein bør følgje opp. På bakgrunn av resultatata for folkehelseindikatorane i 2016 vedtok RML å satse på følgjande indikatorar:

- Trivsel i 10. klasse
- Leseferdigheiter i 5. klasse
- Fysisk aktivitet.

RML vil på nyåret evaluere utviklinga på desse indikatorane og vurdere om dei bør bytast ut med andre indikatorar.

Når indikatorar er valt vil dette være ei retningslinje til prioritering av aktivitetar ute i organisasjonen.

# Rammevilkår

Regionen vår er fortsatt prega av nedgangen i oljesektoren. Arbeidsløysa i Hå er fortsatt høg, men viser ei betring og har vore under 2,5 prosent sidan februar 2017. Skatteinngangen til Hå er om lag som i 2016, men på grunn av auka skatteinngang i landet vil Hå få meir inntektsutjamning. Det er ikkje anslått tilsvarande auke i 2018.

Dei viktigaste føresetnadane for drifta i kommunen blir gitt gjennom statsbudsjettet. Dette blei lagt fram 12. oktober. I dette budsjettet har regjeringa lagt dei fleste føringane inn i rammetilskottet, men ikkje som øyremerka midlar.

Samansettinga av befolkninga i kommunen er avgjerande for kor stort rammetilskottet blir og endringar frå eit år til det neste. Dei ulike sektorane har ulik vekt og saman med ei rekkje kriterier blir kvar kommune sin del av dei totale løyvingane rekna ut. Folkeveksten har flata ut og Hå får ikkje lenger veksttilskott. Dette var 4 mill kr i 2017.

Dei viktigste endringane i statsbudsjettet for 2018 er

- Regjeringa har i statsbudsjettet lagt til grunn innføring av auka pedagognorm og ny bemanningsnorm i barnehagane frå hausten 2018. Dette er tatt inn i rammetilskottet, men er ikkje fullt ut kompensert.
- Auka foreldrebetaling i barnehagane og auka kontantstøtte gjev reduksjon i rammetilskottet.
- Auke i elevtalet i private skular gjev også reduksjon i rammetilskottet
- Auka eigendel for refusjon til ressurskrevande brukarar gjer at kommunen sine netto utgifter for desse aukar meir enn løns- og prisvekst..

Rådmannen legg som tidlegare år til grunn prognosemodellen frå KS for anslag på skatt og rammetilskott i 2018.

## *Kommuneplanen sine økonomimålsettingar*

Kommuneplanen 2014-2028 har følgjande mål og strategiar for arbeidet med økonomiplanen:

### Målsetjing:

- Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Ein skal ikkje ha periodar med overforbruk og la etterkomarane måtte vinne igjen handlefridomen.

### Strategiar:

- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.
- Driftsoverskot som sikrar tilstrekkelege midlar til nyanlegg og avsetningar. Netto driftsresultat bør ikkje vere lågare enn 1,5 prosent av driftsinntektene.
- Ubundne fondsmidlar som sikrar handlefridom og som tener som reservekapital.
- Låneopptak innanfor forsvarlege rammer
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter på kommunale tenester. Ein skal likevel ta omsyn til om einskilde har svak evne til å betale. Opererer kommunen i ein marknad, kan marknadsorienterte prisar vurderast.
- Ressursbruk som er mest mogleg effektiv.



# Økonomiske oversikter

Økonomiplanen er basert på føresetnader i gjeldende kommuneplan, tidlegare økonomiplanar, årsrapporten, tertialrapportar, politiske vedtak gjennom året og forventa endring i folketallet.

Statsbudsjettet gir styringssignal som blir lagt til grunn for pris- og lønnsvekst og forventa utvikling i skatteinntekter og rammetilskott. I tillegg kjem signal om nye reformer både i statsbudsjettet og i kommuneposisjonen.

Økonomiplanen blir lagt fram i faste 2018-prisar. **Tabellane er justert etter kommunestyret sitt vedtak 14. desember 2017.**

## Drift

Tabell – netto driftsresultat

Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021	
Driftsinntekter	-432,7	-368,7	-401,4	-396,4	-391,6	-389,6	-395,4	
Skattar	-468,0	-483,0	-469,0	-496,5	-501,5	-506,5	-511,5	
Rammetilskott m.v.	-453,3	-456,2	-476,0	-474,1	-478,8	-483,6	-488,5	
Vertskommunetilskott	-36,1	-34,8	-31,7	-27,1	-22,1	-17,1	-12,1	
Sum driftsinntekter	-1 390,2	-1 342,6	-1 378,1	-1 394,0	-1 394,0	-1 396,8	-1 407,5	
Driftsutgifter	1 327,0	1 319,4	1 387,5	1 396,6	1 422,3	1 427,6	1 441,8	
Nødvendige reduksjonar i utgifter	-	-	-	-	-34,1	-40,3	-54,8	
Driftsresultat	-63,2	-23,3	9,4	3,1	-5,8	-9,4	-20,3	
Renteutgifter	20,7	28,5	24,0	22,7	24,9	27,0	29,9	
Renteinntekter/utbytte	-35,0	-33,6	-33,3	-33,6	-35,4	-36,2	-37,1	
Avdrag, netto	49,6	64,6	103,1	68,1	75,0	76,9	80,5	
Netto finanstransaksjoner	35,3	59,4	93,8	57,2	64,6	67,7	73,4	
Motpost avskrivninger	-53,4	-53,4	-67,6	-75,5	-75,5	-75,5	-75,5	
Netto driftsresultat	-81,3	-17,2	35,5	-15,7	-16,7	-17,3	-22,5	
Netto fondsendring	9,7	-6,3	-65,2	-7,8	-7,1	-6,7	-1,7	
Til investeringar	27,0	23,5	29,7	23,5	23,8	24,0	24,3	
Meir/mindre forbruk (overskudd)	-44,6	0	0	0	0	0	0	
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	5,85 %	1,28 %	-2,58 %	1,12 %	1,20 %	1,24 %	1,60 %	

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

## *Inntekts- og utgiftsføresetnader*

### Skatteinntekter og rammetilskott

Dei frie inntektene er summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringar. Bruken av midla er ikkje retta inn mot bestemte utgiftsformål. Rådmannen har som tidlegare år brukt berekningar frå KS sin prognosemodell. Denne baserer seg på forventa løns-, pris- og folkevekst og føringar frå statsbudsjettet med omsyn til nye og reduserte løyvingar. Samla auke frå økonomiplanen 2017-2020 er 2,2 prosent for 2018 som er mindre enn løns- og prisveksten.

Der kan komme endringar i rammetilskottet som følgje av Stortinget si handsaming av budsjettet. Om naudsynt, vil rådmannen foreslå budsjettjustering ved behandling av 1. tertialrapport i 2018 eller i eiga sak.

**Stortinget sitt budsjettvedtak gav til saman 0,6 mill kroner ekstra til Hå. Desse inntektene er innarbeidd i budsjettet for 2018 og i økonomiplanperioden.**

### Andre inntekter

I denne posten inngår brukarbetalingar, sal av tenester, tomter og gebyr. Ulike tilskott og refusjonar er inkludert her. Det er gjort endringar i måten vertskommunetilskottet blir rekna slik at nedtrappinga går fortare enn det vi la til grunn i førre økonomiplan. Effekten er omlag 5,3 mill kroner i 2018-budsjettet.

Brukarbetalingar aukar i snitt med prisveksten, men talet på brukarar har òg betydning for forventa inntekter samla sett. Refusjonar og tilskott vil ofte ha direkte samband med utgifter vi har.

Ei fullstendig oversikt over alle gebyr og eigenbetalingar er lagt ved i eit eige vedlegg.

### Finans

Budsjettet er basert på eit rentenivå på 1,45 prosent i 2018. Dette stiger til 2,28 prosent i 2021.

Om lag 250 mill er plassert i ulike bankar. Hå kommune har ingen plasseringar i aksjar eller obligasjonar der vi ikkje er ein aktiv eigar, men frå juli 2017 har vi plassert 10 mill kroner i eit pengefond. Ein del av midla er ubundne.

Frå 2015 blir låneopptak betalt ned over 25 år. Per 1. september 2017 er 44,4 prosent av låna til ulike faste rente, resten er til flytande renter.

Det er lagt til grunn utbytte frå Lyse i tråd med deira prognose. Det er forutsett at utbyttet frå Jæren Everk aukar frå fire til seks millionar kroner per år.

### Løns- og prisutvikling

Årslønnsveksten frå lønnsoppgjera i 2017 er tatt inn i budsjettet. Statsbudsjettet legg opp til ein løns- og prisvekst på 2,6 prosent.

## Pensjonskostnader

Pensjonspremien er usikker og vi ser variasjonar år for år. Vi har brukt budsjetta frå KLP og SPK – dette er innarbeidd dette i lønskostnadane i alle sektorane. KLP sine prognosar (der vi har størst del av pensjonskostnadane) er om lag som for 2017.

## Utryggleik

Det er knytt betydeleg utryggleik til fleire av postane i budsjettet. Dersom inntekter, driftsutgifter eller prosjektframdrift ikkje blir som forventa, kan det gi store utslag på resultat og nøkkeltal. Nokre døme på dette er:

- 1 prosent lågare skatteinngang betyr 5 mill kroner mindre i inntekt eller ein reduksjon på 0,35 prosentpoeng på driftsresultatet.
- Seinare sal av tomter til industri og bustader enn føreset vil gi lågare salsinntekter og trong for å auke låneopptaket eller skyva prosjekter ut i tid. Dette kan gi auka finanskostnader som igjen påverkar driftsresultatet negativt. På bakgrunn av utviklinga i 2017 er desse føresetnadene om sal av bustadtomter redusert i forhold til økonomiplanen 2017-2020 til denne økonomiplanen. Også investeringsnivået er justert ned. Rådmannen foreslår at eventuelle meirinntekter frå tomtosal leggst til tomtefondet for bruk til andre tomteutviklingsprosjekt.
- Høgare renter gjer høgare finanskostnader. Dersom den flytande renta på lån aukar med 0,2 prosentpoeng i 2018 vil det bety ca. ein million kroner i auka rentebetaling.

## Årsverk

Over 70 prosent av kostnadane er knytt til løn. Dei fleste av kommunen sine tilsette møter innbyggjarane kvar dag. Samla oversikt over årsverk i kvart tenesteområde:

Tabell – årsverk

Årsverk	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Administrasjon	4,0	36,6	36,6	38,8	38,8	38,8	38,8
Opplæring og kultur	677,0	674,8	677,8	674,0	677,5	681,0	684,5
Helse og sosial	494,0	528,9	536,9	540,5	564,7	564,7	564,7
Teknisk og næring	57,0	58,9	58,9	58,2	57,2	57,2	57,2
SUM	1 232,0	1 299,3	1 310,2	1 311,5	1 338,2	1 341,7	1 345,2

\*) med godkjente endringar

# Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer

Den kommunale tenesteproduksjonen er organisert i tre tenesteområde. Tabellen viser netto ressursfordeling (rammer for drift) for tenesteområda og for administrasjonen. I denne tabellen er politisk sekretariat og kyrkje/trussamfunn tatt inn saman med administrasjonen. Endring frå opphavleg budsjett i 2017 skuldast løns- og prisvekst og vedtak gjort i løpet av 2017. Sidan forventa auke i samla inntekter ikkje dekker denne auken er ressursbruken foreslått redusert eller prioritert om innanfor dei aller fleste områder. Netto auke er beskjeden og lågare enn pris- og lønsvekst. Detaljert omtale av dette fins i kvart tenesteområde-kapittel.

## Driftsbudsjett per tenesteområde – tabellar

Millionar kroner	R 2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Administrasjon & kyrkje/trossamfunn	62,4	62,1	63,2	60,3	62,3	61,5	62,3
Opplæring og kultur	459,9	472,6	488,2	500,2	506,3	509,4	511,8
Helse og sosialsaker	335,5	382,2	385,0	396,4	415,1	419,9	419,9
Tekniske saker og næring m/fond	36,7	34,6	38,4	44,3	42,9	40,5	38,0
Netto driftsrammer	894,5	951,5	974,9	1 001,1	1 026,2	1 031,3	1 032,6

For å balansere budsjettet i åra 2019-2021 er det lagt inn en føresetnad om at rammene vil bli redusert med 3,3 prosent, 35,1 mill kroner i 2019. Dette aukar til 55,8 mill kroner i 2021. Dette vil bli fordelt på tenesteområda med 10% kvar på sentraladministrasjonen og tenesteområdet for tekniske saker og næring og 40% kvar på tenesteområda for helse- og sosialsaker og opplæring og kultur.

Den reduksjonen i driftsutgifter på vakante stillingar og i administrasjonen som blei vedteke i kommunestyret si handsaming av budsjettet for 2017 er vidareført.

**Kommunestyret sitt vedtak om effekt av framtidsløftet er tatt inn på kommune-nivå. Effekten av tiltak i tenesteområda/stabane vil bli synleggjort etter kvart som tiltaka er identifisert og den økonomiske effekten rekna ut.**



# Investering

Nivået på investeringar er redusert også i denne planperioden. I økonomiplanperioden 2018-2021 er det lagt inn 691 millionar kroner. I førre økonomiplanperiode 2017 – 2020 var det lagt inn 892 millionar kroner.

Tabellane viser investeringar per tenesteområde og korleis investeringane blir finansiert.

## Investering per tenesteområde er

Investering 1000 kroner	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Administrasjon, kyrkje	20 876	21 976	20 066	20 685	16 732	16 732
Sambrukshus Nærbø		-	1 000	1 000	15 000	50 000
Opplæring og kultur	148 710	148 710	36 700	37 050	64 800	29 200
Helse og sosial	54 220	44 720	72 245	11 900	7 200	7 200
Tekniske saker og næring	140 700	124 800	82 893	55 990	71 500	76 300
<b>SUM</b>	<b>364 506</b>	<b>340 206</b>	<b>212 904</b>	<b>126 625</b>	<b>175 232</b>	<b>179 432</b>

\*) Avvik frå førre plan skuldast at prosjekt som er gjort ferdig er tatt ut av oversikten, i tillegg til godkjente endringar i løpet av 2017.

## Finansiering av investeringane

Finansiering 1000 NOK	2017	2018	2019	2020	2021
Bruk av fond/salsinntekter	20 000	26 500	22 009	37 000	37 000
Tilskott	9 650	2 050	66 004	2 050	2 050
MVA kompensasjon	52 141	29 322	15 077	23 696	23 526
Overført frå drift Lyse/Jæren Everk/Jæren Energi	23 500	19 750	19 750	19 750	19 750
Avdrag Lyse	3 785	3 785	3 785	3 785	3 785
Lån	255 429	131 497	-	88 951	93 321
<b>SUM finansiering</b>	<b>364 506</b>	<b>212 904</b>	<b>126 625</b>	<b>175 232</b>	<b>179 432</b>

På grunn av sviktande salsinntekter er bruk av fond/salsinntekter redusert med 55 mill kr i perioden 2018-2020 (dei åra som er i begge økonomiplanar). Investeringane er foreslått redusert med 15 mill kr, slik at låneopptaket ikkje aukar like mykje. Forventa lånegjeld ved utgangen av 2021 er 1,23 milliard kroner. Dette er same nivå som i siste året i førre plan. Det høgaste nivået på lån og lån per innbyggjar er i 2018 med total lånegjeld på ca. 1,28 milliard kroner og 66.050 kroner per innbyggjar i lån. Dersom salsinntektene blir som budsjettet i 2018 og 2019 er det foreslått å sette det som ikkje trengs til tomteutvikling av på tomtefondet til seinare bruk.

Eigenkapitaltilskott til KLP er finansiert ved bruk av driftsmidlar. Dette har tidlegare ikkje vore med i budsjettet og er årsaken til at overføring frå drift er redusert i åra 2018 – 2021 i forhold til tidlegare økonomiplan.

## Lånegjeld per innbyggjar

pr. 31.12	2017	2018	2019	2020	2021
Lån pr. innbyggjar:	59 800	66 050	61 200	60 800	60 400
førre plan	66 200	64 100	61 700	60 300	-

I rådmannen sitt forslag til økonomiplan er dei store prosjekta innanfor tenesteområde for opplæring og kultur ny barnehage på Vigrestad og tilbygg på Varhaug skule. Rådmannen foreslår å skyve planlagt barnehage på Brusand ut til slutten av planperioden. Opplæring og kultur har ansvar for 24 prosent av dei totale investeringane. Totale investeringar er som i gjeldande plan.

Innanfor tenesteområde for helse og sosialsaker er det bygginga av to nye etasjar på Hå sjukeheim som er den største investeringa. Dette arbeidet er i gang og Helse og sosial sin del av investeringane i økonomiplanperioden er 14 prosent.

Det er foreslått å sette 67 millionar kroner til det foreslåtte sambrukshuset i Nærbø sentrum. Dette er om lag 10% av dei totale investeringane. Det er ikkje lagt inn inntekter frå sal av tomter i denne perioden, desse vil ikkje komme før prosjektet er ferdig.

Når det gjeld tenesteområdet for tekniske saker og næring er forslaget til investeringar i perioden 2018-2020 på nivå med gjeldande plan, med auke i 2018 og reduksjon i 2020. Dette tenesteområdet for 41 prosent av dei totale investeringane i planperioden. Utbygginga av denne fasen i Stokkalandsmarka vil bli ferdig i 2018 og det er grunnen til at totalsummen går så mye ned. Ei oversikt over alle investeringane er vist på neste side.

## Investering detaljar

Investering 1000 kroner	2017 *)	2018	2019	2020	2021
IT	9 538	8 366	7 372	10 232	10 232
Adm bygg Jærmuseet	5 000	5 000	-	-	-
ENØK	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Diverse eigedom	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
Den norske kyrkja	938	200	6 813	-	-
Administrasjon, kyrkje, Jærmuseet	21 976	20 066	20 685	16 732	16 732
Sambrukshus Nærbø	-	1 000	1 000	15 000	50 000
Barnehage Vigrestad	43 000	5 750	-	-	-
Barnehage Brusand	-	2 000	-	21 000	21 000
Stokkalandsmarka barnehage #2	-	-	-	1 000	-
Uteområde barnehage	600	600	600	600	-
Vedlikehaldsplan barnehage	2 000	-	-	-	-
Biler vaktmestre, bibliotek	910	-	-	-	-
Ogna skule -	86 000	18 500	-	-	-
Vedlikehaldsplan skule	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Inventar/uteområde skule	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Varhaug skule	2 000	-	30 000	33 000	-
Varhaug ungdomsskule	2 000	-	-	-	-
Vigrestad skule	3 000	3 000	-	-	-
Stokkalandsmarka skule	-	-	-	-	2 000
Hå Gamle Prestegard (HGP) + nye løa	200	200	200	3 200	200
Hå Gamle Prestegard, Obrestad fyr	-	650	250	-	-
Kulturvern	100	100	100	100	100
Vigrestad skule bibliotek inn i meieribygning	3 000	-	-	-	-
Opplæring og kultur	148 710	36 700	37 050	64 800	29 200
Påbygg Hå sjukeheim inkl. parkering	37 300	63 200	-	-	-
Kjøp av bustader/leilegheiter	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Bilar omsorgstenesta	400	575	200	200	200
Takheis Stampen, tak Klokkartunet, nødnett	2 020	170	-	-	-
Planlegging avlastningsbustad	-	1 000	-	-	-
Velferdsteknologi - 9 Jærkommunar	-	300	200	-	-
Ombygging Heimtun	-	-	4 500	-	-
Vedlikehaldsplan helse og sosial	-	2 000	2 000	2 000	2 000
Helse og sosialsaker	44 720	72 245	11 900	7 200	7 200
Lager, verksted, renovasjon	-	1 300	-	1 000	6 000
Kart og oppmåling	200	500	400	200	200
Kommunale vegar, trafiksikring, gatelys	11 500	8 500	10 500	13 000	9 000
Grønt, nærmiljøanlegg, parkar, friluftsliv	1 800	2 500	2 500	2 500	2 500
Utstyr + bil til brann	-	750	750	750	750
Vassverk	5 050	9 010	11 990	9 700	13 400
Kloakk/reinseanlegg/avløp	15 000	27 283	20 000	24 500	21 600
Bustadområde + marknadsføring	12 050	8 250	3 850	3 850	12 850
Stokkalandsmarka 438, 567, 730 (=143,5 mill)	77 200	20 800	-	-	-
Næringsområde	-	2 000	3 000	10 000	8 000
Sentrumsutvikling	2 000	2 000	3 000	6 000	2 000
Tekniske saker og næring	124 800	82 893	55 990	71 500	76 300
<b>TOTAL BRUTTO INVESTERING</b>	<b>340 206</b>	<b>212 904</b>	<b>126 625</b>	<b>175 232</b>	<b>179 432</b>



# Omtale av sektorane

## *Sentraladministrasjonen*

*Dette området omhandlar politisk sekretariat, administrasjon, økonomi, rekneskap, løn, innkjøp, servicetorg, dokumentsender, IKT, samfunnsanalyse og eigedomsforvaltning.*

### **Mål**

Målet er å ha administrative tenester av høg kvalitet til pris på nivå med nabokommunane (og godt under gjennomsnittet for landet).

### **Utfordringar i neste periode**

Også i administrasjonen gjeld det å effektivisera og bruke midlane klokt. I arbeidet med Framtidsløftet er det blitt identifisert mange små og store forbetnings- og effektiviseringstiltak. Det å gjennomføre alt dette vil gje gevinst på sikt. Mange av tiltaka går på betre samordning på tvers i organisasjonen. Døme på dette er felles annonsering, felles innkjøpsavtalar og gjennomgang og forbetring av tilsettingsprosessen.

- Personalmeldingar, tilsetting, LØFT
- Fortsette Klart språk i Hå – HÆ,
- Kommunikasjonsstrategi – intranett «Steinbukken»
- Fortsetje satsinga på leiarutvikling for å styrke kompetansen på endringsleiing

### **Endringar frå 2017**

Administrasjonen har gjort ein grundig gjennomgang av kostnadane som er ført på tenesten administrasjon i KOSTRA. Løysing av oppgåvene er organisert sentralt, men kostnadane blir belasta tenestene. Som eit resultat av dette blir til saman 5 mill kroner flytta frå driftsramma til sentraladministrasjonen og til områda (jf. kommunestyresak 066/17). Netto budsjettramme er derfor redusert i forhold til opphavleg budsjett for 2017.

Dei største endringane i driftsbudsjettet i forhold til førre økonomiplan er :

- Flytting av kostnadar til tenestene – til saman 5 mill. kroner
- Planlegging av Tall Ships i Sirevåg i 2018
- Kommunedag 2018 som vil bli finansiert ved avsette midlar frå (AMU).

# Ressursbruk

## Driftsbudsjett og årsverk

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneska p	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Sum driftsutgifter	59 819	64 281	60 380	62 204	63 358	62 554	63 308
Sum driftsinntekter	-11 090	-15 272	-5 454	-15 403	-14 503	-14 503	-14 503
Netto drift	48 729	49 009	54 926	46 801	48 855	48 051	48 805
Sum årsverk	45,3	46,1	48,1	48,3	48,3	48,3	48,3

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

I det følgjande er det knytt kommentarar til dei ulike ansvarsområda og tenestene som blir levert.

## Politisk sekretariat

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1000 Kommunestyre/Formannskap	4 364	4 436	4 409	4 524	4 524	4 524	4 524
1003 Andre utval og nemnder	1 209	1 340	1 340	1 440	1 440	1 440	1 440
1005 Val	332	669	669	30	709	30	669
1007 Partistøtte	182	182	182	184	184	184	184
1100 Revisjon/Kontrollutval	1 050	1 177	1 177	1 223	1 223	1 223	1 223
1209 Politisk sekretariat	1 565	1 378	1 389	1 090	1 090	1 090	1 090
Sum driftsutgifter	9 329	9 604	9 588	8 810	9 614	8 810	9 564
Sum driftsinntekter	-630	-422	-422	-319	-319	-319	-319
Netto drift	8 699	9 182	9 166	8 491	9 295	8 491	9 245
Sum årsverk	1,9	1,9	1,9	1,5	1,5	1,5	1,5

\*) med godkjente endringar pr.  
7.11.2017

## Kommunestyre og formannskap

Utgiftene gjeld løn til ordførar og varaordførar, og godtgjersle til folkevalde. Det er budsjettert med utgifter i samsvar med Reglement for løn og godtgjersle for folkevalde 2015- 2019.

Reglementet blei revidert og godkjent av kommunestyret i KS-sak 067/14.

## Andre utval og nemnder

Dette er godtgjersle til styre, råd og utval utanom kommunestyret og formannskap.

## Val

Det er utgifter til kommuneval i 2019 og stortingsval i 2021. Stortingsvala er normalt rimelegare enn kommunevala. Ved valet i 2017 var det for første gong elektronisk kryssing i manntalet.

## Partistøtte

Hå kommune gir stønad til kommunestyregruppene finansiert gjennom rammetilskottet frå staten. I tillegg har Hå kommune ein lokal stønad til kommunestyregruppene. Forslag til

løyving er sett opp for 2018 i samsvar med tidlegare praksis. Den delen av løyvinga som er finansiert av rammetilskottet, blir justert med deflator (2,6 prosent). Det lokale tilskottet på 90.000 kroner, blir vidareført som nå.

### Revisjon og kontrollutval

Teneste 1000 gjeld godtgjersele til kontrollutvalet og utgifter til kontrollutvalssekretariat og revisjon. Kontrollutvalet har gitt si tilråding til budsjett 2017, jf. Sak 26/17 i Kontrollutvalet 13.09.2017.

### Politisk sekretariat

Dette er utgifter til stillingane i politisk sekretariat. Eit halvt årsverk er flytta til økonomi-avdelinga for å styrkje innkjøpsfunksjonen. Ved tilsetjing av ny medarbeidar blei denne stillinga auka med 10 prosent og er nå ei full stilling.

## Sentraladministrasjonen

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1200 Administrativ leiging	2 951	2 951	3 177	3 477	3 477	3 477	3 477
1202 Personal/tiltak/lønn	10 887	10 887	10 696	10 348	11 248	11 248	11 248
1203 Økonomi/rekneskap	4 475	4 475	4 993	5 699	5 699	5 699	5 699
1205 IT-Fellesfunksjon	8 402	8 402	6 369	6 772	6 772	6 772	6 772
1206 Servicetorg	2 587	2 587	1 694	1 617	1 967	1 967	1 967
1207 Dokumentsenter	2 984	2 984	1 880	1 728	1 728	1 728	1 728
1905 IT-fellesfunksjonar	-	-	-	-	-	-	-
Sum driftsutgifter	39 625	42 088	38 074	39 936	40 286	40 286	40 286
Sum driftsinntekter	-5 874	-9 802	-	-10 295	-9 395	-9 395	-9 395
Netto drift	33 751	32 286	38 074	29 641	30 891	30 891	30 891
Sum årsverk	28,6	28,6	28,6	31,1	31,1	31,1	31,1

\*) med godkjente endringar pr. 7.11.2017

### Administrativ leiging

Budsjettet for 2018 er sett opp som for 2017 etter overføring av administrasjonskostnader til tenesteområda.

Planlegginga av nytt Tall Ships i Sirevåg er i gang. Fire seglskuter har allereie meldt at dei kommer til Sirevåg 24. juli 2018. Det er foreslått å sette av kr. 500 000 i 2018, og rådmannen arbeider aktivt med å skaffe sponsorar som kan bidra til finansieringa. Tiltaket vil bli flytta til kulturbudsjettet når omfanget er klart.

### Personaladministrasjon, -tiltak, AMU og tillitsvalde

Tenesta sitt hovudmål frå Kommuneplanen er å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft. Denne målsetjinga blir følgd opp med mellom anna ein formålstenleg personalpolitikk utarbeidd i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar, lønsforhandlingar, rekrutterings- og kompetansehevingsarbeid, HMS-arbeid og fokus på Inkluderande Arbeidsliv (IA) og med samlingar for leiarar og ei satsing på leiarutvikling.

Kostnadane på tenesta gjeld stillingar innan personal- og lønsarbeid, men òg felles utgifter til kompetanseutvikling, bedriftshelseteneste, gruppe- og ulykkesforsikring. Midlar til å styrke leiarutvikling blei løyvd i 2014. I 2018 finansierast leiarutvikling av fond og OU-midlar frå KS,

og løyvde midlar er teke ut. Tiltaket blei starta opp i 2015, og i 2017 – 2018 deltek eit nytt kull med 30 leiarar på programmet. Programmet er ein del av den heilskapelege organisasjonsutviklinga Hå kommune driv. Felles kursmidlar er sett opp i høve til prioriteringar i opplæringsplanen.

Utgifter til bedriftshelsetenesta er budsjettert uendra som i 2017.

Utgiftene til gruppe- og ulykkesforsikring blir avgjort etter årlege anbudsrundar. Utgiftene har dei siste 5 åra svinga mellom 2,1 og 2,4 mill kroner per år. I 2018 reknar ein med om lag 2,4 mill kroner i utgifter, uendra i forhold til budsjettet for 2017.

### *Økonomi/rekneskap/løn/innkjøp*

Budsjetta for 2018 er sett opp som for 2017, bortsett frå at kostnadane for eit halvt årsverk til å styrkje innkjøpsfunksjonen er flytta frå teneste 1209 til 1203. Dette er eit område med strenge formelle krav til openheit og lik handsaming av leverandørar. I 2017 kom nytt regelverk, og i 2018 skal eit nytt elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy innførast. Hå kommune har framleis mindre ressursar på dette feltet enn kommunar vi samanliknar oss med.

Kommunen har kjøpt «KF betre styring» som verktøy for å innføre heilskapleg verksemdsstyring basert på prinsippa for balansert målstyring. I 2017 har det vært arbeid med tilrettelegging og kvalitetssikring av data slik at full implementering av LØFT (som det vil heite i Hå) kan skje i 2018. Det vert også arbeid å få på plass ehandelsløyising og delen av elektroniske fakturaer er auka frå 56% til 71% i løpet av det siste året.

### *IT og IT-fellesutgifter*

Ein av strategiane i Kommuneplanen er å ha godt utbygde løysingar for dei som ønskjer å kommunisere elektronisk med kommunen.

Det er over 5000 PC-brukarar inkl. tilsette og elevar i skulane, som dagleg nyttar it-tenestar med ulikt tilgangsnivå avhengig av rolle, stilling og arbeidsoppgåver. I tillegg nyttar eit stort tal på personar kommunen sitt opne trådlause nettverk som er bygd ut i og rundt eit stort tal på kommunale bygg med over 500 sendarar. Dette nettet kan nyttast både med eigne PC-ar og smart-telefonar. Det er nå 3.600 PC/datamaskiner i bruk. I tillegg til å skifta ut eldre maskiner anskaffar vi Chromebooks til alle elevar og lærarar. I løpet av 2017/2018 vil vi anskaffe om lag 1.700 slike.

Systema våre blir nytta heile døgnet og krev robuste og stabile løysingar. Dette stiller store krav til drift, oppdateringar og vedlikehald av systema. Vi har stort fokus på å styrkje og tryggja datasentralane, nettverka og sentral infrastruktur mot driftsstans, øydeleggingar og åtak. Alle kommunale bygg er kopla saman i eit eige kommunikasjonsnettverk. Vi arbeider med å legge eigne fiberkablur ut til flest mogleg av bygga for å gi auka hastighet og meir stabile samband utan leigekostnad.

På teneste 1905 fører ein fellesutgifter som kommunikasjon, utbygging og drift av fellesutstyr og programvare. Fellesutgiftene blir fordelt på dei aktuelle tenestene. Budsjettet for 2018 er sett opp som for 2017 med nokre justeringar for nye system som vert sett i drift i 2017.



## *Servicetorg*

Eit viktig mål for Hå kommune er at vi skal bli kjenneteikna av god service til innbyggjarane. 2017 var det andre heile driftsåret for servicetorget. Her kan innbyggjarane få informasjon om kommunen og andre offentlege tenester, rettleiing i søknadsprosessar, og hjelp i saker som ikkje krev omfattande behandling.

Servicemedarbeidarane held til på rådhuset, men er òg tilgjengelege for innbyggjarane på telefon, e-post, sosiale medium og på kommunen sine internettsider. Ein stadig større del av førespurnadane til servicetorget skjer via Facebook og e-post. Digitale løysingar vil gjere innbyggjarane sine møte med kommunen enklare og betre, uavhengig av opningstid. Eit servicetorg avlastar dessutan saksbehandlarane sitt arbeid, ved at dei får færre direkte førespurnader frå publikum. Dette kan føre til ei raskare behandling av saker, og meir fornøgde innbyggjarar.

Servicetorget består av fem medarbeidarar (4,5 årsverk). I 2017 vart i tillegg stillinga som kommunikasjonsansvarleg flytta organisatorisk til denne eininga. Stillinga gjer mellom anna støtte til heile verksemda i digital kommunikasjon, mediehandtering, utvikling av digitale løysingar, utvikling av internettsidar, med meir.

Oppgåvene til servicetorget er publikumsretta. Her kan innbyggjarane kjøpa tomt i Stokkalandsmarka, dei kan få rettleiing i byggesaker, opplysningar om kart, leidningsnett, eigedom og reguleringsplanar. Servicetorget gir innsyn i offentlege dokument, handterer endringar i renovasjonsabonnement, lagar nabolister og meklarpakkar, og behandlar søknader om parkeringskort for forflyttingshemma, redusert barnehagebetaling, kontantstøtte og skjenkeløyve. I tillegg har servicetorget sentralbordet, og ansvaret for utleige av Lensmannsløa. På bakgrunn av dette blir kostnadane for 3,5 årsverk belasta tenesteområda.

## *Dokumentsenter*

Dokumentsenteret skal sørge for at Hå kommune sitt arkiv er i samsvar med gjeldande lovar og reglar, at arbeidsoppgåvene blir utførte på ein rasjonell og effektiv måte, og at det blir gitt nødvendig opplæring og rettleiing til saksbehandlarar og leiarar i kommunen.

Dokumentsenteret skal yte god service til forvaltning og publikum, og sikre at Hå for ettertida kan dokumentere sine vedtak og tiltak.

I 2018 vil dokumentsenteret fortsatt delta aktivt i arbeidet med digitalisering i kommunen, t.d. ved innføring av byggesaks- og plandialog, overgang til fullelektroniske arkiv, innføring av elektroniske skjema og ekspedering/mottak via digitale kanalar. Dokumentsenteret vil satsa aktivt på god opplæring og rettleiing i arkiv og dokumentforvaltning ved hjelp av tilpassa kursopplegg og handbøker. I tillegg vil det bli ordna og levert ca. 100-150 hyllemeter eldre arkiv til vårt depot IKA Rogaland.

Kostnadane er sett opp som tidlegare år. Utgiftene for 3,5 årsverk blir belasta tenesteområda.

## **Tillitsvalde og arbeidsmiljøutvalet (AMU)**

I høve til Hovudavtala er totalt 2,20 årsverk sett av til dei hovudtillitsvalde med frikjøp for arbeidstakarorganisasjonane i kommunen. I tillegg kjem ei 100 prosent stilling for tillitsvalde budsjettert i skule- og barnehage-sektoren.

Midla er avsett til velferds- og fellesarrangement, bedriftsidrett, fellestrim, lokale julearrangement, deltaking i Nordsjørittet og gratis inngang på Hå gamle prestegard. AMU disponerer midlane i eiga sak. Kommunedagen 2018 blir finansiert av midlar som AMU har sett av tidlegare.

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1806 Tillitsvalde	1 295	1 324	1 317	1 438	1 438	1 438	1 438
1807 AMU	268	954	811	954	954	954	954
1808 AFP/Seniorpolitiske tiltak	81	-	-	-	-	-	-
Sum driftsutgifter	1 687	2 363	2 213	2 477	2 477	2 477	2 477
Sum driftsinntekter	-43	-85	-84	-85	-85	-85	-85
Netto drift	1 644	2 278	2 129	2 392	2 392	2 392	2 392
Sum årsverk	2,1	2,1	2,1	2,2	2,2	2,2	2,2

\*) med godkjente endringar pr. 7.11.2017

## Skatt

Skatteoppkrevjarkontoret krev inn skattar og avgifter for Hå i storleik 2 milliardar kroner kvart år.

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	
1204 Skatt	1 837	1 922	1 954	1 954	1 954	1 954	
Netto drift	1 837	1 922	1 954	1 954	1 954	1 954	
Sum årsverk	9,7	9,5	9,5	9,5	9,5	9,5	

Vi har felles skatteoppkrevjarkontor for Hå, Klepp, Time og Gjesdal. Kontoret er lokalisert på Bryne, og det er inngått vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b der Time kommune er vertskommune. Kostnadane blir delt etter innbyggjartal i dei fire kommunane.

Jæren kemnerkontor budsjetterer med 9,5 årsverk i 2018, uendra frå 2017. Dette er ikkje del av stillingsramma til Hå kommune.

## Andre tenester

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1800 Tilfeldige utgifter/inntekter.	878	871	871	920	920	920	920
2423 Bevilling/skjenkekontroll	-3	-	-43	-43	-43	-43	-43
2652 Kommunale bustader	-339	-405	-426	77	77	77	77
2655 Kommunal eigedomsavd.	114	200	220	220	220	220	220
3200 Forretningsdrift	-896	-966	-930	-966	-966	-966	-966
3601 Friluftsområde	157	160	160	165	165	165	165
Sum driftsutgifter	4 089	4 052	4 031	4 445	4 445	4 445	4 445
Sum driftsinntekter	-4 289	-4 392	-4 356	-4 072	-4 072	-4 072	-4 072
Netto drift	-200	-340	-325	373	373	373	373

\*) med godkjente endringar pr. 7.11.2017

### Tilfeldige utgifter og inntekter

Kontingent til Kommunenes Sentralforbund (KS) på 800.000 kroner, Landssamanslutning for nynorsk-kommunar, Kommunalt Innkjøpsforum, Forening for Vindkraftkommunar og KS sitt eigeidomsskatteforum blir ført her.

### Kommunale bustader

Utleigebustadane blir nytta av kommunalt tilsette. Nokre av bustadene blir nytta til flyktningbustader. Leigesatsane er føresette å auke med 2,6 % i 2018.

### Forretningsdrift

Sirevåg Havn KF i Hå står for innkrevjing av avgifter og drift av hamna i Sirevåg. Kommunen står framleis som eigar av kaiinvesteringane frå før 01.01.2007. KF-et betalar leige til kommunen for kaiene. (I tillegg får kommuneekassen leigeinntekter av industriareal.) Inntektene har sin motsats i kommunale investeringar og finansutgifter for utbygginga. Det er budsjettert med ei overføring frå hamna til kommunen på 0,375 mill kroner i 2018, det same som 2017. 2,3 mill kroner er leigeinntekt frå Felleskjøpet i Sirevåg.

### Friluftsområde

Teneste 3601 gjeld årleg tilskott til Rogaland Arboret. Det vart i 2013 ein overeinskomst mellom kommunane om kontingentbeløp basert på innbyggjartal. Utgiftene i 2018 berekna til 165.000 kroner.

## Bygg/eigedomsforvaltning

Ansvar til eigedomsavdelinga er å forvalte og utvikle kommunen si eigedomsmasse og stå for vedlikehaldet av denne samt byggeiaroppgåver

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1208 Byggjeleing	1 136	1 242	1 251	1 254	1 254	1 254	1 254
1210 Forvaltningsutgifter eigedom	99	110	110	110	110	110	110
1300 Drift og vedlikehald av administrasjonslokale	1 811	81	-	-	-	-	-
1301 Drift og vedlikehald av adm. eigedomsavd.	690	2 329	2 557	2 531	2 531	2 531	2 531
1302 Vaktmester og reinhald adm.	1 183	-	56	55	55	55	55
Sum driftsutgifter	3 252	4 252	4 552	4 582	4 582	4 582	4 582
Sum driftsinntekter	-254	-571	-592	-632	-632	-632	-632
Netto drift	2 998	3 681	3 960	3 950	3 950	3 950	3 950
Sum årsverk	3,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0

\*) med godkjente endringar pr. 7.11.2017

I tillegg har eigedomsavdelinga ansvar for vaktmeistrar og reinhaldarar. Kostnadane til vaktmeistrar, reinhaldarar og vedlikehaldsmidlar er budsjetterte under kvart tenesteområde for å synleggjere total kostnad ved drift av kvart område. Eininga har frå 2017 også ansvar for drift av kantina ved Rådhuset. Tabellen syner omfanget av det som Eigedomsavdelinga har ansvar for. Tala inkluderer avskrivningar på 52,4 mill kroner. Totale avskrivningar er 75,5 mill kroner.

OVERSIKT BYGG/EIGEDOMSFORVALTNING	Budsjett 2017		Budsjett 2018	
	Årsverk	1000 kr	Årsverk	1000 kr
Sentraladministrasjonen	4,0	3 960	4,0	3 950
Helse og sosial	23,1	38 184	22,6	38 795
Opplæring og kultur	42,1	61 598	40,8	66 241
TOTAL	69,2	103 742	67,4	108 986

### *Vedlikehold kommunale bygg*

Eit område som ein ser det er behov for å styrke, er korleis skal ein disponere og utvikle kommunen sin bygningsmasse sett heile kommunen under eitt når aktiviteten aukar.

I samband med årets budsjett, legg rådmannen fram ei eiga sak om vedlikehold av kommunal bygningsmasse (jf. sak 06/16 i Kontrollutvalet). Den gir eit godt bilete på dagens situasjon og synar det totale vedlikeholdsetterlepet.

Kommunen nyttar i dag IK bygg som internkontrollsystem for bygg. Dette er eit digitalt system som involverer alle brukarnivå i bygga. Systemet inneheld moglegheiter som i dag ikkje nyttast fullt ut. Eigedomsavdelinga ønskjer å styrka både kompetansen og bruken av systemet i åra som kjem.

### *Forvaltingsutgifter*

Dette omfattar bare byggforsikringar. Nivået på kostnadane er som i 2017 etter råd frå forsikringsmeklar.

Kostnadane for bygg i tenesteområda for helse og sosial og opplæring og kultur er budsjetterte i dei respektive tenesteområda.

### *Drift og vedlikehold av administrasjonslokale*

Utgift til vedlikehold av Rådhuset er ført opp på same nivå som i 2017. Jf. omtale av Rådhuset under "Investeringar".

# Investeringar sentraladministrasjonen

## Investering sentraladministrasjon

1000 kroner	2017	2018	2019	2020	2021
Budsjett IT	8 324	8 438	6 766	10 072	10 232
ENØK	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Startlån finansutgifter	15 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Startlån finansinntekter	-15 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Adm bygg Jærmuseet		5 000	5 000		
Eigedomsavdelinga		2 500	2 500	2 500	2 500
Netto investering	12 324	19 938	18 266	16 572	16 732

Frå økonomiplan 2017-20 er det tatt inn ei årleg løyving på 2,5 mill kroner som skal dekke byggjeleing (2,8 årsverk) samt mindre uføresette prosjekt etter godkjenning av rådmannen. Eit døme på eit slikt prosjekt var sanering av bygg i Gudmestadvegen 22 i 2016.

### IT – investering

I samband med eKommune-satsinga vil stadig fleire tenester verta tilgjengelige for innbyggjarar og andre via internett. Slike løysingar krev investeringar og intern tilpassing av arbeidsprosessar. Samtidig vil eit aukande tal på interne brukarar føre til auka behov for lisensiert programvare og utstyr som må kjøpast. Nettverksutbygging krev også auka investeringar.

Alle IT-investeringane er budsjetterte under teneste 1205 IT-investering. Om lag 3 mill kroner kvart år gjeld felles utstyr og system, mens resterande om lag 5 mill kroner gjeld utstyr/programvare retta mot tenesteområda og stabar.

### Digitalisering

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i Statsbudsjettet sett av 125 millionar kroner til digitalisering fordelt over to år, forutsett at kommunal sektor bidrar med minst like mykje. KS har derfor invitert alle medlemmene sine til å delta med eit eingangsbeløp på 20 kroner per innbyggjar for kommunar og 5 kroner per innbyggjar for fylkeskommunar. Dersom alle kommunar og fylkeskommunar blir med, vil ordninga disponere ca. 250 millionar kroner.

Tildelinga frå KMD føreset at ordninga følgjer desse overordna prinsippa: Ordninga skal finansiere utvikling av felles digitaliseringsprosjekt i kommunal sektor, ordninga skal bli forvalta av KS, prosjekt som kvalifiserer til ordninga vil bli behandla og prioritert av KommIT-rådet og skal være til nytte for alle kommunar og/eller fylkeskommunar, utviklingskostnadane som ordninga finansierer skal tilbakebetalast når løysingane blir tatt i bruk, ordninga skal være sjølvfinansierande og bærekraftig etter sjølv etableringa, løysingar som er utvikla med finansiering frå ordninga kan berre takast i bruk av kommunar og fylkeskommunar som har bidratt med eit eingangsbeløp.

Rådmannen anbefaler at Hå deltek i denne digitaliseringsordninga og har funnet rom innanfor IT sitt investeringsbudsjett for Hå sin del av eingangsbeløpet på ca. kr 375.000,-.

## ENØK-tiltak

I Klima- og Energiplanen er det ei målsetting å oppnå minst ei innsparing på 10 % i energibruken i kommunale bygg. Arbeid med revidering av denne planen pågår.

Kommunen har inngått kontrakt med Niras AS om energimerking av kommunale bygningar over 1000 m<sup>2</sup>. Dette er ei lovpålagt oppgåve. I tillegg føretek Niras ei energikartlegging av utvalte formålsbygg. På bakgrunn av kartlegginga vil Niras utarbeide ein rapport som inneheld forslag til anbefalte lønsame tiltak. Arbeidet starta i august 2017 og til nå er det utarbeida foreløpige rapportar for dei største helsebygga i kommunen.

Rådmannen vil komma tilbake til kommunestyret med ei eiga sak om dette når arbeidet er avslutta og endelege rapportar er motekne.

For å finansiere ENØK-tiltaka er det som i gjeldande økonomiplan føresett at det minimum skal betalast ut 4 mill kroner per år frå Jæren Everk til kommunen.

### *Startlån*

Dette er lån kommunen tar opp i Husbanken for vidareformidling til bustadbyggjarar og bustadkjøparar. Vilkår for tildeling og nedbetaling er vedtatt av kommunestyret. Normalt blir startlån nedbetalt kvartalsvis over 18 år. Dei 3 første åra er avdragsfrie. Kommunen har størsteparten av risikoen ved desse låna. Rådmannen rår derfor til at det blir løyvt 10 mill kroner per år i denne økonomiplanperioden.

### *Jærmuseet*

Hå kommune ser det som viktig å få på plass eit magasin og administrasjonsbygg for den vidare utviklinga av Jærmuseet i Hå. I økonomiplanen for 2017-2020 blei det sett av 5 mill kroner i kvart av åra 2017 og 2018 som direkte bidrag til finansieringa av for administrasjonsbygget. I tillegg kan kommunen garantere for låneopptak slik at Jærmuseet kan finansiere resten på gunstige vilkår.



# Opplæring og kultur

Tenesteområde for opplæring og kultur har ansvar for barnehage, skule og kultur. Det er totalt 978 barn i dei kommunale barnehagane, 2547 elevar i den kommunale grunnskulen og 414 elevar i kulturskulen. Totalt var det 682 årsverk i tenesteområdet pr. 1. januar 2017. Hovudutfordringane i budsjettet for 2018 er at talet på barnehagebarn går ned med om lag 75 barn samstundes som det ligg føre forslag om nasjonal norm for bemanning, mens elevtalet i skulen aukar med om lag 50.

## Mål og strategiar

Kommunen skal gi eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gir rom for oppleving og utvikling i barnehage, skule og fritid. Barna/elevene skal oppleve barnehagen og skulen som ein naturleg og spennande del av det samla oppvekstmiljøet sitt, der læring og sosial utvikling står i fokus. I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gi barna ein god barndom. Det er eit hovudmål at alle barn/elevar i barnehage og skule i Hå opplever læring og meistring kvar dag.

Ved å legge til rette for eit rikt kulturliv kan kommunen dokumentere og formidle vår felles kulturarv, formidle kunnskap og oppleving og legge til rette for eigenaktivitet og ulike former for sosiale aktivitetar.

## Utfordringar i neste periode

Innan tenesteområdet er det to store byggeprosjekt som er i gang. Ogn skule skal etter planen være klar til bruk 1. januar 2018, mens Vigrestad barnehage skal starte opp 1. august same år. Begge prosjekta er i rute.

Prognosane i barnehagebruksplanen har vist at det mest sannsynleg vil bli nedgang i antal barnehagebarn. Nedgangen kom imidlertid raskare enn prognosane indikerte, noko som mellom anna kan skuldast auka satsar for nasjonal kontantstøtte, auka utflytting og den generelle arbeidsmarknadssituasjonen.

Talet på barnehagebarn minka med om lag 75 barn hausten 2017. Dette gjer at vi må senke aktivitetsnivået i barnehagane. Ei slik nedgang i antal barn gjer at vi må ned i talet på tilsette. Barnehagane har gjort grep etter at innsparingane i budsjett 2017 blei vedteke, og er no nede på vedteke bemanningsnivå frå hausten 2017.

Nedgang i antal barn medfører at det blir ein del ledig kapasitet i mange av barnehagane. Med bakgrunn i minka behov, foreslår rådmannen difor å utsette bygginga av Brusand barnehage, slik at barnehagen står ferdig i 2021.

Med utgangspunkt i overkapasitet av barnehageplassar og den bygningsmessige tilstanden i Askeladden barnehage som blei drøfta i barnehagebruksplanen, foreslår rådmannen å legge ned Askeladden frå 1. august 2018. Dette vil innebære ei innsparing tilsvarande lønskostnadar for styrar og sekretær. Barna vil få tilbod om plass i Vigrestad, Måken eller Stokkalandsmarka barnehage.

Rådmannen vil understreke at den pedagogiske kvaliteten er god i Askeladden barnehage, med godt personale og god pedagogdekning. Personale med faste stillingar vil få tilbod om arbeidsstad i andre barnehagar i kommunen.



### **Dette blei ikkje vedtatt og kostnadane er tatt inn igjen i budsjettet.**

Forslag til nasjonal norm for bemanning i barnehagane inneberer at det skal være 3 vaksne pr. 9 barn i småbarnsavdelingar og 3 vaksne pr. 18 barn for barn som er 3-5 år. Dette er den norma som Hå kommune har hatt før budsjett 2017. Bemanningsnorma er foreslått sett i verk frå 1. august 2018, og får difor verknad i andre halvår. Dette vil innebere ei utgiftsauke på om lag 1 mill kroner i 2018. Den same høyringa legg opp til at det skal bli innført ei pedagognorm. Den nye pedagognorma vil innebere auka utgifter for kommunen som ikkje fullt ut blir kompensert.

I ein del år har Hå kommune hatt lønsutgifter og arbeidsgjevaransvar for ein barnehagelærer ved Jærmuseet. Rådmannen tilrår at desse utgiftene blir tatt ut frå barnehagebudsjettet og gitt som eit pengetilskot frå kommunen frå og med 2018. Barnehagar og skular i Hå er flittige brukarar av tilbodet på Jærmuseet.

Dette skuleåret har det vore ei elevtalsauke på om lag 50 elevar. Dette er om lag det same som i dei føregåande åra, og i tråd med prognosane i skulebruksplanen. I budsjett for 2017 blei det vedteke å ikkje auke med 3,5 lærarstillingar, samstundes med ei innsparing på 4 stillingar. For at vi skal klare å halde tritt med elevtalsauken har rådmannen lagt inn eit forslag om ein opptrappingsplan på 3,5 stillingar i året. Då vil det være like mange lærarar som i 2016, men om lag 100 fleire elevar.

### **Kommunestyret vedtok å ta inn tre nye lærarårverk frå hausten 2018.**

Minka rammetimetal gjer større utfordringar med å drive tilpassa undervisning. Vi får litt mindre lærardekning i klassane totalt sett. Dette har gitt seg utslag i at andel elevar med rett til spesialundervisning har auka dei siste åra. PPT arbeider systemretta for å for å få gode rutinar og tidleg hjelp. Ei av utfordringane er arbeidsinnvandring og flyktningar. PPT arbeider også mykje ut mot barnehage. Også her vert behovet større med fleire oppmeldingar. I 2015 hadde PPT 115 barn i barnehagealder som er oppmelde, mot 45 i 2005.

For å komme desse utfordringane i møte, ønskjer rådmannen å legge inn ein auke på ei stilling i PPT. Dei to første åra kan denne bli finansiert gjennom flyktningemidlar.

Innan kultur blei det gjort forholdsvis store innsparingar i budsjett for 2017, tilsvarande om lag 1 mill kroner. Innsparingane blei iverksett mellom anna ved å redusere bemanninga i bibliotek og kulturskule, og å ikkje fyller vakante stillingar. Rådmannen foreslår at det ikkje blir gjort ytterlegare innstramingar i kultur, men at sektoren ligg på same nivå som i 2017.

### **Framtidsløftet og digitalisering**

Tenesteområde for opplæring og kultur er opptatt av forbetring, forenkling og fornying. Dei siste åra har vi fått på plass mange planar og rutinar for arbeidet vårt. *Kvalitetsplan for barnehage* vart vedteken i 2016 og *Kvalitetsplan for skule i 2017*. Vi har fått på plass årshjul for all møteverksemd og plan for betre oppfølging av einingane. Vi jobbar fortløpande med å forbetre interne prosedyrar og prosessar for å rasjonalisere arbeidet, samstundes som vi arbeider med forenkling av system direkte retta mot innbyggjarane.

I dette arbeidet blir nye digitale verktøy stadig viktigare. Når det gjeld digitalisering, har vi fått på plass nye system for barnehage, og nytt system for PPT er undervegs. I tillegg er det i gang ei stor satsing på IKT i skulane. I januar 2018 vil alle elevar i Hå ha kvar sin

Chromebook. Her er det gjort eit stort arbeid, men det viktigaste står att, å få til ei bruk av dei nye verkøya som aukar læringsutbyttet for elevane våre.

## Driftsbudsjett opplæring og kultur

Tabellen viser driftsrammene for heile tenesteområdet.

### Driftsbudsjett opplæring og kultur

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	621 705	566 131	606 623	598 106	604 206	606 606	609 006
Driftsinntekter	-149 540	-93 508	-114 546	-97 944	-97 944	-97 244	-97 244
Netto drift	473 005	472 623	492 077	500 162	506 262	509 362	511 762
Årsverk	674,3	677,8	677,8	674,0	677,5	681,0	684,5

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Driftsbudsjett opplæring og kultur med dei enkelte tenesteområda

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Administrasjon	8 189	8 025	7 238	7 333	7 333	7 333	7 333
Skule	215 192	212 998	225 526	228 179	231 629	234 729	237 129
Barnehage	153 909	158 516	158 113	156 913	159 463	159 463	159 463
Kultur - SAMLA	38 750	38 958	39 931	41 496	41 596	41 596	41 596
Eigedom	56 965	54 123	61 269	66 241	66 241	66 241	66 241
Netto drift	473 005	472 620	492 077	500 162	506 262	509 362	511 762

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Årsverk

Årsverk	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Administrasjon	7,9	7,9	7,9	6,9	6,9	6,9	6,9
Skule	328,3	328,8	328,8	336,8	340,3	343,8	347,3
Barnehage	252,6	255,6	255,6	245,6	245,6	245,6	245,6
Kultur - SAMLA	43,5	43,5	43,5	44,0	44,0	44,0	44,0
Eigedom	42,1	42,1	42,1	40,8	40,8	40,8	40,8
SUM	674,3	677,8	677,8	674,0	677,5	681,0	684,5

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Endringar (frå rådmannen sitt forslag)

Endringar frå førre plan	2018	2019	2020	2021
Ramme 2018 i økonomiplan 2017-2020	473 816	473 816	473 816	473 816
Løns- og prisvekst	8 895	8 895	8 895	8 895
Auka avskrivning	12 649	12 649	12 649	12 649
Nye tiltak i denne økonomiplanen	14 818	19 868	22 268	24 668
Reduksjon / innsparing	-11 386	-11 916	-11 216	-11 216
<b>Ramme i økonomiplan 2018-2021</b>	<b>498 792</b>	<b>503 312</b>	<b>506 412</b>	<b>508 812</b>

## Felles administrasjon

Tenesteområdet har ein felles administrasjon på rådhuset.

### Driftsbudsjett for administrasjonen i opplæring og kultur med dei einskilde tenestene

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1200 Administrativ leiging	4 965	5 146	4 342	4 470	4 470	4 470	4 470
1202 Personaladministrasjon	457	1 065	1 068	1 068	1 068	1 068	1 068
1203 Økonomi og rekneskap	477	610	624	607	607	607	607
1300 Drift/vedl.adm.lokale	5	1 204	1 204	1 188	1 188	1 188	1 188
Sum utgifter	7 529	8 143	7 356	7 443	7 443	7 443	7 443
Sum inntekter	-1 625	-118	-118	-110	-110	-110	-110
Netto drift	5 904	8 025	7 238	7 333	7 333	7 333	7 333
Årsverk	7,9	7,9	7,9	6,9	6,9	6,9	6,9

\*) med godkjente endringar per  
07.11.2017

Reduksjonen frå 2017 til 2018 skuldast at desse kostnadane er flytta til dei ulike tenestene.  
Jf. kommunestyresak 066/17.

## Barnehage

### Mål

- Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som legg grunnlag for positiv utvikling.
- Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp.
- Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet

## Nøkkel- og utviklingstal

KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan barnehagesektoren

BARNEHAGE tal pr. 31.12	Hå		Klepp		Time		Rogaland	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
0-åringar	262	282	266	240	251	266	6 189	6 120
1-2 åringar	576	562	545	525	568	538	12 606	12 446
3-5 åringar	928	909	863	841	896	864	19 978	19 408
Totalbefolkning	18 591	18 800	18 970	19 042	18 572	18 656	470 175	472 024
Prosentvis andel av befolkninga 1-5 år	8,1 %	7,8 %	7,4 %	7,2 %	7,9 %	7,5 %	6,9 %	6,7 %
Netto driftsutgift pr innbyggjar	8 900	9 087	9 169	9 547	9 408	9 779	9 004	9 328
Netto driftsutgift pr barn 1-5 år brukt på bhg	110 016	116 138	123 532	133 089	119 349	130 133	129 931	138 225
Dekningsgrad 1-5 år	81,0	83,5	92,8	92,8	86,8	88,4	89,1	90,0
Dekningsgrad 1-2 år	59,2	66,7	82,8	81,9	72,4	75,8	77,6	79,7
Dekningsgrad 3-5 år	94,5	93,9	99,2	99,6	96,0	96,2	96,3	96,7
Talet på barn i komm. brhg i forhold til alle barn i bhg. i %	83	83	67	67	54	54	52	51
Talet på minioritets. barn i bhg i forhold til innv.barn 1-5år i %	68	66	73	78	65	74	70	74
Talet på minioritets. barn i bhg i forhold til alle barn med bhg-pl. i %	15	14	13	15	10	12	15	16
Korr. brutto driftsutg til kom bhg pr korr opphaldst.	57,0	58,0	54,0	58,0	57,0	60,0	60,0	64,0
Korrigerte oppht. pr årsverk i komm. bhg	11 194	11 280	11 547	11 466	11 987	11 690	11 383	11 351
Talet på barn. brhg m opphaldstid 33t el meir i kom. Bhg i %	85,9	86,6	95,2	95,3	98,3	98,1	96,9	96,9
Talet på styrarar og ped.leiarar med godkjent bhg-lærarutdanning i %	71	75	83	85	86	85	88	89
Talet på tilsette med barnehagelærarutdanning i %	29	30	31	34	33	33	33	33

- Hå kommune er på nivå med Rogaland og høgast av Jærkommunane når det gjeld den prosentvise delen av innbyggjarane i alderen 1-5 år.
- Driftsutgifter pr. barn 1-5 år brukt på barnehage er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Det skuldast m.a. at Hå har relativt færre barn i barnehage. Ser vi på brutto driftsutgifter pr. opphaldstime ligg Hå på 58, noko som er lågare enn Time og likt med Klepp (60 og 58). Gjennomsnittet i Rogaland er 64. Ei årsak til dette kan være at det i Hå er færre utdanna barnehagelærarar. Biletet kan endre seg når assistentar på deltidsutdanning er ferdig utdanna barnehagelærarar.
- Dekningsgraden i Hå er lågare enn i nabokommunane. Dette gjeld særleg barn i alderen 1-2 år. Ein av faktorane bak dette kan være tilbodet om kommunal kontantstøtte for to-åringar.
- Hå har ein lågare prosentvis del av innvandrarbarn i barnehage enn nabokommunane og landet elles. Likevel er delen av innvandrarbarn i forhold til alle barn i barnehage på nivå med nabokommunane. Det kan spele ei rolle at dekningsgraden for barn er høgare i nabokommunane.

- Det er framleis mange som nyttar barnehage som eit deltidstilbod i Hå dersom vi samanliknar med Klepp, Time og Rogaland. Grunnen til dette kan mellom anna være bruk av kontantstøtte.
- Hå kommune ligg under Klepp og Time når det gjeld den prosentvise delen av styrarar og pedagogiske leiarar som har godkjent barnehagelærarutdanning. Alle tre ligg under gjennomsnittet for Rogaland. For Hå sin del viser det positiv endring. Alle styrarar i Hå kommune har godkjent utdanning.
- Den prosentvise delen av tilsette med barnehagelærarutdanning i Hå ligg under Klepp og Time. I dei tre kommunane har alle ei jamn stigning.

## Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som legg grunnlag for allsidig utvikling

Barnehagen er ein arena der vi kan legge til rette for at alle barn får eit godt fundament til å bygge livet på. Med tilstrekkeleg ressursar og kompetanse har vi moglegheit til arbeide med å forstå det einskilde barn.

Barnehageåret 2017-2018 har vi fokus på barn og psykisk helse. Barn si evne til å utvikle og regulere følelsar skjer i relasjon til viktige vaksne, og legg grunnlaget for barnet si psykiske helse. Korleis barn opplever møtet med andre vil påverke korleis dei ser på seg sjølv. Barnehagar skal arbeide for ein sterk kultur som førebygger og handterer mobbing. Det er dei vaksne som har ansvaret for dette. Barnehagane i dei fire jærkommunane skal, saman med Jærskulen, være med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», som trer i kraft i januar 2018. Prosjektet er ei felles satsing på trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø.

Fram til 2017 har Hå kommune hatt ei bemanningsnorm med ein vaksen pr. tre barn under tre år og ein vaksen pr. seks barn over tre år. Etter vedtak om innsparingar i gjeldande budsjett, har bemanninga i Hå blitt redusert og dette har vore godt merkbar for barnehagane. Regjeringa legg opp til lovending der det blir innført ei nasjonal bemanningsnorm tilsvarende den Hå kommune har hatt fram til 2017.

I *Kvalitetsplan for barnehagen 2016-2019*, er merksemda retta mot kvalitet og innhald. For å oppnå dette treng vi kompetente vaksne. I Hå har vi hatt fokus på å rekruttere fleire barnehagelærarar, og barne- og ungdomsarbeidarar. Samstundes med at kvalitetsplanen vart godkjent vart det gjort vedtak om 50 prosent pedagogar i barnehagane. Hå kommune erfarer at kompetente og engasjerte leiarteam med høg kompetanse legg eit solid grunnlag for kvalitet i den einskilde barnehage. Arbeidet med å rekruttere og behalde barnehagelærarar held fram.

I arbeidet for god kvalitet i barnehagen vil regjeringa at fleire av dei tilsette skal være barnehagelærarar. Det medfører eit skjerpa minimumskrav til pedagogisk bemanning, frå 33 til 43 prosent. Regjeringa sitt mål er å få 50 prosent barnehagelærarar. Høyringsforslaget frå departementet legg vekt på at vaksentetthet saman med kompetanse er av stor betydning for kvaliteten på barnehagetilbodet.

## Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp

Dette barnehageåret er det 30 barn som har enkeltvedtak, ut frå ei sakkunnig vurdering frå PPT. I budsjettet for 2017 var det sett av 23,2 stillingar til dette arbeidet, som går til både kommunale og private barnehagar. Vi har om lag 4 årsverk med kvalifisert utdanning

innanfor spesialpedagogikk, i tillegg til andre faggrupper og ufaglærte. Det er behov for å rekruttere fleire med spesialpedagogisk kompetanse. Det er for tida tre barnehagelærarar i kommunen som er i gang med å ta mastergrad i spesialpedagogikk. Tenesteområdet vil ha fokus på dette i opplæringsplanen og i tilsettingsprosessen.

Vi er i ferd med å bygge opp eit spesialpedagogisk team. Teamet har i dag tre spesialpedagogar med masterutdanning, og ein koordinator i 20 prosent stilling. Teamet skal gje spesialpedagogisk hjelp, i tillegg til å rettleie personale.

## Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet

Behov for barnehageplassar er avhengig av utviklinga i barnetal, kommunen sitt utbyggingsmønster og utviklingstakten. Etterspørselen etter barnehageplassar har dei to siste åra vore lågare enn prognosane i barnehagebruksplanen. Fødselstala er relativt stabile, medan vi har ei negativ nettoflytting.

I budsjettet i fjor peika vi på at det er den sørlege delen av kommunen vi har underkapasitet på barnehageplassar. Dette biletet har endra seg. Den største reduksjonen i etterspørsel etter barnehageplass er i dette området. Det er fortsatt ledig kapasitet her. Behov for barnehageplasser er avhengig av dekningsgrad eller kor mange som faktiske etterspør heil- eller deltids plass. Barnehagebruksplanen skal reviderast haust 2018. Vi vil då gå gjennom føresetningane for befolkningsvekst og dekningsgrad, for å sjå dette i samanheng med krinsvis barnehagedekning.

Våningshuset i Lensmannsgarden barnehage og Askeladden barnehage på Brusand er begge i dårleg bygningsmessig stand. Begge desse bygningane har store og ressurskrevjande behov for vedlikehald. Rådmannen foreslår difor å flytte ut barna frå desse bygningane hausten 2018. Dei siste åra har det vore ein god del barn frå lenger sør i kommunen som har hatt plass i Lensmannsgarden, men når Vigrestad barnehage står klar til hausten vil dette ikkje lenger være naudsynt og lokala kan bli frigjort.

Bruk av kontantstøtte held seg på eit jamt og omtrent uendra nivå i heile kommunen.

### Driftsbudsjett barnehage

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2010 Barnehage ordinær	137 087	137 151	136 361	134 580	137 130	137 130	137 130
2012 Barnehage, open bh	991	1 082	1 082	1 106	1 106	1 106	1 106
2019 Kontantstøtte - utgift	4 199	4 472	4 475	4 479	4 479	4 479	4 479
2110 Styrka barnehagetilbod	13 247	15 264	15 637	16 161	16 161	16 161	16 161
2111 Minoritetsbarn/tospråklig	-170	547	558	587	587	587	587
Sum utgifter	202 808	193 897	200 466	198 620	201 170	201 170	201 170
Sum inntekter	-47 454	-35 381	-42 353	-41 707	-41 707	-41 707	-41 707
Netto drift	155 354	158 516	158 113	156 913	159 463	159 463	159 463
Årsverk	252,6	255,6	255,6	245,6	245,6	245,6	245,6

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

Maksimal sats for eigenbetaling ligg til grunn for foreldrebetaling i barnehagane.

## Støtte til private barnehagar

Tilskotet til private barnehagar blir rekna ut frå kommunerekneskapen to år før. Desse tala blir indeksregulert og utgjer driftstilskotet saman med kapitaltilskot for bygningsmassen, som blir rekna ut frå byggeår. Med atterhald om godkjent statsbudsjett og eventuelle endringar frå staten, blir driftstilskotet i 2018 til dei private barnehagane 201 656 kroner pr. plass for barn under 3 år, og 97 158 kroner pr. plass for barn over 3 år.

I tillegg til dei tre ordinære ikkje-kommunale barnehagane, har kommunen ein privat open barnehage, Noas Ark (Nærbø). Budsjettet til Noas Ark er på om lag 0,8 mill kroner i 2018.

## Tiltak

- Arbeide vidare for å rekruttere og behalde barnehagelærarar i barnehagane. Her er det for tida om lag 20 stk. som får kommunalt stipend.
- Fortsette å oppmode assistentar til å ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Kommunen har fått eksterne ressursar til dette arbeidet.
- Vidare arbeid for å rekruttere spesialpedagogar. Her er det for tida 3 stk. som får kommunalt stipend.
- Fortsette arbeidet med å styrke barnehagane sine leiarteam. Det pågår målretta arbeid frå styrarnivå og ut i kvar barnehage. I tillegg er det leiarprogram for nye barnehagelærarar i kommunen.
- Deltaking i Inkluderande barnehage- og skulemiljø som ei vidareføring for å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø i kommunen.

## Forslag til innsparingstiltak/auka inntekter barnehage:

### Innsparing pga. færre barn i barnehagane frå hausten 2017:

Talet på barnehagebarn minka med om lag 75 barn hausten 2017. Ei slik nedgang i antal barn gjer at vi må ned i talet på tilsette. Barnehagane har gjort grep etter at innsparingane i budsjett 2017 blei vedteke, og er no nede på vedteke bemanningsnivå frå hausten 2017. Det senka barnetalet vil kunne gje ei innsparing på inntil 6 mill. kroner i 2018.

### Auke i utgiftene pga. ny nasjonal norm for bemanning:

Forslag til nasjonal norm for bemanning i barnehagane inneberer at det skal være 3 vaksne pr. 9 barn i småbarnsavdelingar og 3 vaksne pr. 18 barn for barn som er 3-5 år. Dette er den norma som Hå kommune har hatt fram til budsjett 2017. Bemanningsnorma er foreslått sett i verk frå 1. august 2018, og får difor verknad i andre halvår. Dette vil innebere ei utgiftsauke på om lag 1 mill. kroner i 2018.

### Nedlegging av Askeladden barnehage:

Med utgangspunkt i overkapasitet av barnehageplasser og den bygningsmessige tilstanden i Askeladden barnehage som blei drøfta i barnehagebruksplanen, foreslår rådmannen å legge ned Askeladden frå 1. august 2018. Dette vil innebere ei innsparing tilsvarande lønskostnadar for styrar og sekretær, til saman 370 000 kroner i 2018 og 900 000 pr. år resten av økonomiplanperioden.

**Dette blei ikkje vedtatt og kostnadane er tatt inn igjen i budsjettet.**

### Ta ut stilling frå Jærmuseet.

I ein del år har Hå kommune hatt lønsutgifter og arbeidsgjevaransvar for ein barnehagelærer ved Jærmuseet. Rådmannen tilrår at desse utgiftene blir tatt ut frå barnehagebudsjettet og gitt som eit pengetilskot frå kommunen frå og med 2018. Innsparinga i barnehagebudsjettet vil tilsvare om lag 650 000 kroner pr. år.

### Ikkje sette av midlar til ny avdeling:

Dei siste åra har det blitt sett av 1,1 mill kroner til ny avdeling til oppstart av nytt barnehageår. Denne ressursen har ikkje vore naudsynt til dette formålet dei siste åra, og har blitt omdisponert i tertialrapportane. På grunn av minka barnetal føreslår rådmannen å ta ut desse midlane for 2018.

## Skule

### Mål

Kommunen sitt hovudmål med skulane er i tråd med Kunnskapsløftet (K06), Jærskulen sitt grunnlagsdokument og kommuneplanen 2014 – 2028 er:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og mestring kvar dag.
- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

## Nøkkeltal og utviklingstrekk

KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan skule

SKULE	Hå		Klepp		Time		Rogaland	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
Antal barn 6-15 år	2 684	2 752	2 788	2 793	2 555	2 607	61 679	62 499
Totalbefolkning	18 591	18 800	18 970	19 042	18 572	18 656	470 175	472 024
Prosentvis andel av befolkninga 6-15 år	14,4 %	14,6 %	14,7 %	14,7 %	13,8 %	14,0 %	13,1 %	13,2 %
Netto driftsutg. grunnskulesektor pr. innbyggjar	13 163	13 879	14 411	14 775	12 974	13 675	12 842	13 162
Netto driftsutg. til grunnskulesektor pr. innbyggjar 6-15 år	91 173	94 812	98 052	100 731	94 305	97 857	97 894	99 409
Talet på elevar i kom. gr.sk av i % av kom. innbyggjarar 6-15 år	91	91	96	98	96	96	95	95
Lønsutgift grunnskule, skulelokalar, skuleskyss pr elev	88 600	90 752	87 103	88 826	82 784	84 250	84 933	86 141
Talet på elevar i grunnskole som får spes.und i %	6,6	7,3	6,6	6,2	9,4	7,2	7,7	7,7
Timer spes. underv. i % av ant. læretimer totalt.	16,6	16,7	14,0	13,2	19,2	18,4	16,8	16,7
Talet på lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og ped. utdanning i %	86,3	88,1	80,5	82,1	87,9	86,0	88,8	88,6
Driftsutgifter til inventar og utstyr pr. elev i grunnsk.	347	402	740	870	598	747	955	831
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, pr elev i grunnsk	1 905	1 921	1 308	1 270	810	1 484	1 315	1 295

Kommentar til tabellen:

- Netto driftsutgifter til grunnskulen pr. innbyggjar 6-15 år er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Dette skuldast mellom anna at fleire frå Hå går i private skular. Om ein går ut frå at



dei som ikkje går i den kommunale skulen hadde kosta det same som dei som går der, hadde utgiftene til Hå vore rundt 103.000 kroner, Klepp 103.000 kroner, Time 102.000 kroner og Rogaland 105.000 kroner. Totalt sett har vi ledig kapasitet på ungdomsskulane i kommunen. Av den grunn vil ikkje samanlikninga over vere reell, då kostnadane til desse elevane ikkje ville vore like høge, sidan mykje av kostnadane er knytt til bygningsmasse, straum, grupper, administrasjon og liknande. Totalt sett bruker nok kommunen noko mindre netto driftsutgifter til grunnskulen enn nabokommunane.

- Lønsutgifter, utgifter til skulelokale og skuleskyss pr. elev er høgare i Hå enn i Time og Rogaland. Det skuldast mellom anna stadig høgare skyssutgifter.
- Talet på elevar som har rett til spesialundervisning går opp frå 6,7% til 7,3% frå 2015 til 2016. Det er ei urovekkjande utvikling. Behovet for spesial-pedagogikk har auka frå 5,5% til 7,3% frå 2013 til 2016. Det fører til at fleksibilitet, organisering og den tilpassa opplæringa vert utfordra, sidan større og større delar av ressursane og undervisningstimane vert bundne opp til enkeltelevar. Til samanlikning ligg Hå kommune på linje med Time og noko over Klepp og Rogaland når det gjeld talet på elevar som får spesialundervisning.
- Ser ein på driftsutgifter til inventar, utstyr og undervisningsmateriell samla, er ein på nokolunde same nivå som Time, Klepp og Rogaland.
- Talet på kvalifiserte lærarar viser ei gledeleg auke frå 2015 til 2016, frå 86,3 prosent. til 88,1 prosent i 2016. Dette er høgare enn både Klepp og Time og om lag på same nivå som Rogaland totalt. Dette er gledelege tal. Vi har samtidig utfordring med å rekruttere lærarar med kompetanse i enkelte fag. Den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet» vert nytta til å kvalifisere lærarar i kjernefaga.

### Driftsbudsjett skule

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1806 Tillitsvalde	825	344	754	729	729	729	729
2020 Undervisning, ordinær	138 800	141 731	146 720	155 658	159 108	161 508	163 908
2021 Spesialundervisning	45 225	40 466	44 951	39 661	39 661	40 361	40 361
2024 Undervisning minoritetsspråklege	4 772	4 501	4 985	4 046	4 046	4 046	4 046
2025 Undervisning asylsøkjjarar	-	204	204	0	-	-	-
2026 Administrasjon skulane	17 274	16 775	17 004	16 296	16 296	16 296	16 296
2027 Kantine skulane	-499	-	3	161	161	161	161
2130 Vaksenopplæring	894	100	800	800	800	800	800
2131 Opplæring mindreårige flyktningar	71	-	9	0	-	-	-
2133 Opplæring innvandrarar	-929	-	-294	0	-	-	-
2136 Opplæring psykisk utvh.	1 051	1 067	1 085	1 118	1 118	1 118	1 118
2150 Skulefritidstilbod	-	79	154	-9	-9	-9	-9
2151 SFO -ekstra tilrettelegging	3 519	3 631	3 651	4 519	4 519	4 519	4 519
2230 Skuleskyss	3 667	3 950	5 350	5 050	5 050	5 050	5 050
2857 Tilskott til private skular	200	150	150	150	150	150	150
Sum utgifter	290 248	259 130	284 578	271 898	275 348	277 748	280 148
Sum inntekter	-75 056	-46 132	-59 052	-43 719	-43 719	-43 019	-43 019
Netto drift	215 192	212 998	225 526	228 179	231 629	234 729	237 129
Årsverk	328,3	328,8	328,8	336,8	340,3	343,8	347,3

## Lærardekning

Elevtalet i Hå kommune er aukande. Etter framskrivingar vil Hå kommune ha 2723 elevar i kommunal grunnskule i 2021, ei elevtalsauke på 221 elevar frå 2017.

Hå kommune er opptekne av betra resultat i skulen. Av tilstandsrapport for Jærskulen for 2016, ligg vi i nedre kant på mange måleparameter. Dette kan vi ikkje seie oss nøgde med.

Under ser ein to viktige moment som viser at det vert stadig mindre lærartid til den enkelte elev.

- Hå kommune har organisert det slik at skulane ikkje blir kompensert viss det kjem elevar med behov for spesialundervisning. Heile ramma er lagt ut, slik at lærarressursane blir brukt for å få til tilpassa undervisning. Spes.ped-ressursane blir tatt frå denne totalramma. Talet på elevar med spesielle behov er aukande. Tilrådde timar til spesialundervisning har hatt ei jamn og stor auke dei siste åra, frå totalt 26.281 timar i 08/09 til 60.241 timer i 14/15.
- Auke i elevtal kompenseres heller ikkje fullt ut i vedtekne tildelingar og opptrappingar.

### *Forholdet mellom elevar og lærarårsverk med og utan kompensasjon for elevtalsauke:*

01.jan	2017	2018	2019	2020	2021
Skuleåret	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21
Elevar i kom. grunnskule	2 502	2 572	2 650	2 690	2 723
Lærarårsverk inkl. Adm ,økt 3,5 årsv. årlig frå 2018	240,3	243,8	247,3	250,8	254,3
Elevar pr. lærarårsverk	10,41	10,55	10,72	10,73	10,71
Lærarårsverk utan opptrapping	240,3	240,3	240,3	240,3	240,3
Elevar pr. lærarårsverk utan opptrapping	10,41	10,70	11,03	11,19	11,33

\*Elevtal 18-21 er prognosar pr. 1.sep 2017

Tabellen viser korleis elevtalet pr. lærar vil utvikle seg med og utan opptrapping på 3,5 årsv. pr. år. Frå 2016 til 2018 har elevtalet vakse med om lag 100 elevar, noko som er i tråd med prognosane i skulebruksplanen. I budsjett for 2017 blei det vedteke å ikkje auke med 3,5 lærarstillingar, samstundes med ei innsparing på 4 stillingar. For at vi skal klare å halde tritt med elevtalsauken har rådmannen lagt inn forslag om ein opptrappingsplan på 3,5 stillingar i året.

Rådmannen foreslår å innføre ei fast årleg auke på 3,5 stillingar i skulane frå og med 1/1-2018 og ut økonomiplanperioden.

**Kommunestyret vedtok å ta inn tre nye lærarårsverk frå hausten 2018 i tillegg til det som rådmannen foreslo.**

## PPT

PPT har dei siste åra hatt eit sterkt aukande arbeidspress. PPT i Hå har vore kjende for å arbeide systemretta med å lage gode strukturar og styrke førebyggjande arbeid. Dei har i dag 10 årsv. samt 67% av eit årsv. i kontorstøtte. Dette er same bemanning som i 2005. Vi ser likevel at sakene har auka jamt og trutt over tid

### Totalt antal saker pr. år for åra 2003-2011 og 2015-2016

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2015	2016
Saker	428	425	481	496	540	543	618	576	596	690	765

Vi ser ei auke på nær 55% i antal klientsaker i løpet av dei 10 siste åra. Folketalet i kommunen har vakse og talet på tospråklege elevar til PPT har vore aukande i perioden.

PPT arbeider også ut mot barnehagane. Fleire og større barnehagar gjer at PPT nyttar meir tid på arbeidet i barnehagane enn tidlegare. Det har blitt sett betraktelig større krav til forvaltninga, og krava til dei sakkunnige vurderingane har auka dei seinare åra.

PPT er pålagt å drive med sakkunnig arbeid av einskildsaker. Samstundes har PPT for Hå hatt tradisjon for og ynskje om å være mykje ute på skulane og i barnehagane for å arbeide systemretta og bistå med førebyggjande arbeid. Dette er eit viktig arbeid som absolutt ikkje bør reduserast på bekostning av individretta arbeid. Utan dette arbeidet står ein i fare for at enkeltelevar i større grad fell utanfor og vil trenga ekstra hjelp på litt sikt. Dette gjeld særskilt tospråklege elevar. Ut frå dette er det behov for ei auka stilling i PPT, og rådmannen ynskjer å prioritera dette for 2018.

## Digitalisering

Hå kommune vedtok våren 2017 at i løpet av 2018 skal alle elevane i kommunen få kvar sin Chromebook. Chromebook er ein ny type datamaskin som er utvikla for å kunne gjere ting *raskare* og *enklare*. Chromebook-maskinar bruker [Chrome OS](#), som er eit operativsystem med lagring i nettsky. Prisen på Chromebook-maskinane er lågare enn for ein PC, og mesteparten av programvaren er gratis. I og med at maskinane ikkje har harddisk, er dei raskt klare til bruk når elevane slår dei på, noko som er viktig for å få til effektiv og god læring.

Hovudmålet med fellesløysingane er å sikre gode moglegheiter for samarbeid og deling, samt god arbeidsflyt. Lærane vil få gode verktøy for kartlegging og oppfølging av elevar og til å gjere læringa variert og meningsfull. Tilbakemeldingar er noko av det som gjer best effekt på elevens læring, og med desse nye fellesløysingane vil lærarane få sær gode verktøy for tilbakemelding og vurdering.

Samla er vi trygge på at ei slik løysing vil legge eit godt grunnlag for betre motivasjon og læring for elevane. Vi er i gang med felles opplæring for lærarane og har stor tru på at felles kompetanseheving for lærarane vil sikre at alle skulane vil nytte verktøyet på ein variert og pedagogisk god måte. For å kome i mål med ei 1-til-1 løysing i løpet av skuleåret 2017/2018 flytta kommunestyret i sak 36/17 investeringsmidlar frå økonomiplanen i 2019 til 2017/2018.

## Tiltak

For å sikre og halde fokus på læring på godt skulemiljø foreslår rådmannen:

- Auke med 3,5 lærarstillingar årleg for heile økonomiplanperioden. For at vi skal klare å halde tritt med elevtalsauken har rådmannen lagt inn forslag om ein opptrappingsplan på 3,5 stillingar i året. Kommunen vil då ha like mange lærarar som i 2016, men med om lag 100 fleire elevar. Rådmannen tilrår å innføre ei fast årleg auke på 3,5 stillingar i skulane frå og med 1/1-2018. For budsjett 2018 vil dette medføre ei auke

på om lag 2,4 mill kroner. **Kommunestyret vedtok å ta inn tre nye lærerårverk frå hausten 2018 i tillegg til det som rådmannen foreslo.**

- Auke med 1 stilling til PPT.  
PPT har i dei seinare åra hatt ei stor auke i antal saker. For å komme desse utfordringane i møte, tilrår rådmannen å legge inn ein auke på ei stilling i PPT. Årleg kostnad 700 000 kroner
- Halde oppe innsatsen med å rekruttere og kvalifisere lærarar i 2018.
- Aktiv bruk av *Kvalitetsplan for skulane i Hå*, samt *Kvalitet og utvikling i Jærskulen* som reiskap for å betre resultat og læringsmiljø.
- Eit auka trykk på pedagogisk bruk av IKT i undervisninga, gjennom ny satsing på 1/1 løysing med Chromebook og Gsuite/Canvas.

**I tillegg vedtok kommunestyret å redusere auken i skuleskyss med 300 000 kroner per år.**

### Forslag til innsparingstiltak/auka inntekter skule:

- Flyktningemidlar over statsbudsjettet.  
Elevtalet i kommunen veks, og spesielt tospråklege elevar og flyktingar står for sin del av denne auka, både i barnehage og skule. De første to åra blir denne finansiert gjennom flyktningemidlar, tilsvarande 700 000 kroner pr. år i 2018 og 2019.
- Ta bort støtte til Tryggheim private skular:  
Kommunen har dei siste åra gitt eit ekstra tilskot til Tryggheim skular, 150 000 kroner i 2017. Dette er støtte som rådmannen ikkje ser at det er rom for i budsjett for 2018.  
**Dette blei ikkje vedtatt og kostnadane er tatt inn igjen i budsjettet.**

## Kultur

### Mål

- Ta vare på, dokumentere og formidle kulturarven, sentrale fysiske kulturminne og verdfulle kulturhistoriske landskapsområde.
- Barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår i trygge og stimulerande nærmiljø.
- Eldre skal ha ein trygg og meningsfull livssituasjon der gode møteplassar, kultur- og fritidsaktivitetar er ein del av kvardagen.
- Alle, uavhengig av funksjonsnivå eller sosial og økonomisk stilling i samfunnet, skal ha høve til å ta del i organisasjonsliv, ulike aktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk i eige nærmiljø.

Kultur og fritidsaktivitetar har ei sentral rolle i å skape gode oppvekstvilkår og for personleg vekst og læring. Gode fritidsaktivitetar har også ei sentral rolle i rus- og kriminalitetsførebygging blant barn og unge. Samarbeid og samordning av tilbod i lag og organisasjonar, kommunale fritidstilbod, kulturskule og grunnskule er viktig.

Det er høgt tal på ulike arrangement i kommunen, i regi av organisasjonar og ved dei kommunale avdelingane. Dette gir innbyggjarane mange val, både når det gjeld musikk, litteratur, føredrag, kunst og lokalhistorie.

Idrettslaga i Hå sine nær 6500 medlemmar får eit variert tilbod gjennom mange veldrivne private anlegg i kommunen. Hå kommune gir tilskot til investering på 33% av godkjent kostnadsoverslag til anlegg som kan få spelemidlar og 50% investeringstilskot til andre anlegg.

Innan idretten er ein no inne i ei fase der rehabilitering og standardauke av eksisterande anlegg vil vera meir sentralt enn satsing på nye anlegg. Dei siste åra er det av den grunn overført midlar frå investering til andre føremål innan idrett. Spesifisert under vedlagt tabell.

I kommunen er det også mange kulturbygg eigd og drive av frivillige lag og organisasjonar, som gir lokalar for meir enn 50 barne- og ungdomsforeiningar, med nær 3000 medlemmar under 20 år. I tillegg kjem aktivitetar for vaksne. Det er viktig at tilskota står i samsvar med den høge aktiviteten i organisasjonane.

## Fritidsavdelinga

Fritidsavdelinga skal stimulere barn, ungdom, eldre og funksjonshemma til allsidige kulturelle aktivitetar. Særleg skal ein oppsøke ungdom i miljø der dei er og forsøke å rekruttere dei inn i positive aktivitetar.

Dei kommunale klubbane skal tene mange funksjonar: Klubbane er styrte av ungdommen sjølv og har medverknad og demokrati som vesentlige føresetnader. I klubben finst ikkje eit A- eller B-lag, og ungdommen er i ei trygg ramme med støtte frå vaksne. Klubben som rusfri arena har også ein viktig funksjon. Klubben er også ein viktig nøkkel til integrering av ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn.

Fritidsklubbane på i Loen og Lensmannsløa har eit jamt høgt besøk på 40 i snitt. Enkelte kveldar kjem det opp mot 70 ungdommar. Det er ei stor utfordring for klubleiar å ta hand om desse på ein forsvarleg måte. Vi har hatt god erfaring med lærlingar og vil prøve å få dette til vidare.

Det er også viktig å få med unge med nedsett funksjonsevne i fritidsaktivitetar. Manglande inkludering i barneåra vert vurdert som ein medverkande grunn til at menneske fell utanfor sosialt fellesskap og arbeidsliv i vaksen alder.

## Driftsbudsjett fritidsavdelinga

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2310 Fritidsklubb	1 622	1 701	1 655	1 679	1 679	1 679	1 679
2312 Ungdomsråd	146	153	153	125	125	125	125
2315 Skulemusikkorps	939	1 041	1 045	1 035	1 035	1 035	1 035
2319 Andre aktivitetstilbod barn/unge	1 350	1 920	1 905	1 971	1 971	1 971	1 971
2343 Aktivitetstilbod funksjonshemma	964	920	957	996	996	996	996
2346 Velferdstiltak eldre	248	340	340	340	340	340	340
2348 Frivillighetssentral	520	573	573	542	542	542	542
3835 Kulturskule	5 736	5 641	5 732	6 089	6 089	6 089	6 089
Sum utgifter	15 546	14 345	14 416	14 942	14 942	14 942	14 942
Sum inntekter	-4 022	-2 056	-2 056	-2 165	-2 165	-2 165	-2 165
Netto drift	11 524	12 289	12 360	12 777	12 777	12 777	12 777
Årsverk	17,2	17,2	17,2	17,2	17,2	17,2	17,2

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

I samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det utviklast gode kultur- og fritidstiltak for å betre opplevd livskvalitet og helse hos eldre. Hå kommune har fått årleg statsstøtte til Den kulturelle spaserstokken. I starten var statsstøtta til Spaserstokken 170.000 kroner årleg. Frå og med 2017 er støtta halvert. Vi held oppe eit akseptabelt tilbod gjennom bruk av eigne krefter.

Ved aktivitetar i Hå kulturskule opplever barn musikk- og skaparglede og lærer samhandling på ulike nivå. Kulturskulen har dei siste åra styrka gruppefaga. Delvis grunna etterspurnad, men også for å klare inntektskrav i høve elevpengar. Dei siste 9 åra har ein hatt store endringar og utvikling ved å satse på musikal og opera. Som del av innsparingar i 2017-budsjettet har kulturskulen redusert med 45% stilling skuleåret 2017/2018. Dette betyr også reduserte elevinntekter på kr 33.600 for eit skuleår.

Gjennom Innbyggjarrådet kjem det gode innspel til kommunen sin eldrepolitikk, i tillegg til at menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom også får uttale seg her.

### Tiltak

- Koordinering av ungdomsarbeid gjennom rus- og kriminalitetsførebygging.
- Vidareføre Oppløveskortet, eit samarbeid med Nav, retta mot barn i familiar med dårleg råd. Kortet gir gratis inngang til eit visst tal kulturarrangement eller besøk i kulturanlegg.
- Støtte til lag og organisasjonar for å dekke meirutgifter i samband med integrering av menneske med nedsett funksjonsevne.
- Vidareutvikle ungdomsklubbane i Lensmannsløa og Loen og vidareføre arbeidet med UKM, ein arena der ungdom får opptre og syne fram talent i profesjonelle rammer.
- Sykkeldag og andre natur-/kulturturar i samarbeid med Folkehelsa i Hå, Hå gamle prestegard, Vitengarden og idrettslaga.

- Satsing på fritidsaktivitetar for barn og unge som treng særleg støtte, A-laget 5. -8. trinn, Vennegruppe 9. trinn – 18 år. Ferieklubb for 1. – 7. trinn i samarbeid med Jærmuseet.
- Halde fram arbeidet med større fellesproduksjonar som opera og musikal i kulturskulen. I 2018 kjem musikalen «Honk jr.».
- Samarbeid med Stavanger kommune om Tall Ships Races 2018. 4 – 6 seglskuter kjem til Sirevåg hamn 24. juli.
- Samarbeide med Ognå Gje Jazz – Festival, med særleg vekt på lokale krefter og barn.
- Ei årleg veke for gjensidig respekt i samband med FN sin minnedag for Holocaust-ofra. I 2018 med temaet «Min stemme – mi forteljning».
- Legge til rette for frivillige og kommunale møteplassar for eldre. Kulturtiltak for dei som ikkje bur heime.

## Biblioteka

Hå folkebibliotek har ein desentralisert struktur, med eit hovudbibliotek på Nærbø og kombinasjonsbibliotek på Varhaug og Ognå. Kombinasjonsbiblioteket på Varhaug skule er i gode lokalar og når Ognå skule står ferdig ved årsskiftet får ein også der eit nytt og tenleg bibliotek, både for skule og andre i bygda. Filialen på Vigrestad er for tida stengd grunna oppussing, men skal flytte inn i Meieriinternatet. Grunna innstrammingar i budsjettet vart filialen på Høyland lagt ned, men held fram som skulebibliotek. I tillegg driv kommunen fengselsbiblioteket på Åna.

Det er eit gode for publikum å ha nær tilgang til biblioteket, men det er ei utfordring å ha nok ressursar til å halde fram med tidlegare opningstider. Grunna innstrammingar vart opningstidene i 2017 redusert ved alle biblioteka. Dette vart gjort etter ei vurdering av besøk, dag og tid.

I 2017 er det 0,55 årsverk mindre enn i 2016. Dette vert for tida kompensert ved at Vigrestad er stengd og ressursen derfrå vert fordelt på Varhaug og Nærbø. Hovudbiblioteket er eit ressurscenter for avdelingane og skulebiblioteka i kommunen. Der er difor viktig at personalet der har tid til å utføre «usynlege» oppgåver som innkjøp, registrering, fjernlån etc.

Mediebudsjettet har dei siste åra stort sett vore uendra, medan prisane stig. Difor har innkjøp av aviser og tidsskrift gått litt ned. E-bøker er ein relativt ny utgiftspost på mediebudsjettet. Vi ser at E-bøker ikkje erstattar papirbøker, men det kan kome.

Den nye biblioteklova seier at biblioteket skal drive aktiv formidling og være ein stad for samtale og debatt. Biblioteket arrangerer bokprat og forfattarkveldar, i tillegg til arrangement som «Nysgjerrigtimen» og «Folkeverkstad/Makerspace». Til desse aktivitetane har vi fått prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket, Fritt ord og Rogaland fylkesbibliotek. Utan denne eksterne støtta hadde det ikkje vore mogleg å ha eit så breitt tilbod som biblioteket i Hå har. Prosjektmidlane er tidsavgrensa.

Det er eit godt samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek i kommunen. Vi har felles innkjøpsordning, forfattarbesøk og lesestimuleringsprosjektet «Lesespirå».

## Driftsbudsjett biblioteka

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2028 Skulebibliotek	3 429	3 833	3 836	3 521	3 521	3 521	3 521
3700 Biblioteka	5 343	5 095	5 096	5 363	5 363	5 363	5 363
3705 Bibliotek Åna kretsfengsel	-43	-154	-154	-17	-17	-17	-17
Sum utgifter	10 209	9 761	9 767	9 950	9 950	9 950	9 950
Sum inntekter	-1 480	-987	-987	-1 083	-1 083	-1 083	-1 083
Netto drift	8 729	8 774	8 780	8 867	8 867	8 867	8 867
Årsverk	13,1	13,1	13,1	13,1	13,1	13,1	13,1

\*) med godkjente endringar per  
07.11.2017

## Tiltak

- Lesestimuleringstiltak, mellom anna «På terskelen til Morgonhuset», «Lesespirå» og eit godt skulebibliotektilbod.
- Prosjektet «Folkeverkstad/Makerspace» der publikum kan lære koding og 3D-printing.
- Prosjektet «Nysgjerrig på biblioteket»: Forfattarmøter og aktivitetar for barn og unge med utgangspunkt faktabøker.
- Utvikle Litlaståvå: Foredrag, debatt og informasjon, i tråd med ny lov om folkebibliotek.



## Kommunale kulturbygg

Aktiviteten ved Hå gamle prestegard og Obrestad fyr er ein positiv ressurs for Hå kommune sine innbyggjarar og god omdømebygging. Arbeidet ved anlegga inneber aktiv formidling av kunst, lokalhistorie og kystkultur, samt ivaretaking av freda og verna anlegg i kommunen.

I 2018 er det 35 år sidan Hå gamle prestegard vart opna for publikum. Særleg godt motteke har dei eigenproduserte lokalhistoriske utstillingane vore. Det er også dei som kostar mest. Grunna eit strammare budsjett dei siste åra har den tekniske kvaliteten på desse gått ned, sjølv om vi innhaldsmessig prøver å halde nivået oppe. Det er vedtatt plan for vedlikehald av sjølve bygningane på prestegarden og fyret. Ein del B- og dei fleste C-tiltaka er ikkje vedtatt igangsette. Grunna klimaet ved kysten er vedlikehaldet svært utfordrande og vedlikehaldet må halde fram

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
3352 Nærbøparken	156	200	200	43	43	43	43
3750 Jærmuseet	280	290	290	940	940	940	940
3752 Hå bygdemuseum	839	730	730	740	740	740	740
3771 Hå gamle prestegard	2 097	1 646	1 615	1 847	1 847	1 847	1 847
3850 Kulturvern	1 842	2 018	2 034	2 087	2 087	2 087	2 087
3855 Samfunnshus/ kulturanlegg	1 478	1 678	1 678	1 778	1 778	1 778	1 778
3859 Anna kulturaktivitet	1 102	962	1 856	1 658	1 658	1 658	1 658
Sum utgifter	14 350	12 763	14 788	14 748	14 748	14 748	14 748
Sum inntekter	-6 556	-5 239	-6 385	-5 655	-5 655	-5 655	-5 655
Netto drift	7 794	7 524	8 403	9 093	9 093	9 093	9 093
Årsverk	12,1	12,1	12,1	12,6	12,6	12,6	12,6

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Fortsatt vedlikehald og oppussing av bygningar med stor kulturhistorisk verdi.
- 14 eigenproduserte prosjekt, kunst- og lokalhistoriske utstillingar og ei stor utstilling om grafikk gjennom tidene. Familiearrangement til jul og påske, onsdagsforedrag og konsertar.
- Vidareutvikle det interkommunale firsamarbeidet «On the Edge» og «På terskelen til Morgonhuset» som er ei rekke arrangement der vi tek i bruk fleire kulturbygg i kommunen, i tillegg til landskapet.

**I tillegg vedtok kommunestyret å løyve 100 000 kroner årleg til «vedlikehald gamle bygg/kontaktutvalet».**

## Samfunnshus/kulturbygg, anna kulturaktivitet

Hå kommune har mange veldrivne private kulturbygg. For å halde oppe bygningsmessig standard, og stimulere til dugnadsarbeid i eigarorganisasjonane, er det naudsynt med store tilskot frå stat og kommune. Prioriteringar for privateigde hus er sett opp i samarbeid med Kontaktutvalet for bygg og anlegg.

Tilskota frå kommunen vert fordelte på denne måten (rådmannen sitt forslag):

Tilskot til kulturbygg	2017	2018	2019	2020	2021
Drift av anlegg	528 000	528 000	528 000	528 000	528 000
Investering	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Utstyr	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Vedlikehald	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum	1 678 000	1 678 000	1 678 000	1 678 000	1 678 000

## Driftsbudsjett friluftsliv og idrett

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
3600 Friluftsliv	507	412	412	412	412	412	412
3800 Idrett	10 196	9 959	9 976	10 347	10 447	10 447	10 447
Sum utgifter	17 997	10 396	10 413	10 774	10 874	10 874	10 874
Sum inntekter	-7 294	-25	-25	-15	-15	-15	-15
Netto drift	10 703	10 371	10 388	10 759	10 859	10 859	10 859
Årsverk	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

Prioriteringar over investering og drift til idrettslag og idrettsanlegg er sett opp i samsvar med tilråding frå idrettsrådet. I tilrådinga frå idrettsrådet er det lagt vekt på eit breitt tilbod om fysisk aktivitet til alle og at særleg barn og ungdom, uavhengig av funksjonsnivå, skal stimulerast til fysisk aktivitet i sitt lokalmiljø.

### Tilskot til idrettslag og idrettsanlegg

Tilskot idrettslag/anlegg	2017	2018	2019	2020	2021
Drift av lag	1 550 000	1 550 000	1 550 000	1 550 000	1 550 000
Drift av anlegg*	820 000	1 420 000	1 520 000	1 520 000	1 520 000
Drift 7 hallar	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Investering**	3 300 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
Utstyr	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Dagleg leiar	700 500	700 500	700 500	700 500	700 500
Vedlikehald	180 000	180 000	180 000	180 000	180 000
Kjøp fellesutstyr	60 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Større kulturarr.	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000
Rentestøtte	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
SUM	8 840 500	9 640 500	9 740 500	9 740 500	9 740 500

## Forslag til tiltak i kultur:

### Tilskot til Jærmuseet:

I ein del år har Hå kommune hatt lønsutgifter og arbeidsgjevaransvar for ein barnehagelærer ved Jærmuseet. Rådmannen tilrår at desse utgiftene blir tatt ut frå barnehagebudsjettet og gitt som eit pengetilskot frå kommunen frå og med 2018. Rådmannen tilrår vidare at det blir gitt eit tilskot på 650 000 kroner pr. år.

## *Eigedomsavdelinga i opplæring og kultur*

### *Mål*

- Gjennomføre fortløpande reinhald og vedlikehald.
- Kartlegge tilstand til bygga og utføre vedlikehald i samsvar med plan

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1210 Forvaltningsutgifter eigedom	469	556	556	572	572	572	572
2210 Lokalar til barnehagedrift	7 992	7 771	8 373	8 263	8 263	8 263	8 263
2213 Vaktmeister og reinhald, bhg	6 240	6 348	6 158	6 057	6 057	6 057	6 057
2218 Uteanlegg, barnehagar	378	520	520	520	520	520	520
2220 Lokalar til skuledrift	20 317	19 043	25 787	29 526	29 526	29 526	29 526
2223 Vaktmeister og reinhald, skular	17 457	15 840	15 700	16 759	16 759	16 759	16 759
2228 Uteanlegg, skular	365	560	560	560	560	560	560
3860-61 Vaktm/reinhald, kulturbygg	3 747	3 485	3 615	3 984	3 984	3 984	3 984
Sum utgifter	63 018	57 693	64 839	69 731	69 731	69 731	69 731
Sum inntekter	-6 053	-3 570	-3 570	-3 490	-3 490	-3 490	-3 490
Netto drift	56 965	54 123	61 269	66 241	66 241	66 241	66 241
Årsverk	42,1	42,1	42,1	40,8	40,8	40,8	40,8

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Det er redusert med 1,3 årsverk innan reinhald i opplæring og kultur, tilsvarande kr 666.000 kroner. Dette vil bli gjort i samband med effektiviseringsarbeidet som er i gang.

## Investeringar

Tenesteområde for opplæring og kultur har ansvar for 24 prosent av dei totale investeringane i denne økonomiplanen. Investeringar som IT-avdelinga har ansvar for kommer i tillegg.

### Investeringar i planperioden

Investering 1000 kroner	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Barnehage Vigrestad	43 000	5 750	-	-	-
Barnehage Brusand	-	2 000	-	21 000	21 000
Stokkalandsmarka barnehage #2	-	-	-	1 000	-
Uteområde barnehage	600	600	600	600	-
Vedlikehaldsplan barnehage	2 000	-	-	-	-
Biler vaktmestre, bibliotek	910	-	-	-	-
Ogna skule -	86 000	18 500	-	-	-
Vedlikehaldsplan skule	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Inventar/uteområde skule	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Varhaug skule	2 000	-	30 000	33 000	-
Varhaug ungdomsskule	2 000	-	-	-	-
Vigrestad skule	3 000	3 000	-	-	-
Stokkalandsmarka skule	-	-	-	-	2 000
Hå Gamle Prestegard (HGP) + nye løa	200	200	200	3 200	200
Hå Gamle Prestegard, Obrestad fyr	-	650	250	-	-
Kulturvern	100	100	100	100	100
Vigrestad skule bibliotek inn i meieribygning	3 000	-	-	-	-
Opplæring og kultur	148 710	36 700	37 050	64 800	29 200

### 1. Vigrestad barnehage

I kommunestyresak 048/17 blei oppstart av Vigrestad barnehage godkjent med ein total kostnad på 54,5 mill kroner.

Kontrakten for bygging av barnehagen vart tildelt Gann Tre AS. Byggearbeida er no godt i gang, og det er planlagt at barnehagen skal være klar til bruk i løpet av mai 2018.

### 2. Brusand barnehage

I økonomiplan for 2017-2020 er det sett av 44 mill kroner i 2018 og 2019 til ny barnehage på Brusand.

Tomta på Brusand er krevjande, og det er foreløpig uklart om dette vil medføre ekstra kostnader. Det er også uklart når tomta kan være ferdig regulert. Vidare gjer nedgangen i talet på barn i barnehagane i Hå på om lag 75 barn at rådmannen tilrår å utsetje bygginga av barnehagen på Brusand i to år i forhold til i gjeldande økonomiplan.

Rådmannen tilrår å sette av 21 mill kr i investeringsbudsjettet for 2020 og 21 mill kr i investeringsbudsjettet for 2021 til ny barnehage på Brusand. 2 mill kroner er brukt så langt.

Rådmannen tilrår vidare at tomte der Askeladden barnehage er i dag blir lagt ut for sal.

### 3. Vedlikehaldsplan for barnehagane

I gjeldande økonomiplan vart det løyvd 2 mill kroner til ekstra vedlikehaldstiltak i barnehagar. Desse midlane kom i tillegg til dei 3 mill kronene som vart løyvd i 2016. Fleire av barnehagane har no fått utført naudsynt vedlikehald, men det står att 3,16 mill kroner som

ikkje er brukt opp. Kommunen si vedlikehaldsavdeling har laga tiltaksplanar i 2017 - 2018 for desse midla.

I følgje vedtak i kommunestyresak 061/16 skal det i samband med handsaminga av budsjettet leggst fram ei prioritert liste. Denne lista er delt inn i Prioritet 1 (naudsynnte tiltak), Prioritet 2 (anbefalte tiltak) og Uprioriterte tiltak. Alle desse tiltaka er utan løyvde midlar.

For barnehagane sin del synar det følgjande:

I kategorien Prioritet 1. står det att vedlikehald for 0,95 mill kroner.

I kategorien Prioritet 2. står det att vedlikehald for 2,52 mill kroner.

I kategorien Uprioritert står det att vedlikehald for 0,61 mill kroner.

Det er årleg sett av 600.000 kroner til uteområda i barnehagane. Desse midla blir fordelt i høve til forfalt vedlikehald registrert i IK bygg. Det er totalt registrert utbetningskostnader knytt til ytre miljø og uteområda i barnehagane for totalt 1,12 mill kroner. Dette er kostnadar for å utbetre registrerte feil og manglar, ikkje til fornying av uteområda eller innkjøp av leikeutstyr.

Rådmannen tilrår at 600.000 kroner årleg som er sett av til uteområde barnehagar blir vidareført i heile økonomiplanperioden.

#### **4. Ogna skule**

Masiv AS er totalentreprenør for dette prosjektet, som så langt er i rute. Deler av utomhusområda vil ikkje bli ferdigstilt før i mai 2018, noko som er i høve til vedteken plan. Planlagt opning er 3. januar 2018.

Vedteken løyving er på 192 mill kroner. Kalkyle syner prosjektkostnader på 190 mill kroner, som er innafor vedteken ramme.

#### **5. Varhaug skule**

Kommunestyret vedtok i desember 2016 ei løyving på 2 mill kroner til prosjektering av nytt tilbygg på om lag 2000 kvadratmeter på Varhaug skule. Samstundes blei det løyvde 2 mill kroner til mellombels løysing for dei elevane som nyttar kjellaren som undervisningslokale. For sjølve tilbygget blei det løyvde 30 mill kroner i 2019 og 33 mill kroner i 2020. Totalt er det løyvde 67 mill kr i samband med ombygging av Varhaug skule. Modulane er skipa frå Kina og skal være klare til å bli tekne i bruk frå og med 1. november 2017. Det har også vore anbudsrunde for val av arkitekt, og det er inngått kontrakt med arkitektkontoret Asplan Viak som arkitekt for tilbygget til Varhaug skule. Dersom vi skal bruke midlertidige skulebygg ut over dei to åra dei er leigd for, må vi halde ny anbuds konkurranse.

#### **6. Skule i Stokkalandsmarka**

Ut frå prognosane i skulebruksplanen vil det bli behov for vesentleg auke i kapasiteten i Vigrestad/Stokkalandsmarka om nokre år. Det blei difor vedteke å ta inn i gjeldande økonomiplan midlar til prosjektering av ein 1-7 skule i Stokkalandsmarka som skal stå ferdig omkring 2023. Etter at skulen i Stokkalandsmarka er bygd, kan Vigrestad skule bli 1-7 skule og Vigrestad storskule bli 8-10 skule. Rådmannen rår til at dette blir grundig belyst når skulebruksplanen blir revidert hausten 2018.

Rådmannen rår til å setje av planleggingsmidlar på 2 mill kroner i investeringsbudsjettet i 2021 for prosjektering av skule i Stokkalandsmarka.

## **7. Vedlikehaldsplan for skulane**

På fleire av skulane er det små prosjekt som er naudsynte for å ha ei god og rasjonell drift. Den prioriterte vedlikehaldsoversikten som blir lagt fram i samband med framlegging av budsjettet er delt inn i Prioritet 1 (naudsynte tiltak), Prioritet 2 (anbefalte tiltak) og Uprioriterte tiltak. Det er ikkje løyvd midlar til desse tiltaka enda.

For skulane sin del synar det følgjande:

I kategorien Prioritet 1. står det att vedlikehald for 2,20 mill kroner.

I kategorien Prioritet 2. står det att vedlikehald for 3,29 mill kroner.

I kategorien Uprioritert står det att vedlikehald for 3,98 mil kroner.

I tala for uprioriterte tiltak ligg blant anna Vigre skule og Varhaug skule inne med totalt 2,9 mill kroner. Mykje av dette vil bli ein del av den ombygginga som skal gjerast på desse bygga. Det er årleg sett av 1,4 mill kroner til uteområda for skulane. Det er totalt registrert utbetningskostnader knytt til ytre miljø og uteområda i skulane for totalt 2,0 mill kroner.

I høve til symjehallen på Nærbø viser eigne kostnadsberekningar at det vil koste om lag 10,5 mill kroner å setje sjølve bygget i stand. Sidan symjehaller er spesielt krevjande bygg, har kommunen engasjert Cowi for å få gjort ei fagleg vurdering av tilstanden til bygget og utarbeide ei kalkyle over forventede kostnader. Dette er i tråd med tiltak nedfelt i skulebruksplanen.

Rådmannen tilrår å oppretthalde 4,5 mill kroner til investeringstiltak og 1,4 mill kroner til investering i uteområda kvart år i økonomiplanperioden.

## **8. Vigrestad skule, barnehagelokala**

Barnehagen skal etter planen flytte til nye Vigrestad barnehage hausten 2018. Det vil difor bli frigjorte lokala i den delen av bygningen som i dag blir nytta av Nymannsbråtet barnehage. Desse lokala treng oppgradering og tilpassing slik at dei blir eigna for skuledrift. På denne måten blir skulekapasiteten på Vigrestad skule auka med 45-50 elevplassar. I 2017 har dei tidlegare biblioteklokala i 1. etasje på skulen blitt bygd om til klasserom. Dette auka elevkapasiteten tilsvarande med 45-50 plassar.

Rådmannen tilrår å oppretthalde løyvinga på 3 mill kroner i investeringsbudsjettet for 2018.

## **9. Meieriinternatet på Vigrestad**

For å gjere plass til auka behov på Vigrestad skule har det vore det naudsynt å finne nye lokala til folkebiblioteket på Vigrestad. I budsjettet for 2017 blei det vedteke at Meieriinternatet på Vigrestad vil være eit godt eigna lokala til dette. Arbeid med planlegging og prosjektering er for det meste ferdig, og arbeid med søknadsprosess er igangsett. Det er uavklart når dei fysiske arbeida kan bli sett i gang. Søknadsprosessen inneber både søknad om bruksendring og søknad om unntak frå bestemmingar i kommuneplanen. Det blei vedteke å sette av 3 mill kroner til dette i investeringsbudsjett for 2017.

## **10. Kulturtorget**

Det er løyvd 3 mill kroner til naudsynt rehabilitering av Kulturtorget på Nærbø. Arbeid med prosjektering har pågått ei stund, og det er avdekket at bygget ikkje har godkjent bruksløyve. Noverande løyve er frå 1994 og synar at bygget er godkjent som klubblokale. Det er utarbeida ein førebels framdriftsplan for korleis dette skal bli handsama. Det er planlagt ein ny statusgjennomgang og ny kalkyle i januar 2018, etter at arbeidstilsyn og byggesaksavdelinga har gitt sine uttalar.

Rådmannen foreslår å sette vidare arbeid på vent.

### **11. Isolering av nye løa på Hå gamle prestegard**

Loftsetasjen på løa frå 1927 er i bruk kun halve året pga. kulde og fukt. Varmetapet er stort for bygningen totalt sett. I hovudetasjen er det aktivitet og arbeidsplassar/kontor heile året, slik at bygningen ikkje kan stengast av sesongvis. Lokalet i 2. etasje er godt eigna til utstillingar, arrangement, klasserom for «Den kulturelle skulesekken» og til utleige. Utvendig isolering er den beste løysinga. Tømmerarbeid, nytt golv, el-anlegg og enøk-tiltak vil ligge på om lag 3 mill kroner. Vi kan truleg få 1 mill kroner i eksterne tilskot til arbeidet, men vedtak om kommunal finansiering må komme først for å utløyse slike tilskot.

Rådmannen tilrår å sette av 3 mill kroner til dette i investeringsbudsjettet for 2020.

### **12. Sikring av takstein Hå gamle prestegard**

Utfordringa med takstein som lausnar i kraftig vind har akselerert dei siste åra. Lause takstein må sikrast mange gonger kvart år. Dette blir gjort med innleigt lift. Alle fire bygningane på Hå gamle prestegard har takstein som frå starten ikkje vart festa, men som ligg laust på lekter. På sikt bør alle tak (hovudhus, gamle løa, nye løa og Jærhuset) verte betre sikra. I første omgang tak inn mot tunet.

Rådmannen tilrår å sette av 500 000 kr i investeringsbudsjettet for 2018 til å sikre tak inn mot tunet på Hå gamle prestegard.

### **13. Overrislingsanlegg hovudhuset Hå gamle prestegard og brannsikring Obrestad fyr**

I handlingsplan for vedlikehald av Hå gamle prestegard og Obrestad fyr var tiltaka delt inn i A, B og C-prosjekt. Prosjekta det blei sett av midlar til er gjennomførte i økonomiplanperioden og avslutta hausten 2017. Andre prioriterte tiltak (A), som måtte utestå i første runde er:

Brannsikring/overrislingsanlegg hovudhuset/prestebustaden frå 1789. I tiltaksplanen står det:

*«En brann i disse bygningene vil gi en rask overtenning... ingen av bygningene har automatisk slukkeanlegg. Brannvarslingsanlegg bør installeres i begge anlegg jfr forskrift for brannforebyggende tiltak og tilsyn §4-2. Primært overrisling hovedhus Hå og brannalarm tilknyttet sentralt nettverk Obrestad fyr».*

Norsk kulturminnefond kan i spesielle tilfelle gje støtte til bygg i offentlig eige, men gjer primært til privateigde bygg. Kulturavdelinga søker om slike midlar, men kan ikkje kalkulere med å få tildelt dette.

Rådmannen tilrår å sette av 400 000 kroner i investeringsbudsjettet for 2018 til brannsikring.

## Endringar i forhold til økonomiplan 2017-2020 (rådmannen sitt forslag)

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2018	2019	2020	2021
2020	3,5 nye årsverk pga. 50 nye elevar, fortsatt vekst	2 400	4 800	7 200	9 600
2021	Fleire elevar med spes ped behov	1 200	1 200	1 200	1 200
2130	Auka behov vaksenopplæring	700	700	700	700
2021	1 årsverk PPT (barnehage og skule)	700	700	700	700
2010	Grunnbemanninga i barnehagen	1 000	2 500	2 500	2 500
	Auka støtte private barnehagar	750	750	750	750
2021	Auking i spes.ped til Hå-elever i andre kommunar og til elevar på private skular (1331 og 1351)	1 400	1 400	1 400	1 400
2010	Pedagognorm - ca. 20 pedagogar	750	1 800	1 800	1 800
1806	Tillitsvalde	400	400	400	400
	Ansvar for ekstra ferieveke (er flytta frå sentraladm)	400	400	400	400
2024	Skuleskyss GNO-avd	200	200	200	200
2230	Auka skuleskyss	1 500	1 500	1 500	1 500
3859	Tilskot til Jærmuseet	650	650	650	650
3800	Tilskot idrettslag, avtalt auke	800	900	900	900
	OK sin del av IT og servicetorg	1 968	1 968	1 968	1 968
	Netto endring frå førre år	14 818	19 868	22 268	24 668
	SUM auka årsverk	4,50	8,00	11,50	15,00

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2018	2019	2020	2021
	<b>Skule:</b>				
2857	Støtte til privat skule	-150	-150	-150	-150
2021	Eksterne midlar til stilling PPT	-700	-700		
	SUM Innsparing skule	-850	-850	-150	-150
	<b>Barnehage:</b>				
2010	1 stilling mindre Jærmuseet	-650	-650	-650	-650
2010	Styrarstilling i Askeladden - hausteffekt 2018	-330	-800	-800	-800
2010	Sekretærstilling i Askeladden 20% stilling - hausteffekt 2018	-40	-100	-100	-100
2010	Pedagognorm - ca. 20 pedagogar	-1 750	-1 750	-1 750	-1 750
2010	Ikkje sette av midlar til ny avdeling	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
2010	Innsparing pga. ca. 75 færre barn	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
	Sum innsparing barnehage:	-9 870	-10 400	-10 400	-10 400
	Reduserte årsverk barnehage:	-11,20	-11,20	-11,20	-11,20
	Innsparing reinhald 1,3 årsverk	-666	-666	-666	-666
	Redusert 1,3 årsverk reinhald i skule/barnehage	-1,30	-1,30	-1,30	-1,30
	<b>Kultur:</b>				
	Innsparingar kultur vedtekne 2017 fortsetter				
	Sum total innsparing i opplæring og kultur	-11 386	-11 916	-11 216	-11 216
	Sum reduserte årsverk	-12,50	-12,50	-12,50	-12,50
	SUM auke og innsparing	3 432	7 952	11 052	13 452
	Totale endringar årsverk	-8,00	-4,50	-1,00	2,50





# Helse- og sosialsaker

*Budsjettet for 2018 er prega av at behovet for helse og omsorgstenester aukar meir enn inntektene. Noko av dette skuldast auka utgifter innan fleire tenester som følgje av dei flyktingane vi allereie har busett. Det er difor foreslått å dele ut ein del av flyktingemidla på dei tenestene som får høgare utgifter.*

## Mål og strategiar frå kommuneplanen

Eit av kommunen sine hovudmål er å sikra dei eldre ein trygg livssituasjon. Dei eldre skal oppleve mening, og vere ein ressurs i nærmiljøet saman med familien sin.

Eit anna hovudmål er å sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov. Dette hovudmålet har som delmål å sikre best mogleg integrering i lokalsamfunnet, og å gje heilskapelege og koordinerte tilbod til brukarar med samansette behov.

## Drift

### Dei viktigaste utfordringane i komande periode

I løpet av 2017 er det vedteke meir i realauke enn det budsjetttramma aukar. Tunge enkeltsaker gir store utslag i kostnadane. I år vert det vurdert vanskeleg å kutte ytterlegare enn dei kutta som vart gjort i fjor.

Det er lagt inn ein auke i butilbodet for psykisk utviklingshemma frå 2019. Det er fleire som er ferdig med vidaregåande skule og er klar for eigen bustad. Fleire treng så mykje hjelp at det er ein fordel at dei bur saman og ikkje spreidd over heile kommunen. Av den grunn foreslår vi å gjenopprette Gjegnet 30 som barne- og ungdomsbustad når sjukeheimen er flytta tilbake.

I 2016 vart det tre færre vertskommunebebuarar. Helsedirektoratet har lagt om berekningane av vertskommunetilskotet. For Hå kommune betyr det at vi vert trekt 3 millionar kroner meir i 2018 enn antatt i økonomiplanen. Dette fallet i inntekter må verte kompensert med andre midlar.

Veksten innan tenestebehovet for gruppa psykisk utviklingshemma er så stor at vi treng hjelp utanfrå for å finne nye metodar og idear i tenesteleveringa. Vi ønskjer å få til eit forskningsprosjekt saman med den vitskapelege høgskulen VID.

Systematiske brukarundersøkingar er nå i gang og vi ønskjer å få meir kunnskap om kvaliteten på dei tenestene vi leverer. Vi har tatt i bruk KS sine brukarundersøkingar frå Bedre kommune. Med dette kan vi også samanlikne resultatata med andre kommunar. I tillegg tar vi i bruk legeföreninga si brukarundersøking for legevakt og legetenesta.

Til slutt i kapittelet er det ei detaljert oversikt over endringane som er foreslått i budsjettet.

### Driftsbudsjett helse og sosial

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	572 151	572 700	595 076	616 102	627 732	627 532	626 532
Driftsinntekter	-229 692	-190 480	-210 258	-219 750	-212 627	-207 647	-206 647
Netto drift	342 459	382 220	384 818	396 352	415 105	419 885	419 885
Årsverk	528,0	528,9	536,9	540,5	564,7	564,7	564,7

\*) med godkjente endringer per 07.11.2017

### Driftsbudsjett helse og sosial fordelt på ansvarsområder

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Administrasjon	5 973	6 904	3 133	2 908	2 908	2 908	2 908
Institusjon	101 913	107 775	116 199	115 967	126 586	126 586	126 586
Heimetenesten	50 711	59 193	59 891	60 988	61 798	62 938	63 638
Funksjonshemma	61 669	67 614	68 240	72 420	75 170	77 470	76 770
Barnevern	28 269	28 776	32 319	30 443	31 443	31 443	31 443
Sosialhjelp	17 267	16 229	16 662	15 890	16 440	16 440	16 440
Helse	12 129	14 451	14 667	15 412	15 912	15 912	15 912
Lege-fysio	25 402	30 073	28 833	30 429	32 340	32 340	32 340
Psykatri	14 926	17 571	17 444	16 865	17 477	18 417	18 417
Bustader	-7 874	-7 897	-7 897	-8 012	-8 012	-8 012	-8 012
Transport	4 085	4 478	4 702	4 318	4 318	4 318	4 318
Utanfor ramma	-9 700	-50	-7 560	-70	-70	330	330
Eigedom i helse og sosial	37 688	37 104	38 184	38 795	38 795	38 795	38 795
Netto drift	342 459	382 220	384 818	396 352	415 105	419 885	419 885

\*) med godkjente endringer per 07.11.2017

### Endringer i driftsbudsjett samanlikna med sist økonomiplan

Endringer frå førre plan 1000 kroner	2018	2019	2020	2021
Ramme i økonomiplan 2018-2020, 2021 blir sett lik 2020	390 293	392 391	392 203	392 203
Løns, prisvekst og auka avskrivning	9 769	9 769	9 769	9 769
Endringer som er godkjent i løpet av 2017	7 629	7 629	7 629	7 629
Nye tiltak i denne økonomiplanen	8 931	12 960	16 548	16 548
Reduksjon / innsparing	-20 120	-7 644	-6 264	-6 264
Ramme i økonomiplan 2018-2021	396 502	415 105	419 885	419 885

## Årsverk

Tenesteområdet for helse og sosialsaker er svært arbeidsintensivt. Tabellen syner talet på årsverk og endringane frå år til år:

Årsverk	2018	2019	2020	2021
Antal godkjente årsverk i godkjent økonomiplan	537,1			
Godkjente årsverk i løpet av 2017	10,6	10,6	10,6	10,6
Forslag til økte årsverk i 2018-2021	7,1	17,1	18,4	18,4
Forslag til justert nedtrapping av årsverk i 2018-2021	-11,4	-3,4	-3,4	-3,4
Av dette forslag nedtrapping vertskommune 2019-2021		-1,0	-2,0	-3,0
SUM årsverk innan helse og sosial	540,5	564,7	564,7	564,7
Av dette Eigedomsavdelinga	22,6	22,6	22,6	22,6

## Administrasjon

Tenesta er felles administrasjon for tenesteområdet. Administrasjonen arbeider med planlegging, dagleg drift, saksbehandling, service til tenesteutøvarar, opplæring, vedlikehald og kompetanse. Administrasjonen er også støtte for bruken av ulike fag- og journalsystem. Budsjett og rekneskap, innkrevjing av refusjonar og betaling frå brukarar, interne og eksterne rapportar og service til publikum er andre oppgåver i administrasjonen.

### Mål

Arbeida for å effektivisera administrasjonen av tenesteområdet og samtidig gje god service til tenesteutøvarane våre og innbyggjarane.

### Driftsbudsjett administrasjon

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1200 Administrativ leiding	6 473	6 989	4 752	5 275	5 275	5 275	5 275
1203 Økonomi/regnskap	801	989	402	0	-	-	-
1206 Sentralbord/post	1 237	1 303	357	200	200	200	200
1300 Adm.lokale	-2 538	-2 378	-2 378	-2 567	-2 567	-2 567	-2 567
Driftsutgifter sum	11 443	11 699	7 928	8 032	8 032	8 032	8 032
Driftsinntekter sum	-5 470	-4 795	-4 795	-5 123	-5 123	-5 123	-5 123
Netto drift	5 973	6 904	3 133	2 908	2 908	2 908	2 908
Årsverk	10,5	10,0	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

## Tiltak

- Administrasjonen i helse og sosial vart i 2. tertial 2017 redusert med 5,2 årsverk. 0,6 årsverk er flytta til helsestasjonstenesta, 0,4 årsverk til legetenesta, 0,6 årsverk til barnevernet, 1,6 årsverk til institusjon, 1 årsverk til heimetenesta, 1 årsverk til PU tenesta. Tiltaka vart gjort for at kostnadane skal førast rett i forhold til KOSTRA og gje meir korrekt samanlikning med andre kommunar.

## Pleie og omsorg

Kommunen tildeler tenester etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå).  
Trappetrinna i LEON er:

1. Naudsynt helsehjelp vert gitt i eigen heim.
2. Omsorgsbustad i nærleiken av bu- og velferdssenter.
3. Tenestetilbod i sjukeheim når behovet for omsorgstenester er så omfattande at det krev kontinuerleg oppfølging, teneste eller spesiell kompetanse.

Det er eit mål at grupper med særskilde behov skal integrerast på best mogleg måte i lokalsamfunnet. Det vil seie i eigne bustadar og leve mest mogleg sjølvstendig.

Pleie og omsorg er delt inn i tenesteområda institusjon, heimetenester og tenester for funksjonshemma.

### Institusjon

Kommunen har fleire institusjonar som gir tilbod om opphald heile døgnet. Desse er: Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim, Heimtun bu- og velferdssenter, Blåbærtua avlastningsheim, Vinkelbygget og fleire barnebustadar.

Tenesteområdet har også dagavdeling for institusjonsbebuarar, fellestenester og terapibassenget Stampen.

### KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan institusjon

KOSTRA Utdrag nøkkeltall institusjon	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og over	23,0	22,6	22,8	17,1	16,9	15,8	18,3	18,0	17,0	18,9	18,7	18,6
Tal på bebuarar i institusjonar 80 år og over	65,4	67,2	63,1	77,0	74,3	70,2	62,2	65,3	68,6	67,4	68,3	67,0
Tal på innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	15,1	14,4	13,9	12,2	11,3	11,8	11,1	11,2	11,8	13,3	13,5	13,1
Tal på bebuarar i institusjon av tal på plassar (belegg)	97,1	96,7	94,2	83,1	80,3	85,9	87,9	86,7	89,9	95,1	96,0	96,5
Tal på plassar sett av til tidsavgrensa opphald	12,9	13,5	15,1	20,3	30,8	20,3	20,2	20,2	20,2	20,1	19,2	17,5
Tal på plassar sett av til rehabilitering/habilitering	8,6	8,5	8,6	5,1	17,6	5,1	15,2	20,2	18,2	10,2	9,4	7,5
Legetimar pr. uke pr. bebuar i sjukeheim	0,49	0,51	0,59	0,51	0,51	0,48	0,56	0,65	0,61	0,58	0,59	0,62
Utgifter per bebuardøgn i institusjon	3 245	3 400	3 715	4 024	4 165	4 259	4 400	4 384	4 329	3 486	3 490	3 618
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 063 844	1 109 164	1 188 326	1 213 264	1 099 545	1 324 466	1 248 283	1 233 894	1 245 702	1 118 720	1 127 414	1 176 809

KOSTRA-samanlikninga i tabellen over syner at Hå kommune har mange institusjonsplassar per innbyggjar over 80 år (22,8 prosent) samanlikna med nabokommunane og Rogaland. Hå kommune er også den einaste av Jærkommunane som har institusjonsplassar innan psykisk helse. Talet på innbyggjarar over 80 år som bur i institusjon går framleis ned (13,9 %), men er framleis høgast på Jæren og over snittet i Rogaland. I siste økonomiplan lot vi fire senger stå utan bemanning for å lette tømning av sjukeheimen i samband med påbygginga. Dette viser igjen med lågare utnyttingsgrad (94,2%).

Når det gjeld legedekning i institusjon ligg Hå kommune noko under snittet for Rogaland. Men talet har betra seg litt kvart år.

Hå kommune ligg litt under på kostnadsnivå pr. institusjonsplass samanlikna med nabokommunane, og litt over snittet i Rogaland.

### Mål

Påbygging av Hå sjukeheim er eit stort prosjektet. Parkeringsdelen av prosjektet er avslutta og nå begynner arbeidet med sjølv påbygginga. Prosjektet er venta ferdigstilt i byrjinga av 2019.

## Driftsbudsjett institusjon

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Institusjonsplasser	142	138	138	138	143	143	143
2530 Institusjonspleie	95 846	101 825	110 343	109 709	120 534	120 534	120 534
2532 Dagavdeling	1 899	1 615	1 633	1 599	1 599	1 599	1 599
2533 Vaskeri	2 170	2 211	2 229	2 230	2 230	2 230	2 230
2534 Kjøkken	1 942	1 692	1 736	2 013	2 013	2 013	2 013
2610 Drift av institusjon	591	608	430	410	410	410	410
2611 Terapibasseng	-535	-176	-171	6	-200	-200	-200
Driftsutgifter	172 544	164 263	178 001	177 676	189 045	189 045	189 045
Driftsinntekter	-70 631	-56 488	-61 801	-61 709	-62 459	-62 459	-62 459
Netto drift	101 913	107 775	116 199	115 967	126 586	126 586	126 586
Årsverk	185,0	174,8	187,3	184,9	201,2	201,2	201,2

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

## Tiltak

Teneste 2530 institusjonspleie:

- Synergjar på til saman 750.000 kr er trukke frå Vinkelbygget
- Redusera kostnaden på Hå sjukeheim med 7 mill. kroner i 2018 på grunn av forseinka ferdigstilling av dei to nye etasjane.
- Nedtrapping 4. etg Hå sjukeheim 0,5 mill kroner som følgje av nedgang i vertskommunemiddel.
- Redusere inntekta på institusjon med 1 mill kroner som følgje av at korttidspasientar kjem raskare heim enn 60 dagar, og at innbyggjarar utan inntekt får plass på institusjon.

Teneste 2611 Terapibasseng:

Terapibassenget Stampen er nå stengt på grunn av påbygginga av Hå sjukeheim. Det er ikkje avklart når bassenget kan opne igjen. Budsjettet har tatt høgde for at bassenget er stengt i heile 2018.

## Heimeteneste

Kommunen har fire dagavdelingar/velferdssenter for eldre fordelt på dei ulike distrikta. Dagsentra for eldre har som mål å gje dei eldre eit mest mogleg aktivt og meningsfylt fellesskap med andre. I velferdssentra vert det drive ulike former for aktivitetar. Eksempel er trimgrupper, kulturelle tiltak og tilrettelegging for sosialt fellesskap. Alle velferdssentra er for eldre generelt, det er ikkje skilje mellom tilbod til alle og tilbod til grupper med spesielle behov.

Heimesjukepleie er eit godt, raskt og fleksibelt helsetilbod levert i heimen. Det er ikkje eigenbetaling for tenesta. Tildeling vert heimla gjennom enkeltvedtak. Lindrande omsorg og kvardagsrehabilitering er ein del av tenesta heimesjukepleie.

Praktisk bistand sikrar hjelp til praktiske gjeremål i dagliglivet, eigenomsorg og personleg stell. Det er eigenbetaling for tenesta og det er lagd opp til ein auke i betalinga på 2,6 prosent (deflator oppgitt i statsbudsjettet). Tildelinga av tenesta vert heimla gjennom enkeltvedtak. Omsorgsløn er ein del av denne tenesta.

## KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan heimetenester

KOSTRA Utdrag nøkkeltall heimetenester	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Mottakere av heimetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	17	18	17	16	17	19	16	16	18	16	17	17
Mottakere av heimetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	57	56	54	53	47	55	65	64	60	62	59	58
Mottakere av heimetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	367	340	317	304	286	293	310	298	245	318	301	280
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av heimetjenester (i 1000 kroner)	226	224	251	292	279	291	244	258	272	262	265	281
Andel beboere i bolig til pleie- og omsorgsformål 80 år og over	18,7	18,5	20,1	22,8	20,7	16,1	16,7	11,4	7,6	29,8	28,4	26,6
Andel beboere i bolig m/ heldøgns bemanning	22,2	24,4	30,4	22,1	15,7	21,9	37,5	40,9	40,5	52,2	53,2	55,5
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	18,8	15,3	15,6	21,3	21,3	22,4	25,9	25,7	26,2	22,9	23,4	23,5
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	5,0	5,2	4,9	14,4	15,2	2,1	11,2	8,3	5,2	9,3	9,3	9,0
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesjuepleie	7,3	7,2	7,4	5,2	6,3	16,9	5,3	6,1	8,6	5,9	5,9	6,7
Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken. Brukere utenfor institusjon	10,2	10,1	9,8	12,3	13,0	10,9	11,8	10,5	10,7	11,6	11,5	11,5

KOSTRA-tala syner at Hå kommune ligg på same nivå som andre kommunar i Rogaland når det gjeld talet på mottakarar av heimetenester. For aldersgruppa over 80 år ligg Hå høgast.

Hå kommune har lågast del av brukarar med omfattande hjelpebehov. Bakgrunnen for dette er mest sannsynleg at Hå har høgare sjukeheimsdekning.

Praktisk bistand har vorte nedprioritert i fleire år. Det siste året viser i samanlikninga at Time og Klepp nå har redusert si teneste, og er nå på nivå med Hå kommune. Hå kommune gav i fjor meir heimesjuepleie per veke, men nå har Time og spesielt Klepp auka si teneste og ligg nå høgare enn Hå.

### Mål

- Vi ynskjer å leggja til rette for at innbyggjarane kan bu så lenge som mogleg i eigen heim.
- Å gjennomføra brukarundersøking for dei som nyttar dagsentertilbod i kommunen.

### Driftsbudsjett heimetenester

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2340 Dagsenter for heimeb.	7 284	6 590	5 945	6 625	6 735	7 175	7 175
2540 Heimesjuepleie	29 995	37 961	39 101	41 635	42 335	43 035	43 735
2542 Heimehjelp	13 433	14 675	14 845	12 729	12 729	12 729	12 729
Driftsutgifter	58 146	66 127	67 129	69 821	70 521	71 221	71 921
Driftsinntekter	-7 435	-6 935	-7 238	-8 832	-8 722	-8 282	-8 282
Netto drift	50 711	59 193	59 891	60 988	61 798	62 938	63 638
Årsverk	72,5	80,9	81,9	82,1	83,1	84,1	85,1

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Forslag om å utsette auka av det eine årsverket til heimesjuepleie i 2018, jf. gjeldande økonomiplan. Auka i årsverk vert ført vidare frå 2019 til 2021.
- Heimlane vert justerte og 0,14 heimel vert ført til tenesteområde heimesjuepleie og 0,05 heimel til tenesteområde dagsenter for heimebuande frå tenesteområdet funksjonshemma.
- Vi foreslår å flytta over 3,58 heimlar frå heimehjelp til heimesjuepleie for å få tenestene meir i samsvar med slik dei vert utøvd.

## Funksjonshemma

Tenesteområdet har ansvar for teneste som støttekontakt til eldre og funksjonshemma, aktivitetstilbod og avlastningstilbod til funksjonshemma. Tenestene inkluderer kjøp av arbeidsplassar hjå Jæren Industripartner AS og Kvaleberg Industri.

Tenesteområdet har i tillegg ansvar for brukarstyrd personleg assistent (BPA). BPA er ei teneste som går inn under praktisk bistand etter Helse- og omsorgstenestelova. Tenesta vert gitt til personar med eit stabilt sjukdomsbilete eller stabil funksjonshemming. Brukaren knyt til seg ein eller fleire assistentar som hjelper til med daglege gjeremål. Tenesta BPA er frå 1.1.2015 ein rett i lovverket.

Teneste gitt i bufellesskap er også avdeling for funksjonshemma sitt ansvar. Hovudgruppa av brukarar er personar med psykisk utviklingshemming. Det vert også gitt tenester til heimebuande med fysiske funksjonshemmingar.

Etter kvart som vertskommunebebuarar fell frå vert vertskommunetilskotet redusert. Dette fører til at vi må redusera ressursane til tenesta. Talet på vertskommunebebuarar pr. 01.01. kvart år er grunnlag for utbetaling året etter. I 2016 var det eit fråfall på tre klientar som fører til 4,5 mill mindre tilskot i 2018. Nedtrappinga vert vanskeleg då Hå-buarar med behov har flytta inn etter kvart som det vart ledige plassar. Budsjettet er redusert 1,2 mill kroner i 2018 delt på tenesteområda 2530 institusjon og 2545 funksjonshemma. Med det behovet vi nå ser vil vi ikkje få til nedtrappinga i framtida. Det er lagt inn ein reduksjon på eit årsverk og 0,7 mill kroner frå og med 2019. Inntektene går ned med anslagsvis 4,5 mill i 2019, 3 mill i 2020 og 2021 når vi reknar med eit fråfall på tre personar i 2017 og to personar i 2018 og 2019.

### Mål

- Å få fleire til å klara seg mest mogleg sjølvstendig i eigen bustad.

### Driftsbudsjett funksjonshemma

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2342 Støttekontakt	2 894	2 570	2 584	2 651	2 651	2 651	2 651
2343 Aktivitetstilbod	4 057	4 187	4 203	4 207	4 207	4 207	4 207
2543 Personleg assistent	2 665	2 098	2 115	2 636	2 636	2 636	2 636
2348 Frivillighet	-	-	-	50	500	500	500
2545 Funksjonshemma	50 774	57 218	57 799	61 383	63 683	65 983	65 283
2549 Anna hjelp i heimen	1 278	1 540	1 540	1 493	1 493	1 493	1 493
Driftsutgifter	92 168	93 802	97 579	104 098	106 848	109 148	108 448
Driftsinntekter	-30 499	-26 188	-29 338	-31 678	-31 678	-31 678	-31 678
Netto drift	61 669	67 614	68 240	72 420	75 170	77 470	76 770
Årsverk	112,1	112,4	113,4	118,3	125,3	124,3	123,3

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

Tenesteområde 2545 funksjonshemma:

- Ein ny bebuar i eit bufellesskap treng 1,5 årsverk til 1,13 mill kroner



- Auka ressursbehov for ein person i bufellesskap natt og helg med 3 årsverk. Kostnad 2,29 mill kroner der refusjonen er rekna til 1,83 mill kroner.
- Vi klarer ikkje få til nedtrapping i kostnad som svarar til bortfall i inntekt. Per 1.1.2017 var det 18 vertskommunebebuarar igjen, og per oktober i 2017 har to personer falt frå. Når vertskommunebebuarane fell frå, overtar andre med behov plassane. Det er ikkje mogleg med ei nedtrapping på meir enn eit årsverk og 0,7 mill årleg.
- Fleire står i kø for å få eigen bustad. Dei treng også omfattande tenester. Vi foreslår å opne Gjegnet 30 som eit bufellesskap frå midten av 2019. Det er lagt inn ein auke i ressursane med 3 mill i 2019 og 6 mill i 2020 i driftskostnadar
- Auka behov for støttekontaktar. Foreslår å auka budsjettet med 60.000 kroner per år.
- Veksten i tenesteområdet er høgare enn veksten i kommunen sine inntekter. Av den grunn er vi kontakt med eksterne kompetansmiljø med tanke på eit forskningssamarbeid. Vi vil der sjå om vi kan rigge tenestene i område annleis.
- Rådmannen foreslår sommaravlastning i Blåbærtua på 200.000 kr vidareførar i 2021, for å kunna gje sommaravlastning til foreldre som treng det.
- Det er foreslått små justeringar for at budsjetta for tenestene skal vere meir i samsvar med slik dei blir gitt. Det ver overført 0,14 heimlar til heimesjukepleien og 0,05 heimel til dagsenter for psykisk utviklingshemma.
- Teneste 2348: Vi legg inn 200.000 kr som skal fordelast til lag og organisasjonar som driv frivillig arbeid i tråd med kommunen sine prioriteringar. Vi planlegg ei opptopping til 500.000 kr frå 2019. I 2018 vert det også lagt inn 0,5 årsverk for å leia arbeidet med å få opp aktivitetsnivået på frivillig sektor, spesielt innan integrering av flyktingar og andre innan helse og sosial. Dette vert delfinansiert frå flyktingemidlar for integreringstiltak. Plan for frivillig arbeid forventas ferdig i løpet av 2018. **Kommunestyret vedtok å utsette stillinga på frivillighet med eit halvt år.**

## Barnevern

Barnevernet har ansvar for å ta i vare barnet sitt beste. Det betyr oftast å setja inn tiltak som kan få heimen til å fungera slik at barnet kan bu heime. For å unngå overtaking av omsorga kan det verta sett inn kontroll- og endringstiltak i heimen.

I spesielle heimesituasjonar kan det vere behov for å gje foreldre avlastning eller å sikre miljøskifte for barn. Det kan tildelast støttekontakt til barn som har behov for fylgje for å fungere i sosiale situasjonar, opptrening av funksjonar eller vaksenkontakt. Barnevernet kan også nytta førebyggjande tiltak som ferie og andre tiltak i fritida for å gi barn og unge høve til utvikling og meistring.

Ved omsorgsovertaking til fosterheim gir kommunen kompensasjon til fosterforeldre og også frikjøp frå arbeid slik at fosterforeldra kan ta seg av barn med spesielle utfordringar. Ein stor del av utgiftene skuldast ulike forsterkingstiltak i fosterheim, i tillegg til utgifter knytte til barn som har diagnoser og utfordringar som krev spesielle tiltak.

Institusjonsplassar er for dei barna det ikkje lukkast å finne fosterheim til. Det er ofte barnet si åtfærd som er grunnen når det ikkje lukkast å finne ein fosterheim.

## KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan barnevern

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Barnevernet	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesten	4 806	5 424	6 275	6 160	6 288	5 756	6 363	7 037	6 343	7 081	7 252	7 529
Del av netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	62,4	64,2	58,3	56,6	55,0	48,6	58,7	59,2	52,9	58,4	60,2	57,6
Barn med melding ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	4,7	4,2	5,1	4,7	4,4	4,6	4,9	4,7	5,3	:	:	:
Barn med undersøking ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	4,6	5,1	5,4	4,6	4,7	5,1	4,7	4,9	5,1	:	:	:
Del av barn med barnevernstiltak ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	3,9	4,5	4,7	3,8	3,7	3,9	3,8	5,2	4,6	:	:	:

Kostnaden til barnevernstenesta i Hå har auka dei siste åra. Nå ligg Hå på nivå med dei andre kommunane. For nokre år sia låg Hå betydelig lågare. Når vi samanliknar netto driftsutgift per barn plassert av barnevernet, ligg Hå kommune høgast. Dette skuldast mellom anna høge fosterheimsutgifter. Kostnadane avhenger av kva kvart enkelt barn krev av oppfølging frå fosterfamilien. Må ein av foreldra til dømes frikjøpas frå sitt arbeid. Det har også i 2017 vore arbeidd med å få utgiftene ned gjennom reforhandling av avtalane og lågare kostnadsnivå på nye fosterheimsavtalar. Vi har oppnådd ein nedgang, men Hå ligg framleis høgast på Jæren og litt over snittet i Rogaland.

Talet på meldingar har gått opp i alle dei tre kommunane. Hå ligg litt høgare på tal på undersøkingar og nå også høgast når det gjelder tal på barn med barnevernstiltak.

### Mål

Målet for barnevernet er å vere ei teneste med høg kvalitet. Tiltak som vert vedtekne skal evaluerast og dei som ikkje fungerer slik dei var tenkt, skal avsluttast. Fosterheim vert prioritert før institusjon, då vi vurderer det er betre for eit barn å få vekse opp i ein familie.

### Driftsbudsjett barnevern

Netto ressursbruk	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1000 kroner	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2440 Barnevern	5 325	7 394	7 537	8 463	8 463	8 463	8 463
2510 Barnehage	77	150	150	140	140	140	140
2512 Besøksheim	2 658	1 521	4 321	3 283	3 583	3 583	3 583
2514 Støttekontakt	226	236	236	236	236	236	236
2519 Andre t.t. I heimen	3 882	2 704	3 204	2 674	3 374	3 374	3 374
2520 Fosterheim	14 001	13 521	13 121	13 647	13 647	13 647	13 647
2521 Institusjon	115	1 150	1 650	1 000	1 000	1 000	1 000
2529 Andre t.t.utenf.heimen	1 985	2 100	2 100	1 000	1 000	1 000	1 000
Driftsutgifter sum	33 404	32 203	36 147	35 013	35 013	35 013	35 013
Driftsinntekter sum	-5 135	-3 428	-3 828	-4 570	-3 570	-3 570	-3 570
Netto drift	28 269	28 776	32 319	30 443	31 443	31 443	31 443
Årsverk	13,5	13,5	14,1	14,1	14,1	14,1	14,1

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

Prognosen for 2017 tilseier at barnevernet kjem til å bruka 3,4 mill kroner meir i 2017 enn budsjettet. Vi har foreslått ein auke på 2 mill kroner av budsjettet i 2018 samanlikna med opphavleg budsjett for 2017 totalt innan barnevernsområdet. Som følgje av fleire kompliserte saker, foreslår vi auka overføring av flyktingemidlar med 1 mill kroner i 2018.

## Tiltak

- Satse meir på ulike tiltak i heimen enn omsorgsovertaking.
- Besøksheim som avlastning er foreslått auka med om lag 2 mill kroner.
- Andre barnevernstiltak i heimen er foreslått auka med om lag 0,7 mill kroner.
- Barnevernstiltak utanfor heimen er foreslått redusert med 1,1 mill kroner.
- Utgifter til advokat er foreslått auka med 200.000 kr.
- Fosterheimsveileining er foreslått auka med 200.000 kr.
- For øvrig små justeringar mellom dei ulike tenestene innunder barnevernet.

## Sosial

Sosial omfattar tenester knytt til vanskeleg økonomi, arbeid/sysselsetting, bustad, gjeld, rus, psykiatri og familieproblem.

Kommunale gjennomgangsbustadar vert nytta til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje klarer å skaffe seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Etter § 3-7 i Helse- og omsorgstenestelova er kommunen "forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv".

Sysselsettingstiltak omfattar tiltak som høyrer til vedlikehaldsverkstaden og sosialtenesta. Det er tilbod til personar som ikkje oppnår arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.

Kvalifiseringsprogrammet kan tildelast for ein periode på inntil eitt år. Etter ny vurdering kan dette verta forlenga med eit år, eventuelt meir om det er naudsynt.

### KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan sosialhjelp

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Sosialhjelp	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	1 030	1 349	1 416	1 554	1 394	1 800	1 574	1 851	1 879	1 815	1 941	2 168
Sosialhjelpsmottakere	291	351	362	349	330	382	442	455	482	:	:	:
Samlet stønadssum (bidrag + lån)	11 589 276	15 988 771	18 094 582	15 383 754	15 083 905	17 087 882	15 902 037	19 471 307	22 348 919	17 670 185	:	:
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	7 585	8 411	8 202	9 060	9 632	9 649	6 764	7 339	7 400	:	:	:
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	4,4	5,0	5,5	4,0	4,1	4,1	4,8	5,1	5,8	:	:	:
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	5,6	5,6	6,3	5,3	5,0	4,9	5,5	6,1	6,4	:	:	:
Sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer	116	141	178	123	117	120	176	210	243	:	:	:
Andel mottakere med sosialhjelp som hovudinntektskilde	43	45	48	51	58	56	40	40	44	:	:	:
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggjeme 18-24 år	4,6	5,7	5,4	5,3	5,4	6,4	6,7	6,3	6,8	:	:	:

Tabellen over syner at talet på mottakarar av sosialhjelp steig minst i Hå i 2016. På netto utgifter til sosialtenesta per innbyggjar ligg Hå klart lågast både samanlikna med dei andre Jærkommunane og snittet i Rogaland. Hå har den lågaste andelen av unge sosialhjelpsmottakarar med ein nedgang frå 2015. Både Klepp og Time hadde ein auke for denne gruppa.

## Mål

Det vert satsa systematisk på å få alle friske personar ut i arbeid. Dette vert gjort anten ved hjelp av kvalifiseringsordninga, sysselsettingstiltaket «Ungdom i arbeid», eller arbeidspliktordninga. Andre mål er å fortsetje arbeidet med å få personar ut i arbeidslivet gjennom praktisk retta tiltaksplassar og å følgje opp dei foreslått tiltaka i plan mot barnefattigdom.

## Driftsbudsjett sosial

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett 2017			Økonomiplan		
		2017	*)	2018	2019	2020	2021
2420 Rådgjeving	3 272	3 565	3 663	3 354	3 904	3 904	3 904
2651 Beredskapsbustader	-3 229	-4 306	-4 306	-4 526	-4 526	-4 526	-4 526
2730 Org. Sysselsetting	1 328	1 020	1 044	1 285	1 285	1 285	1 285
2760 Kvalifiseringsordninga	2 915	3 000	3 011	2 977	2 977	2 977	2 977
2810 Livsopphald	12 982	12 950	13 250	12 800	12 800	12 800	12 800
Driftsutgifter sum	28 932	26 945	27 429	27 607	27 607	27 607	27 607
Driftsinntekter sum	-11 665	-10 716	-10 767	-11 717	-11 167	-11 167	-11 167
Netto drift	17 267	16 229	16 662	15 890	16 440	16 440	16 440
Årsverk	11,8	11,9	11,9	11,9	11,9	11,9	11,9

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Opningstida for kontakt utan avtale er begrensa til mellom kl.12-14 på kvardagane. Det ble fjernet 0,5 heimel i NAV som følgje av reduksjon i administrasjonskostnader i økonomiplanen 2017-2020. Denne heimelen foreslås tilbakeført og finansiert av flyktningemidlar fordi det er meir arbeid med å få flyktningar kvalifisert for arbeidslivet. Totalt 350.000 kr.
- Anbefaler å tilføre 650.000 kr av flyktningemidla i tillegg i 2018 og trappe ned til 250.000 kr i resten av økonomiplanperioden.
- 0,5 heimel er flytta over frå teneste 2730 org. sysselsetting til teneste 2430 rusvern.

## Helsestasjonar og anna førebyggjande helseteneste

Helsestasjonen driv førebyggjande helsearbeid, oppfølging av barn og unge, i tillegg til rettleiing av foreldre. Skulehelsetenesta er ein sentral aktør i det førebyggjande arbeidet. Kontaktflata dei har mot alle barna i skulen gir spesielle moglegheiter til å fange opp dei som treng hjelp tidleg.

### KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan helsestasjonar mm

KOSTRA Utdrag nøkkeltall helsestasjon mm	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	3 449	3 706	4 714	5 329	5 876	7 072	5 746	6 354	8 894	6 346	6 715	7 656
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	1 094	1 142	1 415	1 565	1 671	1 955	1 828	1 987	2 703	1 889	1 974	2 204
Netto driftsutgifter til forebyggjande arbeid, helse pr. innbygger	145	176	200	122	133	151	72	93	76	122	149	157
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år.	46,2	61,2	58,8	48,3	53,8	58,2	55,7	63,8	70,4	51,3	56,1	58,9
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte.	35,0	34,5	67,6	14,2	75,2	85,1	56,1	76,9	71,7	43,7	48,8	48,5

Hå er på nivå med Klepp og snittet i Rogaland på helsesystem-årsverk per innbyggjar 0-5 år. Time ligg høgare. Hå ligg veldig lågt på kostnadssida for denne gruppa sjølv om årsverk helsesøster er like. Årsaka er nok at mykje meir vert ført på administrasjonen i Hå enn det som er rett i forhold til forbruk.

Hå ligg lågast på helsesøster i skulehelsetenesta. Det er eit mål å auke dette når det er tilsett kvalifiserte helsesøstrer i alle stillingane.

Årsak til auka ressursinnsats til jordmødrer er ny stillingsheimel i 2016.

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som kan påverke innbyggjarane si helse. Ein stor del av arbeidet her vert gjort gjennom interkommunal ordning. Satsane for betaling vert vedtekne av representantskapet i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS. Det er forventna same nivå på tenesta og ei prisstiging på om lag 2,6 prosent. Kontroll av vatn på badeplassar kjem inn under dette kapittelet. Oppfylging av asylmottak og kjøletårn, i tillegg til godkjenning og tilsyn med skular og barnehagar er prioriterte område. Reisevaksine er ført på denne tenesta og skal vere til sjølvkost.

Frisklivs- og meistringssenteret er ein del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Dei tek i mot personar som er tilviste med Frisklivsresept frå legar, fysioterapeutar og NAV. Senteret gir rettleiing om trening, kost og røykeslutt. Dei deltek i samhandlingstiltak som Lærings- og meistringssenter innan psykiatri og «Aktiv på dagtid», begge interkommunale tiltak der Jæren Distriktpsikiatriske senter er med. «Folkepulsen» er eit samarbeid med idrettslaga gjennom Idrettsrådet. Det er tilsett ein folkehelsekoordinator i 50 % stilling som skal koordinera folkehelsearbeidet i heile kommunen. Folkehelsearbeidet har som tverrfagleg siktemål å samla innsatsen i kommunen for å styrke faktorar som medverkar til betre helse og trivsel, og å svekka faktorar som fører til helsesisiko.

## Mål

Tenesta inngår som ein del av kommunen sitt førebyggjande - og helsefremjande arbeid. Arbeidet i helsestasjonane inneber rettleiing, helseundersøking, vaksinerings, oppfølging, informasjon og tilvising vidare etter behov.

- Fremje folkehelse slik at sosiale helseforskjellar vert utjamna. Folkehelsearbeidet skal fremje innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, og søke å førebygge sjukdom, skade og lidning.
- Forankre det løypande folkehelsearbeidet gjennom kommunen sitt nye, heilskapelege styringssystem.

## Driftsbudsjett helse

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2320 Helsestasjon	5 274	7 400	7 603	7 776	8 276	8 276	8 276
2325 Skulehelseteneste	3 883	3 817	3 817	3 886	3 886	3 886	3 886
2326 Tannhelseteneste	-660	-666	-666	-675	-675	-675	-675
2332 Miljøretta Helsevern	1 795	1 737	1 737	2 122	2 122	2 122	2 122
2334 Helseopplysning	292	329	329	362	362	362	362
2335 Friskliv	1 500	1 784	1 798	1 496	1 496	1 496	1 496
2336 Medisinsk attføring	45	49	49	48	48	48	48
2337 Folkehelsa	-	-	-	397	397	397	397
Driftsutgifter	15 286	16 690	17 312	18 245	18 245	18 245	18 245
Driftsinntekter	-3 156	-2 239	-2 645	-2 833	-2 333	-2 333	-2 333
Netto drift	12 129	14 451	14 667	15 412	15 912	15 912	15 912
Årsverk	16,9	17,3	17,9	17,9	17,9	17,9	17,9

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

## Tiltak

- Foreslår å finansiera 500.000 kr av helsestasjonstenesta med flyktingemidlar i 2018 då mange flyktingar nyttar denne tenesta.

## Legar, fysioterapeutar og ergoterapeutar

Fastlegane i Hå er i hovudsak tilsett i kommunen. Kommunen har eiga legevakt på Bekkeheien, Nærbø. Legevakttelefonen er nå betent heile døgnet og vert også betent for kommunane Eigersund, Sokndal, Bjerkreim og Ualandsdelen av Lund.

Kommunen sine utgifter til fysioterapi er knytte til løn av fast tilsette og driftstilskot til fysioterapeutar med driftsavtale. Ergoterapi og fysioterapi er viktige element i det å gjere rehabiliteringspasientar i stand til å kome seg ut frå sjukeheimen, anten heim eller over i ein omsorgsbustad.

### KOSTRA-tala for 2016 viser dette innan kommunehelsetenesten

KOSTRA Utdrag nøkkel tall Kommunehelsetenesten	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetenesten	1 561	1 685	1 806	1 761	1 891	2 020	1 873	1 996	2 295	2 058	2 106	2 264
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	1 076	1 157	1 166	1 148	1 239	1 272	1 259	1 316	1 423	1 403	1 402	1 491
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetenesten	10	9	9	10	11	11	9	9	10	10	9	10
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetenesten	7,0	7,3	7,2	6,7	6,4	6,4	6,1	6,7	7,3	7,2	7,3	7,4
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	7,9	7,3	7,5	8,9	9,4	9,2	8,1	7,9	9,0	7,8	7,7	8,0
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	5,8	6,1	5,9	5,0	5,0	4,8	4,5	5,2	5,6	6	6	6
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	2,3	2,7	4,3	3,6	2,8	4,1	3,6	3,8	4,2	3,6	3,7	4,1
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	11,7	11,5	13,5	8,7	7,7	9,1	9,1	9,5	9,9	11,2	11,2	11,8
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 027,0	1 044,0	1 052,0	1 430,0	1 282,0	1 305,0	1 167,0	1 290,0	1 125,0	1 351	1 334	1 325

Hå har lågare driftsutgifter innan kommunehelsetenesta enn snittet for dei andre kommunane i Rogaland. Hå ligg også lågast i talet på legeårsverk. Hå ligg på nivå med dei andre kommunane på årsverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar. Behovet for fysioterapeutar er aukande. Det kjem fram gjennom auka ventetid på behandling.

Hå er høgast av Jærkommunane på årsverk til rehabilitering.

## Mål

- Gje ei fagleg god fastlege- og legevaktteneste.

Prinsippa for tenesteyting er deltaking og meistring, og at den moglegheita skal vere lik for alle. Med deltaking og meistring forstår vi i denne samanhengen, den enkelte brukar si moglegheit og evne til å delta og meistre aktivitetar som gir meiningsfull kvardag, gjennom å utnytte eigne ressursar.

### Driftsbudsjett lege-fysioterapi

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2410 Lege	9 705	13 430	12 474	14 134	14 634	14 634	14 634
2412 Legevakt	5 570	5 908	5 576	5 345	6 545	6 545	6 545
2416 Fysio- ergoterapi	6 649	7 314	7 362	7 493	7 704	7 704	7 704
2561 Akutthjelp	3 479	3 421	3 421	3 457	3 457	3 457	3 457
Driftsutgifter	51 024	52 204	53 043	56 263	56 674	56 674	56 674
Driftsinntekter	-25 621	-22 131	-24 210	-25 834	-24 334	-24 334	-24 334
Netto drift	25 402	30 073	28 833	30 429	32 340	32 340	32 340
Årsverk	45,7	47,1	47,5	49,2	49,2	49,2	49,2

## Tiltak

- Legevaktstelefonen aukar bemanninga med ei vakt kvar laurdag og søndag på Bekkeheien. Dette betyr 0,5 stilling og ein kostnad på 350.000 kr.
- Kostnaden for auka bakvaksordning for legane som følgje av nye akutforskrifter frå 1.5.2018 er berekna til 500.000 kroner.
- Pålagt lydlogg på legevakta aukar driftskostnadene med 40.000 kroner.
- Både busette flyktningar og asylsøkarar busett på Nærland nyttar legevakta. Vi foreslår at 1 mill vert finansiert av flyktningemidla i 2018.
- Ny lege og 0,2 legekortpersonale er planlagt i økonomiplanen frå 1.1.2018. Planlegg at bemanninga er på plass 1.5.2018.
- Foreslår å auke inntekta frå legetenesta med 1 mill. kroner.
- Flyktningane nyttar legetenesta og vi foreslår at 500.000 kr vert finansiert av flyktningemidla i 2018.
- Driftstilskott til privat fysioterapeut vert skyvd fram frå 2020 til 2018 på grunn av auke i ventetid hos fysioterapeutane. Får kun eit halvt års verknad i 2018 på 210.000 kr.
- Auka inntekt på grunn av ei omlegging som gir refusjon frå Helfo. Anslår inntektsauke på 300.000 kr.

## Rus og psykiatri

Tenesta rusvern er i stor grad ei oppsøkande teneste. Ho er også sterkt involvert i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Funkishuset i Sandnes gir eit lågterskel helse- og omsorgstilbod for rusmiddelavhengige over 18 år. Dette tilbodet sikrar mellom anna kommunen si plikt til å ha eit slikt lågterskeltilbod. Funkishuset er ein del av eit interkommunalt samarbeid.

Psykiatritenesta har avdeling for heimeteneste, Hybelhuset og Aktivitetssenter. I tillegg har tenesteområdet eit Familiesenter med fokus på barn og unge og heile familiar. Vinkelbygget er ein del av psykiatritenesta sitt tilbod, men er organisert under tenesteområdet for institusjonar.

## Mål

Sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov.

### Driftsbudsjett rus og psykiatri

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 (*)	2018	2019	2020	2021
2430 Rusvern	1 719	3 636	3 310	4 176	4 289	4 729	4 729
2544 Psykiatri	13 207	13 935	14 134	12 689	13 189	13 689	13 689
Driftsutgifter	18 981	18 382	18 754	18 569	18 569	18 569	18 569
Driftsinntekter	-4 055	-811	-1 310	-1 704	-1 092	-152	-152
Netto drift	14 926	17 571	17 444	16 865	17 477	18 417	18 417
Årsverk	20,7	20,7	19,7	20,2	20,2	20,2	20,2

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

## Tiltak

- Prosjektstilling på rusområdet vert gjort fast som planlagt i økonomiplanen 2017-2020. Stillinga er delfinansiert av Rogaland Fylkeskommune også i 2018 og 2019.
- Psykiatritenesta brukar store ressursar på flyktningar. Foreslår å føre over 1 mill kroner av flyktningemidla til finansiering av denne tenesta i 2018 og 500.000 kr i 2019.
- Foreslår å flytte 0,5 årsverk frå teneste 2730 org. sysselsetting til teneste 2430 rusvern.

## Flyktningar

Straumen av flyktningar endrar seg raskt. Korleis kommunen lukkast med integreringa av flyktningane har mykje å seie for kostnadane på dette området. Introduksjonsprogrammet varer i 2 år medan den einskilde har status som flyktning i 5 år. Det vert derfor foreslått å setje inntektene lik dei forventa kostnadane i økonomiplanen. Om dette syner seg å ikkje halde, er det opparbeidd eit fond det er mogleg å trekke midlar frå fram til ein får sett inn tiltak som vil kunne forbetra situasjonen. Desse midla kan ikkje nyttast til andre føremål kommunen.

## Mål

Ei rask og god integrering slik at alle som buset seg i kommunen kan verte sjølvhjelpete i det norske samfunnet.

### Driftsbudsjett flyktningar

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Personer på intro	80	80	80	60	55	50	45
2750 Intro stønad	7 200	11 000	11 550	11 700	11 000	9 000	8 000
2815 Sosialhjelp	5 000	5 000	6 000	6 000	7 000	7 000	7 000
330/2422	2 915	2 380	7 105	11 530	7 630	6 430	6 430
331/2750	2 199	4 218	4 859	4 718	4 718	4 718	4 718
331/2612/2835	968	1 424		-150	-150	-150	-150
<b>Ansvar 332 Barnevern</b>							
2440 Barnevern	660	1 160	999	855	855	855	855
2520 Fosterheim	4 719	4 954	2 954	3 254	3 254	3 254	3 254
2521 Institusjon	-1 000	500	500	800	800	800	800
2529 Andre bv tiltak	-20		719	718	718	718	718
8500 Statstilskott fl	-32 299	-30 635	-36 020	-39 425	-35 824	-32 624	-31 624
Driftsutgifter	27 813	30 873	28 648	39 675	36 074	32 874	31 874
Driftsinntekter	-37 462	-30 873	-36 158	-39 675	-36 074	-32 874	-31 874
Netto Drift	-9 649	0	-7 510	-	-	-	-
Årsverk	7,0	7,0	6,0	6,0	6,0	6,0	6,0

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

## Tiltak

- Flyktningeininga fekk i 1. tertial overført 0,5 stilling frå oppfølging av einslige mindreårige i barnevernet.



## Nærland mottak

Hero Mottak as driftar det statlege mottaket for asylsøkjjarar. Kommunen leverer helsetenester til personar på mottaket og får økonomisk stønad frå staten. Stønadene frå staten går i balanse med utgiftene. Når det gjeld psykiske helsetenester til mottaket har kommunen avtale med Jæren Distriktpsikiatriske senter.

### Driftsbudsjett Nærland mottak

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	3 384	2 259	2 259	2 047	2 047	2 047	2 047
Driftsinntekter	-3 435	-2 309	-2 309	-2 117	-2 117	-2 117	-2 117
Netto drift	-51	-50	-50	-70	-70	-70	-70
Årsverk	1,8	2,3	2,3	1,6	1,6	1,6	1,6

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Mottaket for einslege mindreårige asylsøkjjarar på Nærland ver lagt ned 1.12.2017. Foreslår å redusere med 0,5 stilling barnevern og 0,2 stilling helsesøster på mottaket.

## Transport, bevilling/skjenkekontroll, lærlingar

Transport omfattar all transport, innleie av drosjar og egne bilar. Det vert årleg køyrd eit høgt km tal til transport av heimesjukepleie, legevakt, bebuarar i omsorgsbustadar og brukarar av dagtilbod, vaktmeistertenester og liknande.

Tenesteområdet har 62 bilar til disposisjon som vert nytta til intern transport.

I økonomiplanen 2017-2020 er det lagt inn eit nivå på i snitt om lag 20 lærlingar pr. år.

### Driftsbudsjett Transport, Bevilling/skjenkekontroll, Lærlingar

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
2341 Transport	1 782	1 397	1 517	1 898	1 898	1 898	1 898
2423 Bevilling/sjenkekontroll	-59	-43	-	0	-	-	-
2547 Lærlingar	2 362	3 124	3 185	2 420	2 420	2 420	2 420
Driftsutgifter sum	8 682	10 171	10 212	9 593	9 593	9 593	9 593
Driftsinntekter sum	-4 597	-5 693	-5 510	-5 276	-5 276	-5 276	-5 276
Netto drift	4 085	4 478	4 702	4 318	4 318	4 318	4 318
Årsverk	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2018.

## Fengselshelsetenesta

Verksemda vert driven som ein integrert del av kommunen si helseteneste. Utgiftene vert dekkja av staten gjennom øyremerka tilskot, og drifta vert lagt opp etter dette.

### Driftsbudsjett fengselstenesta

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar	220	220	220	220	220	220	220
Driftsutgifter	5 898	5 842	6 846	5 823	5 823	5 823	5 823
Driftsinntekter	-5 898	-5 842	-6 846	-5 823	-5 823	-5 823	-5 823
Netto drift	-	-	-	-	-	-	-
Årsverk	5,4	5,4	5,4	5,4	5,4	5,4	5,4

### Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2018.

## Bustadar

Vedlikehald og reingjering vert handtert av Eigedomsavdelinga. Vedlikehald av uteområdet utanfor institusjonar og bufellesskap er overført til Tenesteområde for tekniske saker og næring.

Det er ein del ledige omsorgsbustadar. Dette har gjort at vi dei siste to åra har måtta justere ned leieinntekta i budsjettåret. Samstundes er vi avhengige av denne kapasiteten når vi skal stenge den nye delen av Hå sjukeheim i anleggsperioden.

Dette kapitelet inneheld husleigeinntektene og dei kostnadselementa som ikkje vert flytte over til Eigedomsavdelinga.

### Mål

- Få utnytta bustadene mest mogleg effektivt.

### Driftsbudsjett bustader

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar	181	181	181	181	181	181	181
2650 Trygdebustadar	-5 331	-5 192	-5 192	-5 487	-5 487	-5 487	-5 487
2650 Verna bustadar	-2 541	-2 705	-2 705	-2 525	-2 525	-2 525	-2 525
Driftsutgifter	457	508	508	608	608	608	608
Driftsinntekter	-8 332	-8 405	-8 405	-8 620	-8 620	-8 620	-8 620
Netto drift	-7 874	-7 897	-7 897	-8 012	-8 012	-8 012	-8 012
Årsverk	-	-	-	0,0	-	-	-

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2018.

### Tilskot frå Husbanken, etablering og utbetring

Vidareformidling av statlege midlar frå Husbanken til utbetring/tilpassing og etablering/rehabilitering.

#### Tilskot frå Husbanken

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar snitt	12	12	12	12	12	12	12
Driftsutgifter	2 248	500	1 970	400	400	400	400
Driftsinntekter	-2 248	-500	-1 970	-400	-400	-	-
Netto drift	-	-	-	-	-	400	400

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Halde fram med drift som i 2018.
- Frå 2020 vert tilskottet gitt i rammetilskottet til kommunane.

## Eigedomsavdelinga i helse og sosial

### Mål

- Gjennomføre fortløpande reinhald og vedlikehald.
- Kartlegge tilstand til bygga og utarbeide ein vedlikehaldsplan med forslag til investering og drift.

### Driftsbudsjett Eigedom i helse og sosial

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneska p		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 (*)	2018	2019	2020	2021
1208 Byggjeleing	2 419	2 407	1 028	983	983	983	983
1210 Forsikring	420	450	450	460	460	460	460
1301 Drift og vedlikeh adm	4 178	3 443	3 445	3 510	3 510	3 510	3 510
1302 Vaktm/reinh. Adm b	3 257	3 496	3 895	3 479	3 479	3 479	3 479
1303 Uteanlegg				20	20	20	20
2345 Drift av eldre-/dagsenter	822	821	859	894	894	894	894
2347 Vaktm/reinh. eldre-/dag	3 633	3 485	3 520	4 134	4 134	4 134	4 134
2412 Legevakt	5	-	-	354	354	354	354
2534 Kjøkken				194	194	194	194
2612 Drift av institusjon	9 843	10 274	10 713	10 761	10 761	10 761	10 761
2613 Vaktm/reinh institusjon	5 791	5 082	5 554	5 751	5 751	5 751	5 751
2614 Uteanlegg institusjon	30	-	-	10	10	10	10
2653 Boliger eldre/funksj-h	4 265	4 703	5 128	4 649	4 649	4 649	4 649
2654 Beredskapsboliger	2 941	2 946	3 415	3 596	3 596	3 596	3 596
Driftsutgifter	41 740	40 233	41 313	42 635	42 635	42 635	42 635
Driftsinntekter	-4 052	-3 129	-3 129	-3 840	-3 840	-3 840	-3 840
Netto drift	37 688	37 104	38 184	38 795	38 795	38 795	38 795
Årsverk	22,7	23,1	23,1	22,6	22,6	22,6	22,6

\*) med godkjente endringar per 07.11.2017

### Tiltak

- Det er kutta 0,52 stilling frå 2018 innan reinhald.

# Investering

## Viktige utfordringer i komande periode

Påbygging av to nye etasjar på den nye delen av Hå sjukeheim, og i tillegg kome i gang med planlegginga av eit nytt helsehus på Nærbø er dei viktigaste satsingane i komande periode.

Det er budsjettert med midlar avsett til oppgradering av mindre fagsystem og velferdsteknologi under IT avdelinga i sentraladministrasjonen.

### Investeringar i planperioden

Tal i 1000 kroner	t.o.m 2017	Løyving				Tilskott
		2018	2019	2020	2021	
Påbygg Hå sjukeheim	94 300	63 200				63 954
Kjøp av bustader/leilegheiter	5 mill kr/år	5 000	5 000	5 000	5 000	4 000
Bil omsorgstenesta		575	200	200	200	
Velferdsteknologi ekstra midlar ifm Sola prosjektet		300	200			*
Nytt pasientalarmanlegg på Ævestvollsmarka		120				
Lydlogg nødnett til legevakta		50				
Vedlikeholdsmidlar helsebygg		2 000	2 000	2 000	2 000	
Avlastningsbustad - planlegging		1 000				
Ombygging Heimtun gjenbruk og sambruk			4 500			
<b>SUM</b>		<b>72 295</b>	<b>11 950</b>	<b>7 250</b>	<b>7 250</b>	<b>67 954</b>

### 1. Påbygg Hå sjukeheim

Det løyvde beløpet til dette prosjektet er 157,5 mill kroner etter at budsjetttet vart redusert med 9,5 mill kroner i 2017. Arbeidet med parkeringshus er ferdigstilt. Dei nye etasjane er planlagt ferdige på nyåret 2019.

### 2. Flyktingbustadar/Vanskelegstilte

Til kjøp av bustader til flyktingar og andre vanskelegstilte foreslår rådmannen ei vidareføring av 5 mill kroner årleg.

### 3. Nye bilar

Rådmannen foreslår at avsetting av 200.000 kr årlig til kjøp av ny bil vidareføres i 2021. Bilen som ligger inne frå Økonomiplanen 2017-2020 trenges på Oгна for helsestasjon og jordmor til bruk for heimebesøk. Det er derfor foreslått å sette av 375.000 kr ekstra i 2018 for kjøp av bil til Klokkekarhagen sjukeheim for å kunne kjøre en tur med urolege pasientar.

### 4. Velferdsteknologi

Hå kommune er saman med 10 andre kommunar i eit prosjekt for å ta i bruk velferdsteknologi. Rådmannen foreslår at vi set av ekstra midlar til dette prosjektet i 2018 og 2019 på til saman 500.000 kr.

### 5. Nytt pasientalarmanlegg Ævestvollsmarka

Pasientalarmanlegget internt mellom bustadane til beteninga må skiftast ut. Kostnad om lag 120.000 kroner inklusiv installasjon og opplæring.

## **6. Lydlogg til legevakta**

Lovpålagt å ta i bruk lydlogg for legevakta. Kostnad 50.000 kr.

## **7. Vedlikeholdsmidlar helsebygg**

Det vert sett av 2 mill kroner årleg for nødvendig vedlikehald på tenesteområdet sine bygg.

## **8. Ombygging Heimtun, sambruk og gjenbruk**

Behovet for nye framtidige kommunale helsefunksjonar på Nærbø er forankra i kommunestyret si sak 98/15. Arbeidet har vore gjennomført i ei tverrpolitisk arbeidsgruppe med rådmannen som sekretær. Saka vart vedtatt i formannskapet sak 67/16 i samsvar med arbeidsgruppa si innstilling. Etter det vart saka lagt fram for kommunestyret 15. september 2016, og så sendt tilbake til administrasjonen mens vi ventar på framlegging av budsjettet. Etter at saka vart presentert for politikarane i september jobba rådmannen vidare med prosjektet. I lys av arbeidet med eit meir krevjande budsjett og økonomiplan presenterte rådmannen sambruk og gjenbruk med forslag om å ta i bruk deler av Heimtun etter at sjukeheimsdelen flyttar til Hå sjukeheim.

Politikarane ønska at rådmannen jobba vidare med sambruk og gjenbruk på Heimtun. Det har vore arrangert folkemøter og utarbeida eit forslag som vart presentert i september og oktober 2017. Tilbakemeldinga var at politikarane ønska å sjå nærare på om alternativ for avlastningsbustadar for barn kan verta løyst ved nybygg. I tillegg ønska dei vurdert andre kommunale behov i 2. etasje på Heimtun.

Utredninga held med dette fram. Sjølv om alt ikkje er fastlagt, ønskjer rådmannen å setje av 4,5 mill. kroner i budsjettet i 2019 for utbetringar av Heimtun. Det vises til oppfølging av egen sak om Heimtun KS-sak 71/17. I tillegg kommer kostnaden med opparbeiding av fleire parkeringsplassar avhengig av kva for bruksområde som blir valt.

## **9. Behov for lokalar til helsefunksjonar på Nærbø.**

Behov for lokalar til helsefunksjonar på Nærbø behandlas under samfunnsdelen av budsjettet. Da kan vi sjå behov for nye helsefunksjonar og andre kommunale funksjonar i samband med sentrumsplanen på Nærbø.

**I tillegg vedtok kommunestyret å løyve ein million kroner i 2018 til planlegging av avlastningsbustad.**

## Vedlegg helse og sosial

### Vedtekne endringar i løpet av 2017

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2018	2019	2020	2021
2530	Nye bebuarar Vinkelbygget vedtatt 2.tertial	5 652	5 652	5 652	5 652
	Refusjon nye bebuarar Vinkelbygget	-2 170	-2 170	-2 170	-2 170
2835	Institusjonspasient sjukeheim vedtatt 1. tertial	4 900	4 900	4 900	4 900
	Refusjon institusjonspasient	-2 320	-2 320	-2 320	-2 320
	Fjernet midlar og 1 stilling Lensmannsgarden flyktningebustad.	-1 447	-1 447	-1 447	-1 447
	Justerast mot flyktningemidla	1 447	1 447	1 447	1 447
2332/ 2410/ 2540	Kostnad fordelt frå sentraladministrasjonen	1 567	1 567	1 567	1 567
	Netto endring frå førre år	7 629	7 629	7 629	7 629
	SUM økte årsverk	10,62	10,62	10,62	10,62

### Forslag til endringar i økonomiplanen 2018-2021 – tillegg (rådmannens forslag)

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2018	2019	2020	2021
2512	Barnevern besøksheim	2 000	2 000	2 000	2 000
2416	1 driftstilskot til privat fysioterapeut framført frå 2020 til medio 2018	211	421	59	59
2412	Legevakten. Økt bemanning på Bekkeheien 0,5 årsverk samt beredskapsvakter leger. Økte nødnettskostnader.	960	1 160	1 160	1 160
	Driftskostnad til pålagt lydlogg på legevaktstelefonen.	40	40	40	40
2545	Funksjonshemma, ny bebuar i bufellesskap	1 125	1 125	1 125	1 125
	Økt ressursbehov eksisterande bebuar natt og helg	2 290	2 290	2 290	2 290
	Refusjon økt ressursbehov eksisterande bebuar	-1 832	-1 832	-1 832	-1 832
	Manglande nedtrapping vertskommunebebuarar	800	1 325	1 875	1 175
	Økt behov støttekontaktar	60	60	60	60
	Ta i bruk Gjegnet 30 som nytt bufellesskap for barn og unge psykisk utviklingshemma frå midten av 2019			3 000	6 000
2530	Reduksjon synergi ressurskrevjande (lågare inntektsrefusjon)	700	700	700	700
	Mindreinntekt sjukeheim pga. bebuarar utan pensjon og færre langtid på korttidsplassane	1 000	1 000	1 000	1 000
2348	Frivillighet. Midlar til lag og organisasjonar.	200	500	500	500
	Frivillighetsleiar 0,5 stilling	300	300	300	300
2611	Stampen stengt i 2018. Tap av inntekt overstiger kostnad med badevakt	206			
2543	Økte årsverk BPA som følgje av vedtak	521	521	521	521
2540	Vidareføring av et nytt årsverk heimesjukepleie i 2021				700
	Tilskot frå Husbanken til utbetring av bustad inn i ramma frå 2020 netto			400	400
2420	0,5 heimel til NAV	350	350	350	350
	Netto endring frå førre år	8 931	12 960	16 548	16 548
	SUM økte årsverk	7,14	17,11	18,36	18,36

## Forslag til innsparingstiltak og auka inntekter i økonomiplanen 2018-2021

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2018	2019	2020	2021
	Effektivisering Vinkelbygget	-750	-750	-750	-750
2530	Reduksjon nattevakt bebuar annen kommune 0 i netto kostnad				
	Ingen oppstart av ny korttidsetasje Hå sjukeheim i 2018	-7 653			
2430	Mottak einslege mindreårige nedleggast på Nærland. Statlege midlar.				
2540	Fjerne forslag om 1 heimesjukepleier auke i 2018	-700			
	Eigedom. Reduksjon reinhold 0,52 stilling	-334	-334	-334	-334
2340	Leder aktivitetssentreret Varhaug delfinansiert av fylkesmannen	-550	-440		
2430	Ruskonsulent delfinansiert av fylkesmannen	-553	-440		
2410	Økte inntekter fastlegene	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
2416	Refusjon fysioterapi frå Helfo	-300	-300	-300	-300
8500	Ekstra Statstilskott flyktingar med foreslått fordeling:				
	Teneste 2544 psykisk helse	-1000	-500		
	Teneste 2412 legevakta	-1000			
	Teneste 2410 leger	-500			
	Teneste 2420 NAV	-1000	-600	-600	-600
	Teneste 2320 helsestasjon	-500			
	Teneste 2530 institusjonsbebuar frå 1. tertial 2017	-2580	-2580	-2580	-2580
	Teneste 2512 barnevern besøksheim	-300			
	Teneste 2519 barnevern tiltak i heimen	-700			
	Teneste 2348 frivillighet	-300	-300	-300	-300
	Teneste 2654 beredskapsbustader eigedomsavdelinga	-400	-400	-400	-400
	En ny stilling i PPT	-700	-700		
	overført opplæring og kultur	700	700		
	Netto endring frå førre år	-20 120	-7 644	-6 264	-6 264
	SUM reduserte årsverk	-14,40	-3,40	-3,40	-3,40





ÅSLAN

EGENES  
BRANNTÉKNIKK AS

RZ 38589

WEBER-HYDRAULIK

WEBER-HYDRAULIK

# Tekniske saker og næring

*I driftsbudsjettet for 2018 legg vi inn ressursar til landbruk og lærlingar i grøntsektoren. I investeringsbudsjettet er hovudprioriteten tilrettelegging av bustad- og næringsareal i Stokkalandsmarka. Det er òg fokus på sentrumsutvikling, saneringsarbeid og flaumtiltak. Andre tiltak er skyvd ut i tid eller tatt ut av økonomiplanperioden.*

## Mål

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar, og å leggja til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overleverte i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammer. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

## Viktige satsingsområder i planperioden

Neste økonomiplanperiode er knytt til fullføring av dei store investeringane i Stokkalandsmarka og til tiltak i samsvar med hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp. Det vil og vera behov for ein meir heilskapleg plan for vegnettet i kommunen inkludert avklaring av korleis vi skal få finansiert dei store utbyggingane rundt tettstadane. Forholdet kommunal – fylkeskommunal drift av vegar bør sjåast nærare på.

## Stokkalandsmarka

Kommuneplanen har følgjande målsettingar: *Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.* Om hovudgrep i den langsiktige arealstrategien er det sagt: *I Stokkalandsmarka skal tilrettelegging av nye utbyggingsareal tilpassast etterspurnaden.*

Salet av bustadtomter er fortsatt lågt. For å stimulere til meir aktivitet er det inngått opsjon med 13 tomter til private utbyggarar for utvikling og sal av eigne prosjekt. Det er inngått eit samarbeid med Garp City, som skal utarbeide ein heilskapleg marknadsføringsstrategi for Stokkalandsmarka. Rådmannen foreslår å sette av 250.000 kr per år til marknadsføringsarbeid. Målet er å gjere området kjent for fleire, samtidig som vi jobbar målretta igjennom heile året med marknadsføring i fleire kanalar.

Rådmannen foreslår òg å gjennomføre eit mogleighetstudie for sentrumsområdet i Stokkalandsmarka. Ein ser behov for å sjå på sentrumsareala samla i ein eigen studie før ein startar regulering av sentrumsareala. Det er sett av kr. 500.000 til dette arbeidet.

Investeringane i infrastrukturtiltak i neste fase i Stokkalandsmarka er skyvde ut til 2021, med unntak av pågåande anlegg og 9 mill. kroner til forlenging av Haugstadvegen fram til skule og sentrumsareal i 2020.

## Klimaendring og flaumtiltak

Flaumtiltak er nå innarbeida i hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp. Vidare er det søkt NVE om midlar til flaumtiltak på Vigrestad. Prioritering av tiltak vil framover skje i forbindelse med budsjettering innan tenesteområdet for avløp.

I tabellane er fullfinansierte og avslutta investeringsanlegg tatt ut. Oppfølginga av desse vil skje via tertialrapporteringa.

## Kommunedelplan for Nærbø sentrum

Arbeidet med kommunedelplan for Nærbø sentrum er nå godt i gang. Fleire overordna forhold er vortne avklara i løpet av 2017. Det vert jobba mot eit ferdig planforslag til sommaren 2018. Tidlegare arbeid med nytt helsehus er nå integrert i den pågåande planlegginga. Rådmannen har lagt inn forslag til planleggingsmidlar for sentrumsutvikling Nærbø.

## Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum vart fastsett hausten 2017. I framdriftsplanen er det lagt til grunn at heile 2018 og fram til sommaren 2019 går med til utarbeiding av grunnlagsdokument og utforming av planforslaget. Vi legg til grunn at gjestebodsmodellen skal nyttast i medverknadsarbeidet. Erfaringar frå arbeidet på Nærbø tilseier at modellen bør forenklast noko.

## Brann

I forkant av budsjettprosessen er det lagt fram ei eiga UTN sak 127/17 i møtet 26.09.2017 om utskifting av bilar og utstyr. Dette er omtala nærare i kapittelet om brann.

## Landbruk

I januar 2016 hadde Fylkesmannen forvaltningsrevisjon av Landsbruksforvaltninga i Hå. Dei gav oss tre avvik og fire merknadar. Ein av merknadane var at kommunen har sett av for lite ressursar til forvaltning av oppgåvene i landbrukssektoren. Det er varsla ny forvaltningskontroll i januar 2018.

For å møta avvika og merknadane til fylkesmannen og dei behova vi ser innanfor landbruksforvaltninga si saksmengde, foreslår rådmannen å auka driftsbudsjettet med 1 stilling frå 2018.

## Grønt

Utbygginga i kommunen aukar grøntvedlikehaldet langs nye vegnett og område. For å ha ein betre oversikt og kontroll over alle grøntområda, ønskjer ein å sjå på løysingar for betre kartlegging og digitalisering. Det er ikkje lenger lovleg å bruka vanleg sprøytemiddel på leikeplassar. Ein brukar nå ei ordning med vassdamp som er fordyrande.

Rådmannen søker fylkeskommunen om å verta godkjent lærebedrift for 2 lærlingar, KS-sak 031/17, 11.05.17.

## Prosjektoppfølgning og digitalisering

Eigedomsmodulane i WebSak er innført, slik at plan- og byggesaksdialog kan innførast. Modulane gjev innbyggjarane tilgang til alle dokument tilhøyrande byggjesaker under behandling, pågåande planarbeid, plankart og føresegner, gjennom bruk av Smartkommune si innsyns- og dialogløysing eByggWeb.

Det er saman med eigedomsavdelinga kjøpt inn eit prosjektstyringsverktøy slik at ein kan få eit betre og enklare verktøy til å følgja opp dei store prosjekta som tenesteområdet utfører i eigen regi og gjennom anbod.

Medlemsskapet i Greater Stavanger gir kommunen eit sterkare verktøy innan næringsutvikling. Gjennom arealguiden får vi marknadsført kommunen sitt næringsliv og næringsstomter, slik at det treff næringslivet lokalt og nasjonalt, men også utanfor landegrensene. Næringslivet i kommunen og regionen er i endring. I denne tida har medlemsskapet i Greater Stavanger vore eit nødvendig verkemiddel for å jobba mot nye markadar og samhandling for næringslivet.

## Nøkkeltal

### Ressursbruk for tenesteområdet

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	173 182	138 385	149 882	151 914	151 461	151 476	150 832
Driftsinntekter	-125 785	-97 261	-99 157	-99 646	-100 934	-103 675	-110 522
Bruk av (bundne) fond	-10 648	-6 514	-10 877	-7 947	-7 613	-7 272	-2 281
Netto drift	36 748	34 610	39 846	44 321	42 914	40 538	38 038
Årsverk med fellesavdeling	57,00	58,42	58,42	58,42	57,42	57,42	57,42

\*) med godkjente endringar pr. 7.11.17

### Ressursbruk per område

Ressursbruk	R 2016	B 2017	B 2017 *)	2018	2019	2020	2021
Fellesavdelingane	-	-	-	-	-	-	-
Adm/øko/arkiv	2 796	3 580	3 557	527	527	527	527
Tilskott fylkesvegar	964	-	-	-	-	-	-
Plansaksbehandling	3 179	2 968	2 670	3 077	3 077	3 077	3 077
Bygge-, delings- og seksjoneringssaker	-676	-562	-260	-208	-208	-208	-208
Kart og oppmåling	1 108	1 426	1 559	1 645	1 645	1 645	1 645
Forretningsdrift hamner	3	16	16	120	120	120	120
Næring	1 292	2 301	2 301	2 690	2 810	2 810	2 810
Næring/ Landbruk	2 826	2 027	2 230	3 646	3 988	3 988	3 488
Kommunale vegar,	11 104	11 055	12 522	14 002	14 002	14 002	14 002
Gatelys	2 538	2 836	2 936	2 976	3 005	3 042	3 080
Grøntanlegg	6 644	7 322	7 153	8 257	8 257	8 257	8 257
Helse	400	400	400	400	400	400	400
Føiing, tilsyn	-61	-75	-26	-	-	-	-
Brannvesen	8 256	8 377	9 611	9 328	9 174	9 174	9 174
Vassforsyning	-517	-1 739	-1 265	139	-435	-742	-986
Avløp	-2 742	-4 921	-3 488	-2 570	-3 754	-5 760	-6 807
Tømming septiktankar	-188	-118	-112	-	-	-	-
Renovasjon	-374	-342	-301	-100	-86	-186	-868
Friluftsliv	130	30	30	30	30	30	30
Avskrivningar	66	29	313	362	362	362	362
Netto drift u fellesavdeling	36 749	34 610	39 848	44 321	42 914	40 538	38 038

\*) med godkjente endringar pr. 7.11.17

## Årsverk

Årsverk	2017	2018	2019	2020	2021
Plan- og forvaltningsavdeling	16,9	17,5	16,5	16,5	16,5
Teknisk drift	26,5	24,9	24,9	24,9	24,9
Kommunalteknikk og brann	7,5	8,3	8,3	8,3	8,3
Næring og hamn	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Utbyggingsavdeling	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Stab	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
SUM	58,6	58,4	57,4	57,4	57,4

## 1200, 1203 Administrativ leiding, økonomi/rekneskap

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	3 004	3 656	3 633	531	531	531	531
Driftsinntekter	-208	-76	-76	-4	-4	-4	-4
Netto	2 796	3 580	3 557	527	527	527	527
Årsverk	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0

\*) med godkjente endringer pr. 07.11.17

I samband med gjennomgangen av korleis administrasjonskostnadane vert ført, er kostnader flytta til dei ulike tenestene.

## 1900, 1901 og 1902 Felles/driftsavdeling

Mål:

- Effektiv og velorganisert driftsavdeling.
- God beredskap ved akutt behov for VVA-tenester (veg, vatn og avløp)

Driftsavdelinga utfører anleggs- og vedlikehaldsarbeid innanfor områda veg, vatn, avløp, renovasjon og grøntområde. I budsjettet er utgiftene til drift i eigen regi fordelt på tenestene etter planlagde oppgåver og tiltak. Fordelinga mellom tenestene vil variera avhengig av kva for prosjekt som eignar seg best for gjennomføring i eigen regi.

## Årsverk

Mannskap på teneste	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1900 Veg/anleggsarb.	13,0	13,0	13,0	13,0	13,0	13,0
1901 Gartnar	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5
1902 Lager verksted	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Sum årsverk	18,9	18,9	18,9	18,9	18,9	18,9

## Driftsutgifter

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1900 Veg/anleggsarb.	10 671	10 876	11 072	11 143	11 143	11 143	11 143
1901 Gartnar	3 776	3 939	3 999	4 343	4 343	4 343	4 343
1902 Lager verksted	912	793	795	796	796	796	796
I alt	15 359	15 608	15 866	16 282	16 282	16 282	16 282

\*) med godkjente endringar pr.  
07.11.17

## Investering Lager og verkstad

Prosjekt:	2017	2018	2019	2020	2021
Verksted utbetring tak		1 000			
Flytting av lagertomt i Stokkalandsmarka		300			
Sum	-	1 300	-	-	-

Taket på verkstaden treng utbetring, samt halvtak over bilvask. Kostnad til lagertomt er tilrettelegging av eiga tomt framfor å leiga som i dag.

I budsjettet for 2018 er det planlagt slik fordeling av arbeidet i eigen regi:

Fordeling av arbeidet i egen regi				
1900 Veg- og anleggsarbeidarar				
Investering bustadfelt		Vedlikehald kloakk	2 191	
Investering kloakk	3 400	Vedlikehald vatn	2 287	
Investering vatn	400	Vedlikehald veg	1 125	
Investering traf.sikr.		Drift renovasjon	1 550	
Investering næringsomr.		Vintervedl. veg	160	
Investering veg	-	Lager m.m.	30	
Sum investeringsarbeid:	3 800	Sum vedlikehald	7 343	11 143
1901 Gartnar				
		Graving for kyrkja m.m.	225	
		Veg, vatn, kloakk o.l.	653	
		Vedlikehald parkar, klypping av idr anlegg	3 465	
Sum 1901			4 343	4 343
1902 Lager verkstad.				
Budsjettert som hus og garasjeleie art 1191 på tenestene 3330, 3350, 3450, 3530 og 3550			796	796

# 3010 Plansaksbehandling

## Mål

- Effektiv og målretta planlegging og behandling av planar. God kommunikasjon med aktuelle partar.

## Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Områderuleringsplanar	1	2	2	2	2	2	2
Detaljreguleringsplanar	6	6	6	8	8	8	8
Ressursbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	4 336	3 553	3 415	3 683	3 683	3 683	3 683
Driftsinntekter	-1 157	-585	-745	-606	-606	-606	-606
Netto drift	3 179	2 968	2 670	3 077	3 077	3 077	3 077
Årsverk	4,4	4,4	4,4	4,4	4,4	4,4	4,4

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Det er også i 2018 og dei påfølgjande åra, venta eit stort behov for utarbeiding og saksbehandling av nye arealplanar. For å oppnå kvalitativt gode fortettingsprosjekt, er det fastlagt i kommuneplanen at hovudtyngda av desse tiltaka skal behandlast som reguleringssaker der ein kan vurdere tiltaket i høve til området rundt. Enkeltdispensasjonar som unntak frå plan, gir sjeldan eit godt nok grunnlag for ei samla vurdering. I etablerte område er det ofte utfordrande å få til gode prosjekt samstundes som ein oppfyller krava til arealutnytting i kommuneplanen.

Kommuneplanen for perioden fram til 2028 skal danna grunnlag for detaljplanlegging og utbygging. Viktige plansaker i 2018 vil m.a. vera sentrumsplan for Nærbø, sentrumsplan for Varhaug, omkjøringsveg Vigrestad, område ved Varhaug skule (Dublandsvegen) og ikkje minst fleire planar for vidare utvikling av Stokkalandsmarka.

Det er vanskeleg å seie noko om kor mange private detaljplanar som vil verta fremma for kommunen. Omfanget av slike planar avheng i stor grad av kor mange private utbyggingsprosjekt som vert fremma for kommunen til behandling. Det vil på kort sikt avhenga av den generelle økonomiske utviklinga og etterspurnaden etter nye bustadar, næringsetableringar m.m. Regelverket i den nye kommuneplanen om å behandla fleire av fortettingsprosjekta som reguleringssaker og ikkje som dispensasjonar, vil også påverka talet på detaljplanar.

Gebyrinntekter for behandling av plansaker vert auka med 3%.

## 3020 Bygge-, delings- og seksjoneringsaker

### Mål

- Effektiv og kundeorientert saksbehandling.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Bygge-delingsøknadar	500	500	500	350	350	350	350
Egenerklæring-kons. frihet	90	90	90	90	90	90	90
Seksjoneringsaker	35	35	35	25	25	25	25
Ressursbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	8 475	3 922	4 279	4 285	4 285	4 285	4 285
Driftsinntekter	-3 647	-3 529	-3 029	-3 673	-3 673	-3 673	-3 673
Bruk av bunde fond	-5 504	-955	-1 510	-820	-820	-820	-820
Netto drift	-676	-562	-260	-208	-208	-208	-208
Årsverk	4,6	5,0	5,0	4,6	4,6	4,6	4,6

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Det er lagt opp til bruk av «bundne driftsfond byggjesak» i økonomiplan perioden. Per 1.1.2017 var fondet på kr 5.287.000.

Gebyra for byggesaker vert foreslått auka med 4% for å ta høgde for tilsynskostnadane.

Det er utarbeidd eit forslag til eige gebyrregulativ for eigarseksjonssaker. Ny eigarseksjonslov som vil tre i kraft 01.01.2018, seier i § 15 at kommunen kan legge sjølvkostprinsippet til grunn ved fastsetting av gebyr. Fram til no har gebyr blitt sett til maksimalt tre gonger rettsgebyret eller fem gonger rettsgebyret kor det har vore aktuelt med synfaring. Nytt gebyrregulativ vil tre i kraft frå 01.01.2018 når ny lov trer i kraft.

Det er framleis ein nedgang i talet på byggesaker. Tendensen er fleire tidkrevjande dispensasjonar og ukurante saker, og nedgang i kurante eitt-trinns byggesøknadar og nye bustadbygg. Auken i dispensasjonssaker, oppfølging og kontroll m.m., veg opp for nedgangen i saker som gjeld nye bustadbygg.

Arbeidet med å digitalisera byggesaksarkivet (gardsnummerarkivet) er ferdig.

Endring av årsverk frå 2017 til 2018 skuldast at byggesak sin del av stillingane ved Servicetorget vert overført til Servicetorget (0,4 årsverk).



## 3030 Kart og oppmåling

### Mål

- Saksbehandlingstid mindre enn 3 måneder. Digitalisert og oppdatert kartverk.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Eiend.oppl. v/eierskifte	200	220		250	250	250	250
Oppmålingsforretningar	150	150		150	150	150	150
Ressursbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	5 106	3 687	4 284	4 106	4 106	4 106	4 106
Driftsinntekter	-1 934	-2 261	-2 693	-2 461	-2 461	-2 461	-2 461
Bruk av bundne fond	-2 064	-	-32				
Netto drift	1 108	1 426	1 559	1 645	1 645	1 645	1 645
Årsverk	4,0	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Bunde driftsfond oppmåling, 25100604, var pr. 1.1.2017 på kr 1.733.600.

Kommunen har etter plan- og bygningslova, ansvar for å ha eit tilfredsstillande kartverk over kommunen og for å vedlikehalda dette. Vedlikehald av det digitale kartverket i samsvar med sosi-standarden, er ei stadig viktigare oppgåve. Det er planlagt overgang til sentral lagring av kartdata i løpet av 2018.

Arbeidsmengda innanfor tenesta fordeler seg om lag likt på oppmålingsoppgåver og kartverkvedlikehald. Etter matrikkellova er det berre utgiftene til oppmålingsoppgåvene som kan gebyrfinansierast. Det er budsjettert med at gebyra skal dekkja inn 100 % av utgiftene til oppmålingsarbeida. Gebyrsatsane er omarbeidd noko, og dei ulike postane er endra for å oppnå kostnadsdekning i samsvar med forventta tidsbruk på oppgåvene. I gebyrregulativet er det nå foreslått reduksjon i gebyra for samtidig oppmåling av fleire enn 10 tomter. Gebyr for eigedomsopplysningar til meklar vert foreslått auka med 2,5 % i samsvar med den generelle prisauken.

### Investering

Prosjekt:	Tidl. løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
613 Geovekst Fkb- prosjekt	420	200	500	400	200	200
Sum	420	200	500	400	200	200

Hå kommune er med i Geovekst-samarbeidet der statens kartverk, kommunane og andre offentleg eigde verksemdar samarbeider om finansiering av etablering og vedlikehald av digitale kartdata.

I tillegg til administrativt vedlikehald av kartdata er det nødvendig med jamleg ny flyfotografering for å oppdatere karta (fotogrammetrisk ajourføring). Det er i geodataplanen lagt opp til ny fotogrammetrisk kartlegging i 2018 saman med nabokommunane. Hå kommune sine kostnadar i prosjektet kan dekkast over 2 år, dvs. i 2018 og 2019.

## 3200 Forretningsdrift hamner

### Driftsbudsjett

Ressursbruk	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1000 kroner	2016						
Driftsutgifter	5	20	20	150	150	150	150
Driftsinntekter	-1	-4	-4	-30	-30	-30	-30
Netto drift	4	16	16	120	120	120	120

\*) med godkjente endringer pr. 07.11.17

Denne tenesta omfattar kommunen sine hamner og sjøområde som ikkje er inkludert i Sirevåg hamn i Hå KF sitt verkeområde. Midla vert nytta til mindre vedlikehaldsoppgåver som kommunen må utføra. Etter år med lite vedlikehald, er det behov for noko meir midlar til vedlikehald i dei mindre hamnene.

## 3252 Næring

### Mål

- Inspirere etablerte og nye bedrifter til nyskaping og utvikling av arbeidsplassar i Hå kommune.
- Bidra til ei positiv profilering av Hå kommune som ein næringsvennleg kommune.
- Legge til rette for sal og marknadsføring av kommunen sine næringsareal.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
1000 kroner	2016						
Driftsutgifter	2 923	2 421	3 624	2 814	2 814	2 814	2 814
Driftsinntekter	-1 632		-1 231	-4	-4	-4	-4
Bruk av fond		-120		-120			
Netto drift	1 291	2 301	2 393	2 690	2 810	2 810	2 810
Årsverk	1,0	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7

\*) med godkjente endringer pr. 07.11.17

Marknadsføring og nyetableringar i dei kommunale næringsområda vil vera ei viktig arbeidsoppgåve framover. Arbeidet med vidareutvikling av næringsområda i Kviamarka og på Grødalaland må vidareførast. Det same gjeld arbeidet for å få nye bedrifter til å etablere seg i Krusemarka, Tjemslandsmarka, Skoga og Sirevåg hamn.

Hå kommune skal bidra aktivt i samhandling med bedriftene i kommunen gjennom møter i dei ulike næringsforeiningane. Vår oppgåve er å halda næringslivet oppdatert på det som går føre seg i kommunen, og bidra til å rettleia bedriftene i møte med den offentlege forvaltninga.

Kommunen er i dag aktivt med i ulike fora og organisasjonar innanfor næringsutvikling. Det siste året er kommunen også vorten medlem i Greater Stavanger, og vi har vore med på å starta opp Grunder Arena saman med Jæren Produktutvikling. 2018 er siste året kommunen har forplikta seg til støtte til Grunder Arena Jæren. Rådmannen har lagt inn midlar til Grunder Arena for heile økonomiplanperioden, men vil hausten 2018 legge fram ei sak med evaluering av satsinga på Grunder Arena Jæren.

## 3290 Landbruksnæring

### Mål

- God saksbehandling for landbruksnæringa.
- Pådrivar til vekst og miljøriktig utvikling

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	3 806	2 668	3 819	4 419	4 121	4 121	3 496
Driftsinntekter/refusjonar	-980	-441	-1 589	-573	-133	-133	-8
Bruk av fond		-200		-200			
Netto drift	2 826	2 027	2 230	3 646	3 988	3 988	3 488
Årsverk	2,7	4,2	4,2	4,7	3,7	3,7	3,7

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Tenesta omfattar forvaltning av regelverk for vilt, skog og landbruk, samt miljø saker. Landbrukskontoret forvaltar ulike tilskot i landbruket og midlar til ulike samarbeidsprosjekt som t.d. frivillige tiltak i landbruket. Desse prosjekta er samarbeidsprosjekt med m.a. andre kommunar, fylkeskommunen og fylkesmannen. Tilskota vert betalt ut administrativt. Til reinseparkar vert det løyvd eit kommunalt tilskot på 15 % av kostnadsoverslag. Dette tilskotet kjem i tillegg til tilskot frå staten gjennom Jæren vassområde (Fylkeskommunen). Ein vesentleg del av arbeidet ved avdelinga, er knytt til behandlinga av søknadane frå bøndene om produksjons- og avløysartilskot, avløysartilskot ved sjukdom, regionalt miljøtilskot, spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL), tilskot til drenering av jordbruksareal og godkjenning av søknadar til Innovasjon Norge. Rådmannen foreslår å auka bemanninga innanfor denne seksjonen, jf. forvaltningskontrollen som vart gjennomført i januar 2016 kor fylkesmannen i Rogaland la inn merknad om at det er sett av for lite ressursar til forvaltning av oppgåvene på landbruksområdet. Avdelinga har utfordringar med å løyse dei lovpålagte oppgåvene med bemanninga i dag. 0,4 årsverk forsvann i 2017 då skogbruksansvarleg si stilling vart redusert frå 0,5 til 0,1 årsverk. Det er varsla ny forvaltningskontroll i 2018. Ordinært intervall er 5 – 7 år.

Det er lagt inn kr 500.000 i driftsbudsjettet for 2018, og i økonomiplanperioden 2019 - 2020 til gjennomføring av tiltaka i Tiltaksplan for Håelva. Planen vert godkjend i Utval for tekniske saker og næring i UTN-sak 081/17, 30.05.17.

Refusjon på kr 440.000 er løyvd frå fylkesmannen (SMIL-midlar) og fylkeskommunen til ei prosjektstilling knytt til miljøregistrering i landbruket. Kommunen sin eigendel i denne stillinga er kr 200.000 som vert dekt ved bruk av fond (næringsfond jordbruk 25660022). Per 1.1.2017 er fondet på kr 948.000. Prosjektet vert ferdigstilt i 2018, ikkje 2017 som først planlagt. Dette påverkar ikkje kostnadane. Eigendelen frå næringsfond jordbruk vert ikkje trekt i 2017.

Endring av årsverk frå 2017 til 2018 skuldast rådmannen sitt forslag til auka stilling med 1 årsverk (halvårsverknad i 2018).

## 3321, 3322 Kommunale vegar

### Mål

- God standard på alle kommunale vegar, samt g/s-vegar. I tillegg skal det vera god vinterberedskap på vegar, g/s-vegar og parkeringsplassar.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Veglengde(meter)	141 900	143 800		155 300	157 200	157 500	157 700
Gangveger (meter)	50 500	50 900		51 400	51 800	52 200	52 500
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	11 363	10 985	12 642	13 944	13 944	13 944	13 944
Driftsutgifter, vinter	919	699	699	709	709	709	709
Tilskot private	50	50	50	50	50	50	50
Driftskostnader	12 332	11 734	13 391	14 703	14 703	14 703	14 703
Driftsinntekter	-1 227	-679	-869	-701	-701	-701	-701
Netto drift	11 105	11 055	12 522	14 002	14 002	14 002	14 002
Årsverk	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Endring i driftsutgifter skuldast auka avskrivningar.

### Investering

Prosjekt:	Tidl løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
Haugstadv. - Stokkelandsm. et.2 frå rundkj og sørover.					9 000	
724 Veg Vigrest. Småh.v.-Grønholv.						5 000
732 Fuglestadvegen		7 000	2 000			
T501 Omkjøringsveg Vigrestad Grønholvsvegen - Langgata planl.			1 500			
Omkj.veg Krusemarka til Torlandsvegen						1 000
T502 Omkjøringsveg Varhaug Trafikkanalyse m.m			1 000			
731 Opprusting av vegar	5 300	800	800	800	800	800
Sum	5 300	7 800	5 300	800	9 800	6 800
Tilskott/refusjon						
Netto komm. midlar	5 300	7 800	5 300	800	9 800	6 800

#### Prosjekt Haugstadvegen-Stokkalandsmarka etappe 2

Prosjektet er ein vidareføring av vegen fram til sentrumsområde. Det er lagt inn kr 9 mill. i 2020, jf. utbyggingsplan Stokkalandsmarka.

#### Prosjekt 724 Omkjøringsveg Vigrestad, Småhaugvegen-Grønholvsvegen

Planarbeidet for vidareføring av omkjøringsvegen nordaust for Vigrestad frå Småhaugvegen og fram til Grønholvsvegen er starta. Anleggsarbeidet vert skyvd ut til tidlegast 2021.

### Prosjekt T501 Omkøyringsveg Vigrestad, Grønholtsvegen – Langgata

Det er lagt inn 1,5 mill. i 2018 til planlegging av traseen vidare frå Grønholtsvegen fram til Langgata.

### Prosjekt T502 Omkøyringsveg Varhaug

Omkøyringsvegen er viktig for vidare utvikling og utbygging av tettstaden. Det er behov for ein fagleg transport- og trafikkanalyse for kunne vurdere ulike traseval. Det er lagt inn 1,0 mill. i 2018 til analysen. Utreiingane kan deretter danne grunnlag for drøfting med statlege og fylkeskommunale instansar før innteikning på kommuneplankartet.

### Prosjekt 731 Opprusting av vegar

Løyvinga på 0,8 mill. kroner pr. år til opprusting av kommunale vegar er vidareført.

## **I tillegg vedtok kommunestyret å løyve to millionar kroner i 2018 veg Fuglestad - Stokklandsvegen, prosjekt 732**

## **3323 Trafikksikring**

### *Mål*

- Sikre trygge og gode vegar

### *Investering*

Prosjekt:	Tidl løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
T600 Diverse mindre anlegg	200	200	200	200	200	200
T602 G/S-veg Varhaug - Kviamarka, langs Dysjalandsv.			1 000	7 500		
T601 G/S-veg langs Kviav.- turveg Motlandshagen		1 500				
G/S-veg langs fv 170, Risa, plan og ark.					1 000	
Sum	200	1 700	1 200	7 700	1 200	200
Tilskot/refusjon		-7 400				
Netto komm. midlar	200	-5 700	1 200	7 700	1 200	200

### Prosjekt T602 G/S-veg Varhaug – Kviamarka langs Dysjalandvegen

Det er foreslått avsett midlar til planlegging av g/s-veg frå Varhaug til Kviamarka samtidig med legging av vassleidning og eventuelt fjernvarme på same strekninga. Dette som følgje av tiltak i forbindelse med nytt høgdebasseng på Håland, bygd av IVAR. Det er sett av midlar til å prosjektera g/s-veg i 2018 for å sjå på desse tiltaka i ein samanheng. Rådmannen foreslår å sette av midlar til fullføring av g/s-veg over leidningstrase i 2019. Det er søkt om trafikksikringsmidlar i tilskot til planlegging av g/s-vegen. (Ikkje prioritert i fylket i 2017).

### Prosjekt G/S-veg langs fv Risa, plan og ark

Like eins er det foreslått avsett midlar til teknisk planlegging og regulering av g/s-veg fv 181 Garborg – Risa, til Time-grensa (2020). Dette for å kunne ha klar planar om det vert mogleg å få tilskotsmidlar eller andre midlar frå Statens vegvesen. Det er ikkje funne rom for midlar til bygging i perioden. I høyringsutkastet til handlingsprogram for fylkesvegnett 2018 – 2021 (23) ligg det inne forslag om 5 mill kroner i 2022.

# 3324 Gatelys

## Mål

- Feil på lamper og anlegg skal utbetrast snarast jf. vedlikeholdsavtale.

## Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Gatelys	4 235	4 300	4 300	3 961	4 000	4 050	4 100
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	3 510	3 754	3 854	3 602	3 637	3 682	3 728
Driftsinntekter	-972	-918	-918	-626	-632	-640	-648
Netto drift	2 538	2 836	2 936	2 976	3 005	3 042	3 080

\*) med godkjente endringer pr. 07.11.17

## Investering

Prosjekt:	Tidl løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
T801 Ånestad-Indrebøkrysset	500	1 500				
T802 Odland – Valdeland			1 000	1 000	1 000	300
Fv 215 Torlandsvegen - Kruså						700
609 Utbetring av eks. gatelysanlegg	500	500	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum	1 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Tilskot Enova utskifting HQL lys		-200				
Netto komm. midlar	1 000	1 800	2 000	2 000	2 000	2 000

Kommunen hadde 4301 armaturar ved utgangen av 2016. Om lag 600 master er eldre enn 40 år og difor ikkje omfatta av fastprisavtalen med Jæren Everk. Utskifting av trestolpar, ca. 300 stk. eldre enn 40 år, kostar om lag kr 35 000 pr. stk. Det vil, sjølv med ein vesentleg innsats når det gjeld overgang til nye, energisparande armaturar, vera eit aukande behov for vedlikehald av gatelysnettet i åra framover. Det er derfor sett av 1 mill. kroner/år i perioden til fornying av gamle anlegg.

Arbeidet med oppsetting av gatelys i krysset fv 44/fv 141 Vigrestad er ferdig. Fylket / Statens vegvesen overtek drifta av gatelys langs fv 44, fv 507 (frå fv 44 til Nærland /Refsnes) og fv 504, (Buevegen), frå 1.1.2018. Dette gir ei auke i utgiftene for Hå på om lag kr 50 000 i første omgang. Fylket / Statens vegvesen arbeider for tida med planar om å overta meir gatelys i Hå, m.a. langs Opstadvegen og Kyrkjevegen. Kor mange gatelys og når, er foreløpig ikkje avklara. Dette vil gje redusert driftsutgift for Hå.

I 2017 har vegvesenet montert nytt lys langs fv 44 på strekningane Vigre – Grødal og kryss fv 507 – Høyland skule. Dei har og sett opp lys langs fv 507 på strekinga kryss fv 44 – Nærland.

I 2021 er det lagt inn første del av midlar til gatelys langs Torlandsvegen, på Nærbø i samsvar med prioritering i K sak – 100/16.

## 3350 Grøntanlegg

### Mål

- Alle kommunale leikeplassar skal ha godkjente leikeapparat og vera tiltalande.
- Sentrale anlegg skal ha ein tiltalande utsjånad.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	6 963	7 653	7 484	8 598	8 598	8 598	8 598
Driftsinntekter	-319	-331	-331	-341	-341	-341	-341
Netto drift	6 499	7 322	7 153	8 257	8 257	8 257	8 257
Årsverk	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Kommunen søker fylkeskommunen om å verta godkjent som opplæringsbedrift for lærlingar innanfor anleggsgartnarfaget, for to lærlingar.

## 1300, 2610, 2650, 2651, 2340 Grøntanlegga ved helsesenter

Grøntanlegga ved Helsesenter Nærbø, Varhaug, Vigrestad Heimtun, Viervegen, Eivindhagen, Gjagnet, Blåbærtua, sosialbustadar på Rosk og Olsvoll.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	32	400	400	400	400	400	400
Driftsinntekter							
Netto drift	32	400	400	400	400	400	400

## 3350, 3355, 3600 Grøntanlegg, Parkar, Friluftsliv

### Investering

Prosjekt:	2017	2018	2019	2020	2021
825 Parkanlegg/nærmiljøanlegg	500	500	500	500	500
792 Eigendel spelemiddel anlegg	300	300	300	300	300
830 Leik/grønt/parkområder	500	500	500	500	500
531 Friluftsliv	200	200	200	200	200
T701 Parkeringsplass Holmavatn	300				
T700 Turdrag ny plan våren 2017		1 000	1 000	1 000	1 000
Sum	1 800	2 500	2 500	2 500	2 500

Kommunen har i dag 128 leikeplassar, grøntareal på til saman ca. 600 daa, fotballbanar og andre idrettsanlegg, samt ei rekke småareal omkring i kommunen. Utbygginga aukar

grøntvedlikehaldet langs nye vegnett og område. Om lag 2,5 årsverk av samla 4,5 årsverk på tenesta 1901 Gartnar, vert nytta til drift- og vedlikehald av utomhusanlegg ved kommunale bygg/idrettsanlegg. Lag og foreiningar gjer dugnad på leikeplassar og nærmiljøanlegg mot tilskot frå kommunen. Kommunen er ansvarleg for årleg godkjenning av leikeapparata på leikeplassane. Det er gjort avtalar med 22 vellag om å utføra enkelt vedlikehald av leikeplassar og friområde mot ei samla godtgjering på kr. 137.000. I 2014 vart det avsett kr. 500.000 til grøntområde/Nærbøparken. Parkarbeidet var mykje meir omfattande enn det midla nådde til. Det er ikkje funne rom for å vidareføra dette arbeidet i 2018 og framover.

Drifta av grøntområda har vorte meir utfordrande fordi det sommaren 2015 vart forbode å bruka vanlege sprøytemiddel i innsatsen mot ugras på leikeplassar. I 2017 er vassdamp nytta på leikeplassar, men dette er ein meir ressurs-/tidkrevjande behandling.

Behovet for gode og samanhengande grøntdrag og turvegnett vil auka i åra framover. Plan for turdrag er no under utarbeiding, jf. omtale i kommuneplanen. Det er lagt inn kr 1,0 mill. kr. til tiltak kvart år frå og med 2018.

Eigendel til tippemiddelanlegg skal dekkja kommunen sin del av kostnadane til ordinære nærmiljøanlegg. Desse går fram av eiga prioriteringsliste under tenesta 3600/3800 Friluftsliv/Idrett under tenesteområdet Opplæring og kultur.

## 3380 Feiing – Tilsyn

### Mål

- Alle bustadar skal ha tilsyn kvart fjerde år, og feiing kvart tredje år.

### Driftsbudjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Piper totalt	5 509	5 504	5 504	5 512	5 537	5 562	5 587
Bare branntilsyn	1 492	1 719	1 719	1 804	1 829	1 854	1 879
Feia piper	1 836	1 835	1 835	1 849	1 846	1 863	1 883
Spesialtilsyn etter §13	159	159	159	159	159	159	159
Branntilsyn i året	1 750	1 805	1 805	1 750	1 836	1 871	1 910
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	1 553	1 351	1 434	1 606	1 606	1 606	1 606
Driftsinntekter	-1 415	-1 426	-1 426	-1 434	-1 434	-1 606	-1 606
Bruk av bunde fond	-199		-34	-172	-172		
Netto drift	-61	-75	-26	-	-	-	-
Årsverk	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Tenesta vert i dag dekkja av ein feiar og ei stilling som i hovudsak gjennomfører branntilsyn av bygningar i kommunen. Det vert ikkje gjort framlegg om endring i feieavgifta for 2018. Arbeidsoppgåvene til feiaren aukar i takt med utbygginga i kommunen. I ny forskrift om brannførebygging, § 17, heiter det at kommunen skal sørgja for feiing i alle byggverk. Det



inkluderer også fritidsbustadar, som i Hå utgjør ca. 500. Det bør vurderast om desse bustadane skal inkluderast i feieavgifta i framtida. Rådmannen vil vurdere moglegheit for å få til ei ordning med lærlingplass innan feiarfaget.

## 3390 Brannvesen

### Mål

- Sikker og effektiv brann- og redningsteneste.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	9 028	8 675	10 037	9 428	9 274	9 274	9 274
Driftsinntekter	-773	-298	-426	-100	-100	-100	-100
Netto drift	8 255	8 377	9 611	9 328	9 174	9 174	9 174
Årsverk	2,00	2,52	2,52	2,52	2,52	2,52	2,52

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

I økonomiplanen for 2017-2020 ligg det inne auka bemanning for brann (eit årsverk førebyggjande avdeling) i samsvar med forskriftskrav og planlagt befolkningsvekst i kommunen. Befolkningsveksten er lågare enn forventta og rådmannen har ikkje funne rom for slik auke i økonomiplanperioden 2018-2021.

Talet på utrykkingar har dei siste åra gått ned, men i 2017 har det vore ei kraftig auke. Det er derfor foreslått ei auke i lønnsbudsjettet på kr. 300.000 som tilseier eit utrykkingsnivå midt imellom nivået i 2016 og det som er prognosane for 2017.

Eksterne kostnader som naudnett, sivilforsvaret og interkommunale utval mot akutt forureining (IUA) vart høgare i 2017 enn det som var budsjettert. I tillegg var det i økonomiplanperioden lagt inn ein forventta utgiftsrefusjon årleg på kr. 200.000. Desse inntektene vert trekt i frå fakturagrnnlaget til kommunen. Rådmannen foreslår at budsjettet frå og med 2018 vert justert opp med kr. 333.000 per år, og at refusjonen på kr. 200.000 per år vert tatt ut av økonomiplanen i tråd med signala frå Sør Rogaland 110 sentral.

#### Kurs:

For å kunne utdanne ein utrykkingssjåfør i året, må det budsjetterast med kr. 40.000 per år. Vi krev førarkortklasse C ved tilsetjing, og vi må følgje opp med utrykkingskurs i etterkant. Røykdykkarkurs i 2018, kostnad kr. 50.000,-. Det er 5 stk. som bør gjennomføra dette kurset à kr. 10.000,- .

#### Utstyr:

Hå brannvesen har for få røykdykkarflasker ved større hendingar og øvingar. Det vert foreslått å leggja inn kr. 25.000 til kjøp av fem nye flasker.

Fleire røykdykkarflasker skal til trykktesting og 10 års kontroller i 2018. Vi anslår at 5 stk. av desse må byttas ut. I 2017 har vi gjennomført ei omfattande trykktesting av brannslangane. Vi har etterpå kassert fleire på grunn av alder og slitasje. Det er sett av kr. 80.000 i 2018 for å erstatte nødvendig utstyr.

I sak 127/17 frå UTN 26.09.17 – «Hå brannvesen Status på bilpark og utstyr» – la rådmannen fram tal på kva Hå brannvesen vil trenge av utstyr framover.

### Investering

1000 kroner	2017	2018	2019	2020	2021
T006 Utskiftingsfond bilpark brann		700	700	700	700
T007 Utskiftingsfond utstyr brann		50	50	50	50
Utskiftingsfond bilpark brann	-	750	750	750	750

Rådmannen foreslår å sette av kr. 700.000 kr per år for å kunne skifte ut bilparken etter normal levetid. I budsjettet vert det foreslått oppretta eit bilfond på brann. Fleire av bilane er eldre enn 30 år. I tillegg tilrår rådmannen at det blir lagt inn kr. 50.000 per år til rulling av diverse utstyr som pumper, kompressorer, redningsverktøy og røykvifter frå 2018.

## 3450 Vassforsyning

### Mål

- Levera trygt og nok drikkevatt.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Abonnentar	6 999	7 111	7 111	7 161	7 211	7 261	7 311
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	25 383	19 602	21 349	21 839	21 839	21 839	21 839
Driftsinntekter	-20 126	-19 986	-19 486	-20 474	-21 048	-21 355	-21 599
Bruk av bundne fond	-5 774	-1 355	-3 128	-1 226	-1 226	-1 226	-1 226
Netto drift	-517	-1 739	-1 265	139	-435	-742	-986
Årsverk	3,8	4,3	4,3	4,1	4,1	4,1	4,1

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

I IVAR sin hovudplan for vatn varslar dei at deira pris på vatn levert til kommunane, vil auka dei kommande åra. I tillegg er det auka investeringar i kommunen. Dette vil føra til at vi må forventa at den kommunale vassavgifta til innbyggjarane også vil auka i åra framover. Bunde driftsfond for vatn var per 1.1.2017 kr. 6 956 000.

For 2018 vert det lagt til grunn ein auke i vassavgifta på ca. 2,5 %.

Endring av årsverk frå 2017 til 2018 skuldast at vassforsyning sin del av stillingane ved Servicetorget vert tilbakeført til Servicetorget (0,5 årsverk) og at rådmannen foreslår auka stilling med 0,5 årsverk for å sikre overlapp til ny avdelingsleiar kommunalteknikk og brann. Noverande avdelingsleiar går ned i 80 % stilling.

## Investering

Prosjekt:	Tidl løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
628 VL Prestakrysset – Håland	6 060	850	2 490			
T302 VL Dysjaland-Varhaug-Kydland		2 700	3 010	8 990		
T301 VL Skrettingland - Høggjæren (IVAR)		1 000			2 600	
T304 VL i g/s veg Brusand (BW prosjekt)			300			
T305 VL Bøtunet utvikling			210			
VL Efestad FF-Resi						1 200
VL FF-Resi – Langgata						4 700
T306 VL Lindal - Årdal (IVAR sak)			1 000		2 100	
VL Vigrestad Langgt. - Stokkelandsmarka				1 000	3 000	7 000
T307 Trykkreduksjonsstasjoner			1 500	1 500	1 500	
630 VL spreidd busetnad	500	500	500	500	500	500
Sum	6 560	5 050	9 010	11 990	9 700	13 400
T300 Anleggstilskot		-350	-350	-350	-7 350	-6 850
Nettofinansiering	6 560	4 700	8 660	11 640	2 350	6 550

Vasslekkasjen i 2016 var på 28,3 % av kjøpt vatn. Det må derfor vera eit kontinuerlig arbeid for å finna og utbeta lekkasjar. Soneinndeling med tilhøyrande trykk- og målestasjonar må ferdigstillast (13 av 20 er på plass). For å halda lekkasjane på eit lågare nivå, er det viktig å skifta ut røyr med stor risiko for leidningsbrot, og gamle ventilkryss med lekkasjar. Vi har i dag om lag 6 km asbestleidningar igjen. Nokre av dei eldste av desse er planlagt skifta i løpet av 2018 – 2019 i dei anlegga som det er avsett midlar til, jf. tabell ovanfor.

Oppgradering og utbygging av vassforsyningsnettet må sjåast saman med prioritering og gjennomføring av tiltak på avløpssektoren. Det er store utfordringar framover på vass- og avløpsnettet. Det er gjennomført ein analyse av vassbehov i kommunen sett i saman med IVAR sitt nett, med basis i IVAR sine retningslinjer for utkopling av uttak til kommunane ved reingjeringsbehov og ved leidningsbrot. Det er godkjent ein forpliktande avtale med IVAR om å byggja høgdebasseng i Hå innan 2021. (F Sak 098/17).

### Prosjekt 628 VL Prestakrysset - Håland

Prosjektet er under planlegging. Revidering av kalkyle er ikkje ferdig og kjem i eiga sak i forbindelse med sak før utlysing på anbod.

### Prosjekt T 302 VL Dysjaland-Varhaug-Kydland

Planlegging er sett i verk for koordinering med andre prosjekt. Første del er meir detaljert traséavklaring i forhold til andre moglege aktørar. (IVAR avtale)

### Prosjekt T301 VL Skrettingland – Høggjæren (IVAR)

Planlegging er ikkje sett i gang grunna manglande kapasitet.

### Prosjekt VL Lindal – Årdal (IVAR sak)

Planleggingsmidlar.

### Prosjekt VL Vigrestad – Stokkelandsmarka

Planleggingsmidlar (IVAR avtale)

## Prosjekt 630 VL spreidd busetnad

Midlar til ny /sanering av vassleidning i forbindelse med kloakkprosjekt i spreidd busetnad.

Det er i tillegg lagt inn midlar til tiltak på Brusand og Bøtunet i samsvar med vedtak om kommunal del i desse to byggeprosjekta.

## 3530 Avløpsanlegg

### Mål

- Avløpshandteringa skal vera robust og miljøvennleg.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Abonnentar	6 664	6 827	6 827	7 033	7 113	7 193	7 273
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	39 775	30 988	33 335	35 775	35 775	35 775	35 775
Driftsinntekter	-36 293	-34 328	-33 828	-35 669	-36 853	-38 859	-42 347
Bruk av bunde fond	-6 224	-1 581	-2 995	-2 676	-2 676	-2 676	-235
Netto drift	-2 742	-4 921	-3 488	-2 570	-3 754	-5 760	-6 807
Årsverk	5,3	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8

\*) med godkjente endringar pr.  
07.11.17

For 2018 vert det lagt til grunn ein auke i avløpsavgifta med ca. 4 %.

Bruk av bundne driftsfond, kloakkavgift 25100601. Per 1.1.2017 var dette på kr 10.844.000. Med dei store utfordringane som vil komma i åra framover både når det gjeld utbygging av overvassnett, sikringstiltak mot flaum og sanering av eldre avløpsanlegg, må dette høge aktivitetsnivået vidareførast. Dei store overvassanlegga som nå vert utbetra/opparbeidde i m.a. Litlagrønå på Vigrestad, er kombinasjonstiltak for å fjerna overløp, fjerna feilkoplingar, redusera inn-/utlekkasje og oppdimensjonera overvassleidningane. Tiltak i Opstadvegen vart ferdig i 2017.

I IVAR sin hovudplan for avløp varslar dei at deira pris på avlaupsbehandlinga i kommunane vil auka dei kommande åra. I tillegg er det auka investeringar i kommunen. Dette vil føra til at vi må forventa at den kommunale kloakkavgifta til innbyggjarane vil auka i åra framover.

Årsverka er uendra fordi rådmannen foreslår ein auke på 0,5 årsverk for å sikre overlapp til ny avdelingsleiar kommunalteknikk og brann, samtidig som 0,5 årsverk vert tilbakeført til Servicetorget

## Investering

Prosjekt:	Tidl løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
663 San. Løgefelt Litlagrøna m.m.	13 000	12 000	12 000			
T402 Tiltak flaum Vigrestad		2 000	0	4 000	4 000	
T404 Sanere avløp i g/s veg Brusand (BW prosjekt)			923			
T405 Sanere avløp og klargjøring for framtidig tiltak Bøtunet utvikling			360			
T406 Tiltak Flaum Varhaug ovanfor sentrum			1 000	-	5 000	5 000
T401 San Dysjalandsv. Toppav. Bratlandsh.		1 000	9 500	13 000	-	
T407 Snipevegen			2 500			
Sanering Symrevegen – Blåkklokkevegen				1 000	5 000	
San. Torggt Nærbø ifm tiltak ny sentrumsplan				1 000	9 500	12 100
Sanering ved Nærbøparken (sør for)						3 500
T400 Kloakk. i spreidd busetnad (Fond)	2 841		1 000	1 000	1 000	1 000
Sum	15 841	15 000	27 283	20 000	24 500	21 600
T400 Anleggstilskot		-700	-700	-700	-700	-700
Nettofinansiering	15 841	14 300	26 583	19 300	23 800	20 900

Prioritering av tiltaka bør skje årleg i økonomiplanen basert på tidlegare vedtak og hovudplanen for vatn, vassmiljø og avløp.

### Prosjekt 663 San. Løgefelt - Litlagrøna m.m.

Under bygging. Restløyving til anlegget er flytta fram til 2018.

### Prosjekt 664 Tiltak Flaum Bøbekken Nærbø

Planleggingsmidlar. Prosjekteringa er starta opp.

### Prosjekt T 402 Tiltak flaum Vigrestad

Tiltak med ny overvassleidning i Rundvegen, senking av Rundvegen med nytt inntak aust for Langgata og overføring av Flådabekken til Vollbekken og tiltak vidare mot sør langs Flådabekken, forbi denne og vidare mot Rudlå / Haugstad, er rekna som dei viktigaste og mest prekære tiltaka for Vigrestad. Grovkalkyle for prosjektet er på kr. 88 mill. Det er ei forventning om å få statleg tilskot til dette anlegget. Planlegginga er kome langt og søknad om tilskot frå NVE er sendt i juni 2017. Svar på søknaden er ikkje kome. Oppstart av anleggsløyvinga er utsett til 2019 / 2020.

### Tiltak flaum Bratlandsåna

Vidare er det planlagt å komma i gang med prosjektering av flaumtiltak på Varhaug i 2018. Dette med sikte på søknad om statlege tilskot og utføring i slutten av perioden. Det er lagt inn kr. 1 mill. i 2018 (prosjektering) og kr. 5 mill. i 2020 – 2021 til oppstart av tiltak.

### Prosjekt T 401 sanering Dysjalandsv. Toppav. Bratlandsh.

Prosjektet er under planlegging og nærmar seg slutten. Eiga sak om oppstart av anleggsarbeidet vert behandla i haust. Anleggsperioden er tenkt å vera med oppstart litt ut i 2018 / ferdig i 2019.

### Sanering i Snipevegen UTN sak 126/17

Det er lagt inn kr. 2,5 mill. i samsvar med saksbehandlingen. Oppstart tidlig 2018.

### Sanering Symrevegen – Blåklokkevegen

Planleggingsmidlar og tiltak.

### Sanering Torggt Nærbø i samheng med tiltak ny sentrumsplan

Planleggingsmidlar i 2019 og tiltak planlagt utført i 2020 og 2021.

### Sanering sør for Nærbøparken

Nytt tiltak i 2021. Prosjektering og oppstart i 2021. Grovkalkulert til kr. 8 mill.

Det er i tillegg lagt inn midlar til tiltak på Brusand og Bøtunet i samsvar med vedtak om kommunal del i desse 2 byggeprosjekta.

### Kloakk i spreidd busetnad

Under arbeid og vert vidareført i perioden.

Anlegget Brusand – Brusali er nå stort sett ferdig. Avløp for området Tuen – Vatnamot, Haver, og Reiestad vert nå planlagt. Enkelte andre områder er og kontakta. Det står att å kloakkere ca. 300 eigedommar.

## **3540 Tømming av septiktankar**

### **Mål**

- Septiktankar i private anlegg i spreidd busetnad vert tømde annakvart år.

### *Driftsbudsjett*

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Abonnentar	360	350		290	265	250	250
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	147	174	233	412	376	355	355
Driftsinntekter	-336	-292	-292	-412	-376	-355	-355
Bruk av bunde fond			-53				
Netto	-189	-118	-112	-	-	-	-

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Om lag 4 % av abonnentane har septiktankløyning for kloakk som vert henta som slam. Kloakkanlegget Hundamyra, Tuen og Vatnamot mfl. vil redusera talet på abonnentar som har septiktankløyning. Det er føresett full inndekning av utgiftene gjennom gebyrinntektene. Avgifta vert fastlagt for to år om gongen. Den vart sist endra i 2017 og vert dermed vurdert endra i 2019.

## 3550 Renovasjon

### Mål

- Effektiv og høg service som innbyr til best mogleg sortering av avfall.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2016	2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Brukarar:							
Abonnentar	6 744	6 839	6 839	6 932	6 982	7 032	7 082
Heimekompostering	670	661	661	600	600	600	600
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	23 402	17 974	18 154	18 403	18 403	18 403	18 403
Driftsinntekter	-15 783	-16 013	-16 013	-15 770	-15 770	-16 039	-19 271
Bruk av bunde fond	-7 993	-2 303	-2 442	-2 733	-2 719	-2 550	
Netto	-374	-342	-301	-100	-86	-186	-868
Årsverk	1,9	2,5	1,9	1,9	1,9	1,9	1,9

\*) med godkjente endringar pr.  
07.11.17

Bruk av bundne driftsfond, renovasjon 25100603. Per 1.1.2017 var dette på kr 8.001.000.  
Gebyrinntekta vert uendra.

Endring av årsverk frå 2017 til 2018 skuldast at renovasjon sin del av stillingane ved  
Servicetorget vert overført til Servicetorget (0,6 årsverk).

### Investering

Investering renovasjon	2017	2018	2019	2020	2021
T003 Utviding miljøstasjon Nærbø				1 000	6 000
Netto				1 000	6 000

Miljøstasjonen i Pytten saman med dei ubemanna mottaksstasjonane i tettstadane, er eit ekstra servicetilbod til innbyggjarane i kommunen for levering av sortert avfall. Tiltaket er svært populært og vert mykje nytta av innbyggjarane. Det er behov for å utvida kapasiteten på miljøstasjonen, nytt bygg for farleg avfall og ny tilkomst frå fv 163 Bøvegen. Prosjektet er kalkulert til kr. 15 mill. Rådmannen har ikkje funne rom for fullfinansiering av dette tiltaket i økonomiplanperioden, men har lagt inn midlar til planlegging i 2020 og oppstart i 2021.

## 3600, 3605 og 3606 Fisk, jakt og viltstell, kalking

### Mål

- Ognaelva skal ha ein tilfredsstillande vasskvalitet for sjøaure og laks.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2016	Budsjett			Økonomiplan		
		2017	2017 *)	2018	2019	2020	2021
Driftsutgifter	1 222	516	1 199	516	516	516	516
Driftsinntekter	-501	-486	-486	-486	-486	-486	-486
Bruk av bunde fond	-591		-683				
Netto	130	30	30	30	30	30	30

\*) med godkjente endringar pr. 07.11.17

Ein vesentleg del av utgiftene går til kalkingsprosjektet i Ognaelva. Staten dekker her dei faktiske utgiftene som for 2017 er forventa å verta kr 390.000. Resten av utgiftene går til friluftsliv og fiske.

## 3100 Utbygging av bustadområde

### Mål

- Alltid byggeklare tomter for sal i Stokkalandsmarka.

Utbyggingsplan Stokkalandsmarka, UTN sak 117/16, ligg til grunn for føreslåtte tiltak. Det vert vist til denne i si heilheit.

### Investering

1000 kroner	Tidl.løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
435 Stokkelandsm plan 1133, grunn m.m.*	68 000	11 800	7 500	3 600	3 600	3 600
Stokkelandsmarka del 4 jf utbyggingsplanen						7 000
T101 Stokkalandsmarka grønt & sentrum			500			2 000
T102 Markedsføringskostnader		250	250	250	250	250
Sum inkl. nye grunnkjøp	68 000	12 050	8 250	3 850	3 850	12 850
T100 Budsjettert inntekt		-15 000	-10 000	-15 000	-15 000	-15 000

### Investering utbygging av Stokkalandsmarka

1000 kroner	2016	2017	2018	Sum.anl.
438 Stokkelandsm del 3 opparb. + grønt	27 000	41 500	5 800	74 300
467 Stokkel.m. sør opparb.	500	12 500	5 000	18 000
730 Haugstadv. - Stokkelandsm. et. 1	18 000	23 200	10 000	51 200
Sum pågåande anleggsarbeider	45 500	77 200	20 800	143 500



### Prosjekt 435 Stokkalandsmarka

Det er lagt inn kostnader til grunnkjøp i samsvar med forventede utbetalinger i årene framover.

### Prosjekt 438, 467 og 730

Prosjektene i Stokkalandsmarka er under opparbeiding og forventede ferdige våren 2018.

### Prosjekt Stokkalandsmarka del 4

Prosjektet er skjøve ut fra 2019 til 2021 med oppstart av neste delprosjekt basert på salet så langt i år.

### Stokkalandsmarka sentrum

Rådmannen foreslår å utføre en framtidsstudie for å sjå på moglegheitene for å få til eit godt sentrum. Det er sett av kr 0,5 mill. til dette i 2018, med oppstart prosjektering / bygging i 2021.

Det er i forslaget til budsjett avsett årlege midlar til marknadsføring av tomter.

Utbygging av bustadfelt i dei andre tettstadane vert for det meste gjort i privat regi. Det vert lagt opp til at dette og vil skje vidare framover.

## ***3250 Utbygging av næringsområde***

### ***Mål***

- Gjennomføre kommuneplanen sine målsettingar om ledig industriareal i alle krinsar i kommunen. Samtidig som ein legg til rette for rett næring på rett plass.

### *Investering utbygging næringsområde*

Prosjekt:	Tidl.løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
T202 Kviamarka grunn			2 000			
Krusemarka mot Torlandsvegen.				2 000	5 000	5 000
Skoga et. 2 grunn og opparb.				1 000	5 000	3 000
T201 Indre Vågen	2 000					
Sum inkl. nye grunnkjøp	2 000	-	2 000	3 000	10 000	8 000
Budsjettet inntekt		-5 000	-21 500	-22 000	-22 000	-22 000

I løpet av 2017 vil kommunen ha ledig industriareal i alle krinsane i kommunen. Fokuset i årene framover vil handla om sal og utvikling av næringsområda. Større nye investeringar kjem først i slutten av økonomiplanperioden. Nye investeringar må sjåast i samanheng med utviklinga i salet.

### Kviamarka næringsmiddelpark:

Det er ikkje selt noko areal i Kviamarka i 2017. Det er fortsatt igjen i underkant av 30 daa regulert tomteareal. Det er lagt inn ei utviding på ca. 26 daa i ny kommuneplan. Nortura har vedtatt å flytta delar av anlegget sitt på Forus til Kviamarka. Konsekvensane for areal- og opparbeidingsbehov i Kviamarka er endå ikkje avklara. Tidlegere midlar avsett til grunnkjøp vert vidareført i 2018.

### Industriområdet i Sirevåg Hamn:

Industriområde nr 13 på sørsida av hamna vert ferdigstilt i 2017.

Vidare opparbeiding av industriområda i hamna må sjåast i samanheng med etterspørsel etter tomter og tiltak på vegen rundt hamna i samsvar med rekkefølgekrav.

#### Prosjekt Industriområdet Skoga aust for fv 44

Industriområdet Skoga er ferdig opparbeida med ca. 60 daa byggeklart næringsareal. Per oktober 2017 er det selt om lag 28 daa. Arealreserven er redusert ein del og midlar til vidare tomtekjøp / opparbeiding er innarbeida i gjeldande økonomiplan (i 2019 og 2020 i ØP 2017-2020).

#### Krusemarka mot Torlandsvegen grunn

Dersom tomtesalet i Krusemarka går godt, kan det verta behov for meir areal til næring vidare mot Torlandsvegen. Det vert foreslått å sette av midlar til planlegging / regulering i 2019 og opparbeiding i 2021 – 2022. Det er lagt inn midlar til grunnkjøp i 2020.

## 3254 Sentrumsutvikling

### Mål

- Kommunen skal i samarbeid med andre aktørar vera med å leggja til rette for oppgradering i sentrumsområda.

### Investering

Prosjekt:	Tidl.løyvd	2017	2018	2019	2020	2021
T900 Sentrumstiltak	3 000	1 000				
T903 Sentrumstiltak Varhaug			1 000	1 000	1 000	2 000
T902 Sentrumstiltak Nærbø		1 000	1 000	2 000	5 000	-
Sum investering	3 000	2 000	2 000	3 000	6 000	2 000

#### Kommunedelplan Nærbø sentrum

Ny sentrumsplan for Nærbø er under arbeid og vil på sikt ha behov for tiltak. I KPU-sak 009/16 vedtok kommuneplanutvalet planprogrammet for Nærbø sentrum med ein framdriftsplan som tilseier at endeleg plan vil verta vedtatt i 2019. Det er derfor sett av midlar til planlegging også i 2017 og 2018, samt midlar for investering i 2019 og 2020.

#### Kommunedelplan Varhaug sentrum

I Planstrategien er det fastlagt at det i inneverande kommunevalperiode skal utarbeidast ein kommunedelplan for Varhaug sentrum. Sentrumsplanen skal fastlegge dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum som lokalsentrum og kommunesentrum i Hå kommune i åra framover. Planarbeidet skal bygge på kunnskap, kreativitet og vilje til utvikling og bevaring av dei verdfulle historiske faktorane som har forma tettstaden. Integreringa mellom sentrum og tettstaden omkring må vidareførast. Det skal leggjast vekt på at planarbeidet skal vere opent og tilgjengeleg med brei medverknad frå alle som er interesserte og engasjerte i sentrumsutviklinga. Heile 2018 fram til sommaren 2019 går med til utarbeiding av grunnlagsdokument og utforming av planforslag. Høyring av planforslaget og sluttbehandling kan då skje i løpet av hausten 2019 med endeleg planvedtak omkring sommaren 2020.

Det er foreslått å sette 1 mill. kroner i kvart av åra 2018 – 2020 og 2 mill. kroner i 2021.

## Vedlegg - Trafikksikringsplan

Hå kommune har i samarbeid med Statens vegvesen Rogaland i løpet av dei siste åra bygd ei rekke strekningar med gang- og sykkelveggar i kommunen. Samarbeidet bygde på samarbeidsavtalar mellom kommunen og Statens vegvesen/Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen ønskjer ikkje lenger å inngå slike samarbeidsavtalar med kommunane.

### Prioritering av gang – og sykkelveggar

I kommunestyresak 010/16: Gang- og sykkelveggar – prioritering, vedtok kommunestyret ei prioriteringsliste av gang- og sykkelveggar. Utbygging av G/S-veg er store investeringar. Det økonomiske ansvaret er avhengig av kor ny strekning skal byggast ut. Vedtatt prioriteringsliste har ikkje tatt omsyn til dette. For å gi ein betre oversikt over prioriteringar, er lista nå delt i to: Den første lista er G/S-veger kor Rogaland fylkeskommune normalt har 100 % ansvar for finansiering, den andre er for dei andre G/S-vegane. Det vert for tida gjennomført forhandlingar med fylket om endring i ansvar for vedlikehald av fylkesveger, G/S-veger og gatelys. Dette kan gi endringar i kva for lister ulike tiltak bør plasserast i.

### Prioritering av G/S-veger langs fv 44, fv 504, fv 507

(tidlegare riksveg kor Rogaland fylkeskommune/Statens vegvesen har ansvar for 100% finansiering)

1. Fv 44 Brattland, frå Bratland til Grødal
2. Fv 44 Oгна, frå kryss Bogsdalen til eksisterande gang- og sykkelveg nord for golfbane
4. Fv 44 Husvegg – Madland
5. Fv 44 Madland –Årsland
6. Fv 44 Brusand, langs nordlege del av bustadfeltet på Brusand
7. Fv 44 Årsland – Hårskleid

### Prioritering av andre G/S-veger

1. Fv 44 Brusand, langs sørlege del av bustadfeltet på Brusand
2. Kv Kviavegen, frå kryss Fv 159 Store Ring til turveg Motlandshagen
3. Kv Dysjalangsvegen, frå krysset med Lerbrekkevegen til eksisterande G/S-veg i Kviamarka
4. Fv 170 Risavegen, frå kommunegrensa til Vålandsvegen\*
5. Fv 170 Risavegen, frå Vålandsvegen til kommunegrense\*
6. Fv 131 Vigrestad, frå Vigrestad til Hadlandsvegen
7. Fv 131 Vigrestad, frå Hadlandsvegen til Ægra
8. Fv 215 Torland - Haugland
9. Fv 177, Sirevåg Stormolovegen, Forlenging av sykkelveg ved fv44 til Kv Kråbakken

\*SVV har avsett midlar 5 mil i sitt høyringsdokument frå 25.08.2017 «Handlingsprogram for fylkesvegnett i Rogaland 2018-2021(2023))

Departementet inviterte KS i november 2015 til eit samarbeid med sikte på å få bygd meir gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Bakgrunnen var ønskje om ei prøveordning for aktuelle prosjekt som fråvik faglege anbefalingar av Statens vegvesen. Vegdirektoratet utarbeidde i juni 2016 eit notat kor ein minna om at fylkeskommunane og kommunane sjølv er fråviksmyndigheit for vegnormalane. Statens

vegvesen ønskjer ikkje å overta gang- og sykkelveggar etter forenkla standard, men kommunar og fylkeskommunar kan sjølv fråvika vegnormalar på eige vegnett i enkeltsaker.

## Prioritering av gatelys

I kommunestyresak 014/16: Gatelys – Prioritering, vedtok kommunestyret:

1. Fv 181 Opstadvegen, Ånestad – Åna
2. Fv 181 Opstadvegen, Åna – Indrebøvegen
3. Fv 44 Nordsjøvegen, Vigrekrysset – Kviamarka
4. Fv 144 Kyrkjevegen, Odland – Valdeland
5. Fv 507 Nordsjøvegen, Njærheimkrysset – Nærland
6. Fv 215 Torlandsvegen – Kruså
7. Fv 172 Høylandsvegen
8. Fv 44 Njærheim – Klepp grense
9. Fv 44 Varhaug – Husvegg
10. Fv 131 Vadlandsvegen, Stavnheimkrysset – Vadland
11. Fv 177 Stormolovegen, frå fv 44 til Nygårdssida
12. Kv 3650 Kviavegen, frå Store Ring til Rongavegen

Prioritering nr. 1 og 2 er ferdig prosjektert, men er for tida sett på vent sidan kommunen nå forhandlar med fylket om ansvar for gatelys som kan gi endringar i prioriteringslista, jf. også kommentar om gang- og sykkelveggar. Prioritering nr. 3 og 5 er ferdig utbygd. I tillegg til vedtatt prioriteringsliste, vil utbygging av gang- og sykkelveg frå Kviamarka industriområde til kv Dysjalandvegen vere med gatelys.

## Klassifisering av skuleveggar

Utval for opplæring og kultur har i fleire omgangar behandla saker om klassifisering av farlege skuleveggar, seinast i sak 014/13 kor ein konkluderte med at det ikkje var grunnlag for å endra vurderinga frå 2009 som ligg til grunn for rett til skuleskyss, med unntak av strekninga Sirevåg – Ognå som er fjerna frå lista då området er ferdigstilt og veggen ikkje lengre gir rett til skyss.

I UOK-sak 014/13 med tilvising til 03/09 er det gjort følgjande gradering:

### *Klassifisering av farlege skuleveggar*

Vegnr.	Strekning/tiltak	Klassifisering
Fv 44	Grødalaland - Bratland	Gruppe 1 (1. – 7. klasse)
Fv 44	Varden - Ognå	Gruppe 1 (1. – 7. klasse)
Fv 44	Sirevåg - Vatnamot	Gruppe 1 (1. – 7. klasse)
Fv 44	Husvegg - Hårr	Gruppe 1 (1. – 7. klasse)
Fv 44	Vigrestad – Aniksdal - Ægrå	Gruppe 1 (1. – 7. klasse)
Fv 154	Mellom fv 504 og fv 44	Gruppe 1 (1. – 7. klasse)
Fv 44	Hårr – Kvalbein	Gruppe 2 (1. – 4. klasse)
Fv 504	Prestakrysset – kryss Bjorheim	Gruppe 2 (1. – 4. klasse)
Fv 181	Njølstad – Time grense	Gruppe 2 (1. – 4. klasse)
Fv 147 / fv 149	Skrettingvegen frå Skretting til Varhaug	Gruppe 2 (1. – 4. klasse)

## Tilsegn om TS-midlar

Fylkestrafikksikkerhetsvalget i Rogaland (FTU) tildeler kvart år trafikksikringsmidlar (TS-midlar) etter søknad frå kommunane. For fylkesvegane dekker tilskotsmidla pluss fylkeskommunen sin eigendel 100 % av kostnadene. For kommunale vegar er eigendelen 40 %. Større prosjekt enn kr 1 500 000 fell utanfor rammene for TS-midlar og må vurderast i samanheng med andre fylkesvegprosjekt.

*Tilsegn er gitt i 2017 for følgjande prosjekt som er under planlegging:*

Kostnadsestimat	Tilskot	Kostnad
Kv Audamotlandsvegen, GSveg Båden - Kviamarka	840 000	1 400 000
Fortau fv 181 til kv Konvallvegen	50 000	87 500
Fartsreducerande tiltak kommunale vegar	30 000	50 000

## Tiltak i økonomiplan 2018 – 2021 - Søknad om trafikksikringsmidlar:

Vegnr.	Strekning/tiltak	Kostnad	2018
Kv Kviavegen	Prosjektering Fv 159 til turveg Motlandshagen	1 500 000	900 000
Kv Dysjalandsv.	Prosjektering g/s-veg Kviamarka – Dysjaland	1 500 000	900 000
Fv 170 Risavegen	Prosjektering g/s-veg	1 500 000	
Kv Planetvegen	Innkjøp grunn, etablering av fortau og gangfelt	600 000	
Kv Vigrestadvegen	Utbygging av fortau mellom Steinvegen og Rundvegen	1 200 000	720 000
Kv Skårvegen	Utbygging av fortau mellom Parkvegen og Vestringen	600 000	
Kv	Mindre trafikksikringstiltak	200 000	30 000

## Prosjekt under planlegging, gang- og sykkelvegar

1. Fv 44 Brattland, frå Bratland til Grødalaland. Statens vegvesen har utarbeidd forslag til reguleringsplan 1136 som er godkjent. Teknisk planlegging er under arbeid i regi av Statens vegvesen.
2. Fv 44 Oгна, frå kryss Bogsdalen til eksisterande gang- og sykkelveg nord for golfbane. Reguleringsplan 1147 er godkjent. Teknisk planlegging vert utført av Statens vegvesen.
3. Fv 44 Brusand, langs sørlege del av bustadfeltet på Brusand. I godkjent reguleringsplan 1090 for Brusand sentrum inngår manglande gang- og sykkelveg frå utløpet av Bjårvatnet og fram til innkjøringa til jernbanestasjonen som eit rekkefølgjekrav.
4. Kv Kviavegen, frå kryss Fv 159 Store Ring til turveg Motlandshagen. Ny søknad om TS-midlar for 2018 til prosjektering.
5. Fv 170 Risavegen, frå kommunegrensa til Vålandsvegen. Foreslått planlegging i 2020.
6. Fv 170 Risavegen, frå Vålandsvegen til kommunegrense. Foreslått planlegging i 2020.

Føreslåtte løyvingar er tatt inn under omtale av teneste 3322 Trafikksikring lenger fram i dokumentet.

Andre tiltak har rådmannen ikkje funne plass til.

## Prosjekt under planlegging, gatelys

1. Fv 181 Opstadvegen, Ånestad – Åna ferdig prosjektert. Kommunen er i forhandlingar med fylket om ansvar.
2. Fv 181 Opstadvegen, Åna – Indrebøvegen ferdig prosjektert. Kommunen er i forhandlingar med fylket om ansvar.
3. Kviamarka industriområde til kv Dysjalandvegen.
4. Fv 144 Kyrkjevegen, Odland – Valdeland. Kommunen er i forhandlingar med fylket om ansvar.
5. Fv 215 Torlandsvegen – Kruså

Føreslåtte løyvingar er tatt inn under omtale av teneste 3324 Gatelys lenger fram i dokumentet.

Andre tiltak har rådmannen ikkje funne plass til i økonomiplanperioden.



# Kyrkjer og andre trussamfunn

Målsettinga er at Hå kommune kan tildele tilskott i takt med utviklinga i rammevilkåra for kommunen sin økonomi. Tilskottet skal utmålast etter at det er teke særskilt omsyn også til utviklinga i kyrkja sine utgifter til løn og energipris.

## Driftsbudsjett kyrkjer og andre trossamfunn

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett		Økonomiplan		
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Den norske kyrkja	11 882	12 180	12 300	12 300	12 300	12 300
Andre trussamfunn	998	778	1 150	1 150	1 150	1 150
Netto drift	12 880	12 958	13 450	13 450	13 450	13 450

Fellesrådet har laga budsjettsskriv og dette er tatt inn som vedlegg til dokumentet.

Rådmannen finn ikkje rom for å løve midlar til ekstra stilling og dette er tatt ut av budsjettforslaget.

Kommunane skal gi tilskott til livssyn- og trussamfunn med same beløp pr. medlem som tilskottet kommunen gir til Den Norske Kyrkja. Den store auken skuldast at medlemstalet i Den norske kyrkja er gått ned og medlemstalet i andre trussamfunn aukar. For 2018 er beløpet anslått til å bli kr 1,15 millionar. Tilskottet til den katolske kyrkja som blei halden tilbake blei betalt i 2017.

## Investering kyrkja

Investering 1000 kr	B 2017	2018	2019	2020	2021
Prosesjonsvegar	313		313		
Hjullastar		200			
Nærbø kirkegård/driftsbygg	625		6 500		
Sum investering	938	200	6 813	-	-

For å kunne utnytte kyrkjegarden på ein meir effektiv måte er det behov for å flytte komposteringsanlegget og sette opp eit enkelt driftsanlegg/lagerbygg utanfor kyrkjegarden. Dette var med i økonomiplanen for 2016-2019. I denne økonomiplanen er prosjektet sett opp i 2019. Det totale omfanget er større enn det som er tatt inn i tidlegare økonomiplanar. Rådmannen tilrår at delprosjekt 1, «Opparbeiding av urnefelt og gravplass» blir tatt inn i 2019. Det er føresett at arbeidet blir finansiert av tidlegare avsette fondsmidlar og ubrukte lånemidlar til kyrkja der opphavleg formål er falt bort. Omfang og tidspunkt for prosjekt «ny driftsbygning» kan bli vurdert ved diskusjon av budsjett seinare år.

I tillegg tilrår rådmannen å løyve kr 200.000 til kjøp av hjullastar i 2018.



# Ymse

I dette kapitlet samlar ein dei postane som ikkje har med tenesteproduksjon eller administrasjon å gjera, men som likevel er ein viktig del av det totale budsjettet.

## *Premieavvik og amortisering av premieavvik*

Kommunane skal i sine rekneskap korrigere avvik mellom faktisk betalt pensjonsforsikringspremie og ein berekna, langsiktig pensjonskostnad. Meininga med dette er å jamne ut den årlege utgiftsføringa målt som "sum betalt premie og premieavvik". Avvik frå før år 2011 skal avskrivas over 15 år, frå 2011 over 10 år. Premieavvik frå 2014 og seinare skal skrivas av over 7 år.

Premieavvika har ikkje utvikla seg rundt eit 0-punkt over tid, slik departementet i si tid venta. Kommunesektoren skyv nå eit stort beløp på titals milliardar føre seg. Dette vil tyngja framtidige kommunebudsjett.

Når det gjeld premieavvika for åra før 2011, sette Hå kommune tilsvarande midlar i fond for å dekkja framtidige utbetalingar. Frå fondet kan ein kvart år fram til 2025 ta 2,74 mill kroner til å dekkja nedskrivninga av dei eldre premieavvika. For premieavvik etter 2010 vil drifta måtte dekkja nedskrivningane (amortiseringa).

I 2018 er det etter oppgåva frå Kommunenes Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK) rekna med at arbeidsgjevars del av pensjon er 18,23 prosent for fellesordninga i KLP (inkludert dei folkevalde), 19,82 prosent for sjukepleiarar og 10,30 prosent for lærarar i SPK.

Det er uklart kva utviklinga i pensjonsutgiftene vil bli. Det er ikkje grunn til å vente vesentleg mindre utgifter til pensjon framover – om ikkje regelverket skulle bli endra.

## *Tilfeldige utgifter og inntekter*

### **"Reserveposten"**

Det er sett av 500.000 kroner per år til tilleggs- og nye løyvingar etter vedtak av formannskapet.

### **Lønsreserve**

Løn er budsjettert på dei einskilde konti ut frå lønsnivået pr. 1. januar 2018. Lokalt oppgjer 2017 blei ferdig forhandla i oktober og med atterhald om godkjenning i formannsskapsmøte 7.11.2017 er dette innarbeida i budsjettet for 2018.

For 2018 må det setjast av midlar i lønsreserven til å dekkje sentralt og lokalt lønnsoppgjer frå 1. mai/august 2018. I statsbudsjettet og hos SSB er anslaget om årslønsvekst i 2018 på 3 prosent. Rådmannen anbefaler å legge inn 3 prosent av lønsmassen som lønsreserve. I tillegg må det leggest inn vel 1,5 mill kroner for å dekkja inn kontingent til KS sitt OU-fond og ein margin til enkeltsakar gjennom året. I budsjettforslaget er det etter dette lagt inn i alt 21,5 mill kroner i lønsreserve for 2018 og same sum er ført opp for kvart år deretter. Saman med formannskapet si reservepost, er samla reservepost dermed budsjettert til 22 mill kroner per år i perioden 2018-2021.

**Kommunestyret vedtok å redusere lønsreserven med 0,5 mill kroner. Dette betyr at samla reservepost er 21,5 mill kroner.**

## *Skatteinntekter og rammetilskott*

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringar utgjer kommunen sine frie inntekter. Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. I 2018 har vi som i tidlegare år, lagt til grunn skatt og rammetilskot ut frå KS sin prognosemodell. For anslaga 2019-2021 har vi tatt utgangspunkt i 2018. Skatten og rammetilskottet er på usikkert grunnlag auka med 1 prosent kvart år, som i førre økonomiplan.

Skatteinngangen per innbyggjar i Hå blei 87,6 prosent av landsgjennomsnittet i 2016. I 2017 var dette anslått til 89,2 prosent. Basert på skatteinngangen per september 2017 bør denne justerast ned til 84-85 prosent. Det betyr i så fall at inntektsutjamninga aukar, både fordi skatteinntektene er lågare enn budsjett, og fordi skatteinngangen i revidert nasjonalbudsjett.

Frå statsbudsjettet «grønt hefte» er frie inntekter til HÅ på 970 millionar kroner fordelt som følger – samanlikna med godkjent budsjett for 2017 i parantes:

- Rammetilskott 433,9 mill kroner (431,0 mill kroner)
- Anslag skatt 496,5 mill kroner (487,8 mill kroner)
- Inntektsutjamning 39,6 mill kroner ( 29,8 mill kroner)

Auka i forhold til 2017 er 21,4 mill kroner, eller 2,2 prosent nominelt. Dette er lågare enn deflatoren i statsbudsjettet som er 2,6 prosent og er med på å gjere dei økonomiske ramene for Hå strammare. Nye tenester eller auka behov må finansieras med omprioritering, innovasjon og effektivisering.

**Stortinget sitt vedtak gav til saman 0,6 mill kroner ekstra i rammetilskott til Hå. Desse inntektene er innarbeidd i budsjettet for 2018.**

## *Vertskommunetilskott*

Alle midlane som vertskommunane får tildelt på grunn av HVPU-reforma, er frå 2009 samla i eit eiga, øyremarka Vertskommunetilskott. I 2016 vart det 3 færre vertskommunebebuarar. Vi hadde fått informasjon om at Hå kommune frå 2017 skulle få mindre trekk ved fråfall av vertskommunebebuarar og la dette til grunn i budsjettet. Ved tildelinga våren 2017 ble det klart at vi likevel ikkje kvalifiserte til redusert trekk . Vertskommunetilskottet er difor redusert med 3 mill kroner meir i 2018 samanlikna med økonomiplanen 2017-2020. I 2019 er forventa reduksjon frå året før 5 mill kroner. Det er vidareført i 2020 og 2021.

## *Andre generelle statstilskott*

### **Investeringstilskott i skulen**

Denne ordninga opphøyrt i 2017.

## Lånekompensasjon handlingsplan eldreomsorg og opptrappingsplan for psykisk helse

Det er ei ordning der staten dekkjer renter og avdrag på lån som blei tatt opp i samband med bygging av bustader under Handlingsplan for eldreomsorga og Opptrappingsplan for psykisk helse. Kommunen har nytta si kvote fullt ut. Kompensasjonen blir rekna ut etter ein modell der staten tek utgangspunkt i at eit tenkt serielån over 30 år finansierer utgiftene.

Regjeringa har innført ei ordning med investeringstilskott til sjukeheimar og omsorgsbustader. Det er ei øvre grense for tilskott pr. plass. Vi fekk i 2016 tilsegn om 64 mill kroner i tilskott til påbygget på Hå sjukeheim og dessutan 20 % til forsterka bustader/sosial- og flyktningbustader.

## Rentekompensasjon opprusting skuleanlegg

Det er ei ordning for å stimulere kommunesektoren til å rehabilitere, ruste opp og legge til rette eksisterande skulebygg og å oppføre nye skulebygg der det er behov for det. Rentekompensasjonen bygger på lån med 5 avdragsfrie år og samla løpetid 20 år. Ordninga blei sett i verk i 2002. Kvar kommune fekk ei ramme for maks kompensasjon. Hå har nytta ordninga fullt ut.

## Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg

I 2009 blei det innført ei ny rentekompensasjonsordning for skule- og symjeanlegg. Rentekompensasjonen skal reknast ut med utgangspunkt i eit serielån med flytande rente, løpetid på 20 år og 5 år avdragsfritt. Hå kommune har nytta ordninga fullt ut.

Samla vil kompensasjonsordningane gi ei svakt fallande inntekt på 1,9 til 1,7 mill kroner per år i planperioden.

## Finanspostar

Renter på lån blir i hovudsak avgjort av 3 forhold:

- Nivået på styringsrenta til Norges Bank
- Risikopåslaget i pengemarknaden der bankane finansierer seg
- Bankane sine marginar overfor lånekundane

Norges Bank og Statistisk Sentralbyrå (SSB) har tidlegare i haust laga renteprogner. Kommunalbanken har òg gitt ut rentesyn mellom anna ut frå at det i rentemarknaden blir sett renter som viser forventningar til framtidig rentenivå. I Pengepolitisk Rapport (PPR) frå september er hovudscenario til Norges Bank at styringsrenta i 2018 vil liggja på 0,50 % før den aukar noko utover i perioden.

Rådmannen har lagt til grunn Kommunalbanken sin forward-kurve når det gjeld gjennomsnitt av 3 månaders NIBOR samt noverande marginpåslag for renteprogneren i dei ulike åra.

### Prognose lånerenter

Prosent	2018	2019	2020	2021
Kommunalbanken sin prognose/Hå budsjett	1,45	1,65	2,15	2,28

## Kommunens sine utlån av egne midlar (Lyse Energi)

Det er nytta 3,0 prosent rente ved utrekning av inntekta av kommunen sitt lån til Lyse Energi i 2017. Vilkåra er 3 månaders NIBOR + 2 prosent-poeng. I planperioden er det nytta aukande rente i tråd med omtale ovanfor. Mottekne avdrag frå Lyse (3,785 mill kroner per år) er ført til inntekt i investeringsbudsjettet. Nedbetalingstida for lånet til Lyse er 30 år.

Renteinntekt av driftsmidlar er sett til 3,64 mill kroner kvart år. Inntekta stig på grunn av renteutviklinga framover. Likviditetsmessig får kommunen ei årleg svekking på grunn av premieavviket.

Renter av fond - som blir lagt til fond - er summarisk sett til 3,0 mill kroner i kvart år. På grunn av at renteinntektene blir lagt til fond har dei ikkje resultatverknad.

## Avdrag

Desse er sett opp i samsvar med eksisterande lån, nye låneopptak som er godkjent tidligare og låneopptak i samsvar med forslag til investeringar i økonomiplanperioden.

## Utbytte

I samsvar med budsjett- og rekneskapsføresegnene, skal påreknelige utbytte budsjetterast i driftsbudsjettet. Det er rekna med 18,0 mill kroner frå Lyse Energi i 2017. I 2018-2021 føreligg det prognosar som tilseier noko høgare utbytte, frå 18,9 mill kroner til 22,7 mill kroner.

Det er rekna med 4 mill kroner i utbytte kvart år frå Jæren Everk. Utbyttet på fire mill kroner per år har vore uendra sidan 2013. På grunnlag av dei gode driftsresultata Jæren Everk har oppnådd dei seinare åra og utsiktene framover, anbefalar rådmannen at utbyttet blir auka til seks mill kroner. To mill kroner blir nytta til å styrke driftsbudsjettet og fire mill kroner blir sett av til ENØK-tiltak.

Det er rekna med 1,5 mill kr i bidrag kvart år frå Jæren Energi (vindkraftverket). Jæren Energi ønskjer ifølgje avtale at bruken av innbetalingane blir synlege og at dei brukast til tiltak som har positive miljøverknader. Midlane har gjort det mogleg å satse på ei utskifting av gatelysarmatur for å spare energi. Kommunen har laga eit arbeidsprogram for dette som Enova har gitt tilsegn om støtte til. Arbeidet er i gang. Desse midlane blir ført over til investeringsbudsjettet til eigenfinansiering av prosjekt der.

Av utbytte har ein budsjettert med 2,9 mill kroner til drift i 2018, 4,6 mill kroner i 2019, 5,3 mill kroner i 2020 og 5,96 mill kroner i 2021.

**I tillegg vedtok kommunestyret å legge inn eit årleg bidrag frå Vindparken på 3 mill kroner frå og med 2019.**

## Overføring til kapitalbudsjettet

Kvart år i planen er det planlagt overført 23,5-24,25 mill kroner til investeringsrekneskapan. 19,75 mill kroner går til investeringar kvart år, medan eigenkapitaltilskottet til KLP er berekna å auke frå 3,75 mill kroner til 4,50 mill kroner siste året. Dette tas frå utbytte.

## Disponering av driftsresultat 2016

Det rekneskapsmessige mindreforbruket (overskottet) for 2016 var på 44,555 mill kroner. Dette blei brukt til å betale ned på gjeld. Rådmannen rår til at overskott frå tidlegare år blir værande i investeringsfond.

## Disposisjonsfond drift

Dette er avsetning av fondsrenter til fond.

## Innsparingstiltak

Kommunestyret vedtok ved behandlinga av økonomiplanen 2013-2016 å dekkja mindreinntektene grunna at eigedomsskatt ikkje blir innført, med å auke dei føresette innsparingstiltaka og fordela denne innsparinga med 10 prosent på sentraladministrasjonen, 40 prosent på oppvekst og kultur, 40 prosent på helse og sosial og 10 prosent på teknisk og næring.

I økonomiplanen for 2018-2021 er åra 2019-2021 gjort opp med ein føresetnad om innsparingstiltak. Beløpa er 35,1 mill kroner i 2019, 41,3 mill kroner i 2020 og 55,8 mill kroner i 2021. Rådmannen rår til at fordelinga mellom tenesteområda blir gjort som tidlegare år.

**Kommunestyret godkjente budsjett og økonomiplan med ein innsparing på grunn av Framtidsløftet på 0,6 mill kroner i 2018 og ein million kroner kvart år i resten av planperioden. Dette er førebels tatt inn i «ymse» delen av budsjettet og blir fordelt når tiltaka er identifisert.**

## *Om investeringsbudsjettet*

### Etableringslån

I investeringsbudsjettet er det rekna med at kommunen kvart år tar opp – og deler ut – 10 mill kroner i Startlån. Kommunen får etter kvart ei større lånegjeld og auka risiko på dette området. Så langt er det lite tap registrert.

### MVA – kompensasjon

Kommunane får kompensasjon frå staten for betalt meirverdiavgift (mva) . I 2018 vil investeringane gi 29,3 mill kroner i mva-kompensasjon. For dei neste åra er kompensasjonen rekna til å bli 15,1 mill kroner i 2019 23,7 mill kroner i 2020 og 23,5 mill kroner i 2021.

### Salsinntekter og bruk av tidlegare avsette midlar (fond)

Det er budsjettert med salsinntekter på 31,5 mill kroner i 2018 og 37 mill kroner i 2019-2021. I 2018 har ein budsjettert med bruk av 26,5 mill kroner, i 2019 16,8 mill kroner og 2020-2021 37 mill kr.

# Vedlegg skatte/rammetilskudd.

KKr 587.000 er lagt til etter Stortinget sitt budsjettvedtak).

HÅ	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>HÅ</b>							
<i>(år 2018-prisnivå i perioden 2018-2021)</i>							
<b>1000 kr</b>							
Innbyggertilskudd (delt beløp pr innb)	411 382	422 719	437 581	445 480	446 349	446 871	447 515
Utgiftsutjevningen	-16 467	-20 676	-16 740	-13 974	-13 975	-13 975	-13 976
Overgangsordning - INGAR	-1 163	-1 068	-1 894	-1 342	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arborg)	1 874	3 089	3 743	3 716	3 716	3 716	3 324
Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester	-	-	-	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Storbytilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Distriktstilskudd Sør-Norge	-	-	-	-	-	-	-
Regionsentertilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	8 958	9 658	3 990	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. herav gradvis bortfall av diff.arbeidsiveravgift	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntekssystemet 2011	-	-	-	-	-	-	-
Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen	-247	2 241	-	-	-	-	-
Endringer saldert budsjett 2014/2015/2016	-	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon Samhandlingsreformen	645	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KMD inkl. ufrivillig alene kommuner og infrastruktur	-	-	-	-	-	-	-
<b>Budsjettavtale H, FrP, KrF, V - Stortinget</b>			-1 627				
<b>RNB 2017 - endringer i rammetilskudd</b>			1 247				
RNB 2012-2016, samt Dok8:135 S (2014-15)	3 680	-	-	-	-	-	-
<b>Sum rammetilskudd uten inntekstutj</b>	<b>408 663</b>	<b>415 963</b>	<b>426 301</b>	<b>433 880</b>	<b>436 090</b>	<b>436 612</b>	<b>436 864</b>
"Bykjetrekket"							
Netto inntekstutjevning	27 391	37 355	38 800	39 643	39 643	39 643	39 643
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>436 054</b>	<b>453 317</b>	<b>465 101</b>	<b>473 523</b>	<b>475 733</b>	<b>476 255</b>	<b>476 507</b>
Rammetilskudd - endring i %	9,4	4,0	2,6	1,8	0,5	0,1	0,1
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>436 779</b>	<b>467 975</b>	<b>484 609</b>	<b>496 487</b>	<b>496 487</b>	<b>496 487</b>	<b>496 487</b>
Skatteinntekter - endring i %	2,8	7,1	3,55	2,45	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>	<b>872 833</b>	<b>921 292</b>	<b>949 700</b>	<b>970 000</b>	<b>972 200</b>	<b>972 700</b>	<b>973 000</b>
Sum - endring i %	6,0	5,6	3,1	2,1	0,2	0,1	0,0
<b>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</b>	<b>500</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
(ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - fordelt i løpet av året)							
Sum skatt (inkl selskaps) og netto inntekstutjevning	464 170	505 330	523 409	536 130	536 130	536 130	536 130
Sum - endring i %	6,0	8,9	3,6	2,4	-	-	-
Rammetilsk kr pr innb. (inkl. inntekstutjevning)	23 770	24 309	24 779	25 220	25 337	25 365	25 379
Skatteinntekter kr pr innb.	23 809	25 095	25 818	26 443	26 443	26 443	26 443
Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen)	0,9966	0,9912	0,9959	0,9991	0,9991	0,9991	0,9991

# Obligatoriske oversikter

## Driftsbudsjettet

### Budsjettskjema 1A drift

Budsjettskjema 1A - drift	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	482 977 000	496 500 000
Ordinært rammetilskudd	456 210 000	474 087 000
Skatt på eiendom	-	-
Andre direkte eller indirekte skatter	-	-
Andre generelle statstilskudd	70 844 800	69 661 500
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>1 010 031 800</b>	<b>1 040 248 500</b>
Renteinntekter og utbytte	33 640 000	33 417 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	150 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	28 465 000	22 727 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-
Avdrag på lån	64 586 050	68 078 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-59 411 050</b>	<b>-57 238 000</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-
Til ubundne avsetninger	3 640 000	3 300 000
Til bundne avsetninger	-	-
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	3 750 000	3 510 000
Bruk av bundne avsetninger	6 194 000	7 627 000
<b>Netto avsetninger</b>	<b>6 304 000</b>	<b>7 837 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet	23 500 000	23 500 000
Til fordeling drift	933 424 750	967 347 500
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	933 424 750	967 347 500
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Investeringsbudsjettet

## Budsjettskjema 2A investering

Budsjettskjema 2A - investering	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringer i anleggsmidler	364 505 500	212 904 000
Utlån og forskutteringer	10 000 000	10 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	-	3 750 000
Avdrag på lån	6 520 000	6 095 400
Dekning av tidligere års udekket	-	-
Avsetninger	28 650 000	32 550 000
<b>Årets finansierungsbehov</b>	<b>409 675 500</b>	<b>265 299 400</b>
<b>Finansiert slik:</b>		
Bruk av lånemidler	265 429 400	141 496 800
Inntekter fra salg av anleggsmidler	20 000 000	31 500 000
Tilskudd til investeringer	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	52 141 100	29 322 200
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	19 955 000	11 930 400
Andre inntekter	-	-
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>357 525 500</b>	<b>214 249 400</b>
Overført fra driftsbudsjettet	23 500 000	23 500 000
Bruk av tidligere års udisponert	-	-
Bruk av avsetninger	28 650 000	27 550 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>409 675 500</b>	<b>265 299 400</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt - drift	Budsjett 2017	Budsjett 2018
<b>Driftsinntekter</b>		
Brukerbetalinger	75 739 900	76 849 700
Andre salgs- og leieinntekter	108 082 300	109 403 000
Overføringer med krav til motytelse	148 239 200	164 971 400
Rammetilskudd	456 210 000	474 087 000
Andre statlige overføringer	70 844 800	69 661 500
Andre overføringer	555 000	2 470 000
Skatt på inntekt og formue	482 977 000	496 500 000
Eiendomsskatt	-	-
Andre direkte og indirekte skatter	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 342 648 200</b>	<b>1 393 942 600</b>
<b>Driftsutgifter</b>		
Lønnsutgifter	744 484 200	787 395 100
Sosiale utgifter	203 779 200	211 688 900
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	169 309 150	173 922 800
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	78 328 900	81 619 000
Overføringer	100 685 800	105 941 300
Avskrivninger	53 350 100	75 494 300
Fordelte utgifter	-30 546 100	-39 525 500
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 319 391 250</b>	<b>1 396 535 900</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>23 256 950</b>	<b>-2 593 300</b>
<b>Finansinntekter</b>		
Renteinntekter og utbytte	33 640 000	33 417 000
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	150 000
Mottatte avdrag på utlån	-	-
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>33 640 000</b>	<b>33 567 000</b>
<b>Finansutgifter</b>		
Renteutgifter og låneomkostninger	28 465 000	22 727 000
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-
Avdrag på lån	64 586 050	68 078 000
Utlån	-	-
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>93 051 050</b>	<b>90 805 000</b>

## Økonomisk oversikt investering

Økonomisk oversikt - investering	Budsjett 2017	Budsjett 2018
<b>Inntekter</b>		
Salg av driftsmidler og fast eiendom	20 000 000	31 500 000
Andre salgsinntekter	-	-
Overføringer med krav til motytelse	9 650 000	2 050 000
Kompensasjon for merverdiavgift	52 141 100	29 322 200
Statlige overføringer	-	-
Andre overføringer	-	-
Renteinntekter og utbytte	-	-
<b>Sum inntekter</b>	<b>81 791 100</b>	<b>62 872 200</b>
<b>Utgifter</b>		
Lønnsutgifter	1 485 500	2 046 000
Sosiale utgifter	514 500	690 000
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	305 364 400	175 845 800
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	-	-
Overføringer	57 141 100	34 322 200
Renteutgifter og omkostninger	-	-
Fordelte utgifter	-	-
<b>Sum utgifter</b>	<b>364 505 500</b>	<b>212 904 000</b>
<b>Finansransaksjoner</b>		
Avdrag på lån	6 520 000	6 095 400
Utlån	10 000 000	10 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	-	3 750 000
Dekning av tidligere års udekket	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	28 650 000	32 550 000
Avsatt til bundne investeringsfond	-	-
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>45 170 000</b>	<b>52 395 400</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>327 884 400</b>	<b>202 427 200</b>
<b>Dekket slik:</b>		
Bruk av lån	265 429 400	141 496 800
Salg av aksjer og andeler	-	-
Mottatte avdrag på utlån	10 305 000	9 880 400
Overført fra driftsregnskapet	23 500 000	23 500 000
Bruk av tidligere års udisponert	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	28 650 000	27 550 000
Bruk av bundne investeringsfond	-	-
<b>Sum finansiering</b>	<b>327 884 400</b>	<b>202 427 200</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## Økonomisk oversikt løyving

Økonomisk oversikt løyving	Budsjett 2017	Budsjett 2018
<b>Anskaffing og bruk av midlar</b>		
<b>Anskaffing av midlar</b>		
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	1 342 648 200	1 393 942 600
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	81 791 100	62 872 200
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	309 374 400	184 944 200
<b>Sum Anskaffing av midlar</b>	<b>1 733 813 700</b>	<b>1 641 759 000</b>
<b>Bruk av midlar</b>		
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	1 247 341 150	1 299 941 600
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	364 505 500	212 904 000
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	109 571 050	110 650 400
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>1 721 417 700</b>	<b>1 623 496 000</b>
<b>Anskaffing - bruk av midlar</b>	<b>12 396 000</b>	<b>18 263 000</b>
Endring i ubrukte lånemidler	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-	-
Reserverte tilleggsløyvingar	-18 700 000	-21 100 000
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>-6 304 000</b>	<b>-2 837 000</b>
<b>Avsetningar og bruk av avsetningar</b>		
Avsetningar	32 290 000	35 850 000
Bruk av avsetningar	38 594 000	38 687 000
Til avsetning seinare år	-	-
<b>Netto avsetningar</b>	<b>-6 304 000</b>	<b>-2 837 000</b>
<b>Int. overførningar og fordelingar</b>		
Interne inntekter mv	107 396 200	138 519 800
Interne utgifter mv	107 396 200	138 519 800
<b>Netto interne overførningar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Oppgave over kommunale garantiar

OVERSIKT OVER UTVIKLING I GARANTIANSVAR (justert i samsvar med vedtaket til kommunestyret)												
Person, firma, organisasjon Kommune-/fylkeskassa	Driftsgarantiansvar pr. utgangen av år				Lånegarantiansvar pr. utgangen av år							
	Rekn. 16	BUD. 17	BUD. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21	Rekn. 16	BUD. 17	BUD. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21
IVAR							152 071	152 071	152 071	152 071	152 071	152 071
Dalabekk borettslag							316	265	214	163	112	61
Hå Foreldrelagsbarnehage							3 692	3 475	3 258	3 041	2 824	2 607
Tjemslandshagen Barnehage BA							3 729	3 506	3 283	3 060	2 837	2 614
Jæren Friluftsråd								3 300	3 135	2 970	2 805	2 640
Nye Loen							-	13 750	13 063	12 375	11 688	11 000
Varhaug idrettslag, spillemid.							9 702	9 702	9 702	9 702	9 702	9 702
Varhaug idrettslag							-	9 350	8 883	8 415	7 948	7 480
Varhaug idrettslag							-	14 850	14 108	13 365	12 623	11 880
Vigrestad IK, spillemid							16 600	15 770	14 940	14 110	13 280	12 450
Vigrestad IK							-	8 800	8 360	7 920	7 480	7 040
Vigrestad IK							-	19 250	18 288	17 325	16 363	15 400
Hå kyrkjelege fellesråd							2 123	2 000	1 877	1 754	1 631	1 508
Ogna idrettshall	330	330	330	330	330	330						
Trygheim barnehage	180	180	180	180	180	180						
Sum garantiansvar	510	510	510	510	510	510	188 233	256 089	251 182	246 271	241 364	236 453

OVERSIKT OVER TILSKOTT TIL/FRÅ (FYLKES)KOMMUNALE BEDRIFTER OG INTER(FYLKES)KOMMUNALE SAMMENSLUTNINGER/SELSKAPER SOM FØRER EGET REGENSKAP												
(Fylkes)kommunal bedrift/ Inter(fylkes)kommunal sammenslutning/selskap	Tilskott fra kommunekassen				Tilskott til kommunekassen							
	Rekn. 16	BUD. 17	BUD. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21	Rekn. 16	BUD. 17	BUD. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21
Kontrollutvalgsekretariatet	195	203	213	213	213	213						
Kommunerevisjonen	861	856	909	909	909	909						
Interkomm. arkiv	310	405	474	474	474	474						
Næringsmiddelctr.	541	615	615	615	615	615						
Jæren friluftsråd	244	250	270	270	270	270						
Jærmuseet + tillegg fra	280	290	940	940	940	940						
Hå Bygdemuseum	715	730	740	740	740	740						
Rogaland fylkeskommune							-	7 400	0	-	-	-
Sum tilskott til/fra	3 146	3 349	4 161	4 161	4 161	4 161	-	7 400	-	-	-	-
Med Jæren Everk er det slike relasjoner:												
Refusjon lønnskjøring							20	20	20	20	20	20
Utgifter gatelys	5 861	3 630	3 506	3 506	3 506	3 506						

# Hovudoversikt balanse

OVERSIKT - BALANSE	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
<b>EIGENDELAR</b>		
Anleggsmidler	3 768 582 310	3 381 946 155
Av dette:		
Faste eigendomar og anlegg	2 254 706 125	1 898 739 505
Utstyr, maskiner og transportmidlar	41 465 714	39 277 035
Utlån	83 270 000	87 055 000
Konserninterne langsiktige fordringar	63 523 148	69 235 980
Aksjer og andelar	67 437 513	73 039 000
Pensjonsmidlar	1 258 179 810	1 214 599 634
Omløpsmidlar	684 885 265	668 420 247
Av dette:		
Kortsiktige fordringar	60 018 445	61 028 615
Konserninterne kortsiktige fordringar	39 177 100	30 899 400
Premieavvik	57 672 180	52 194 338
Aksjer og andelar	-	0
Sertifikat	-	0
Obligasjonar	-	0
Derivat	-5 000	237 056
Kasse, postgiro, bankinnskudd	528 022 540	524 060 837
<b>SUM Eigendelar</b>	<b>4 453 467 574</b>	<b>4 050 366 401</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
Eigenkapital	1 552 219 187	1 436 474 187
Av dette:		
Disposisjonsfond	184 424 505	180 654 744
Bundne driftsfond	43 762 853	39 912 939
Ubundne investeringsfond	117 051 810	118 003 431
Bundne investeringsfond	8 613 484	12 120 005
Rekneskapsmessig mindreforbruk	44 554 543	34 542 515
Rekneskapsmessig meirforbruk	-	0
Udisponert i inv.rekneskap	-	0
Udekket i inv.rekneskap	-	0
Kapitalkonto	1 153 203 355	1 050 631 916
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	608 637	608 637
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (inves)	-	0
Langsiktig gjeld	2 686 233 741	2 409 549 881
Av dette:		
Pensjonsforpliktelsar	1 591 410 419	1 507 830 458
Ihendehaverobligasjonslån	-	0
Sertifikatlån	-	0
Andre lån	1 094 823 322	901 719 423
Konsernintern langsiktig gjeld	-	0
Kortsiktig gjeld	215 014 646	204 342 334
Av dette:		
Kassekredittlån	-	0
Annen kortsiktig gjeld	215 014 646	204 325 370
Derivat	-	16 964
Konsernintern kortsiktig gjeld	-	0
Premieavvik	-	0
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>4 453 467 574</b>	<b>4 050 366 401</b>
<b>MEMORIAKONTI</b>		
Memoriakonto	87 144 946	95 487 256
Av dette:		
Ubrakte lånemidler	70 854 785	78 235 640
Ubrakte konserninterne lånemidler	-	0
Andre memoriakonti	16 290 161	17 251 616
Motkonto til memoriakonti	-87 144 946	-95 487 256

